



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN
Att. Jon Askeland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat frå dialogmøte den 4. februar 2022 om verneplanarbeid i åra som kjem

Til stades:

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune
Rune Haugsdal, Vestland fylkeskommune
Synnøve Stalheim, Vestland fylkeskommune
Marianne Bugge, Vestland fylkeskommune
Gunnar Hæreid, Statsforvaltaren i Vestland
Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren i Vestland
Eline Orheim, Statsforvaltaren i Vestland
Stein Byrkjeland, Statsforvaltaren i Vestland
Tore Larsen, Statsforvaltaren i Vestland
Magnus Johan Steinsvåg, Statsforvaltaren i Vestland
Øistein Aasland, Statsforvaltaren i Vestland
Solveig Kalvø Roald, Statsforvaltaren i Vestland
Maria Knagenhjelm, Statsforvaltaren i Vestland (referent)

Stad:

Møtet var digitalt på Teams.

Når:

4. februar 2022 frå kl. 10.00 – 12.00

Referat:

1. Introduksjon av møtedeltakarane
2. Presentasjon av oppdraga som Statsforvaltaren har fått innan vern etter naturmangfaldlova for dei neste åra. Oppdraga omfattar mange kommunar, og bærebjelken vil her være lokal aksept og lokal medverknad, med gode prosesser undervegs med kommunar, grunneigarar og andre. Prosessane vil følgje [saksbehandlingsreglane for områdevern etter naturmangfoldloven T-2/15](#) og gjeld både drøfting av nye nasjonalparkar, oppstart av marint vern for Sognefjorden og bevaring av verdifull natur, omtalt som supplerande vern.
3. Drøfting.



Vedlagt ligg kopi av oppdragsbrev som Statsforvaltaren har fått frå Miljødirektoratet på både nasjonalpark, marint vern og supplerande vern.

Vi takkar for eit godt møte.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Oppdrag - bevaring av verdifull natur i medhold av naturmangfoldloven - kategori supplerende vern
- 2 Oppdrag om bevaring av verdifull natur i kategori nasjonalpark
- 3 Oppdrag om oppstart av arbeid med marint vern for kandidat område Sognefjorden



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat etter informasjonsmøte om verneplanprosessen for Sognefjorden

Møte vart halde den 30. mars 2022, kl. 11.00 – 14.00, på ViteMeir på Kaupanger.

Til stades på møtet:

Anne Kristine Dyrdal, Solund kommune (digitalt)
Martin Lundgård, Hyllestad kommune (digitalt)
Gaute Lundeland, Hyllestad kommune (digitalt)
Irene Søreide, Gulen kommune (digitalt)
Odd Harald Eide, Gulen kommune (digitalt)
Anja Marken, Aurland kommune (digitalt)
Randi Dale, Høyanger kommune
Ingrid Heggø, Høyanger kommune
Synne Vefring, Høyanger kommune
Inger Oddrun Sverkmo, Årdal kommune
Stig Stark-Johansen, Årdal kommune
Audun Mo, Lærdal kommune
Ivar Kvalen, Luster kommune
Aina Elise Stokkenes, Luster kommune
Arnstein Menes, Sogndal kommune
Markus Mohn Werner, Sogndal kommune
Roy Egil Stalheim, Vik kommune
Karen Weichert, Vik kommune
Erling Oppheim, Verdsarvparken

Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren i Vestland
Eline Orheim, Statsforvaltaren i Vestland
Stein Byrkjeland, Statsforvaltaren i Vestland
Maria Knagenhjelm, Statsforvaltaren i Vestland (referent)



Referat:

1. Framsyning av filmen om Sognefjorden
2. Lunsj
3. Introduksjon av møtedeltakarane
4. Orientering om oppdraget som Statsforvaltaren har fått om å setje i gang verneprosess for Sognefjorden. Introduksjon til naturmangfaldet i fjorden og det globale biletet. Det vil vere viktig med lokal medverknad, gode og opne prosessar undervegs både med kommunane, grunneigarar og andre. Prosessen vil følgje sakshandsamingsreglane for områdevern etter naturmangfaldlova. Sognefjorden er så stort at det automatisk utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU), og etter kvart vil Statsforvaltaren invitere til innspel på kva tema vi bør greie ut i prosessen. Oppdraget til Statsforvaltaren frå Miljødirektoratet er å sende ut oppstartsmelding, med utgreiingsprogram, i løpet av 2022.
5. Spørsmål og drøfting. Statsforvaltaren stiller gjerne på orientering hos den enkelte kommune i løpet av våren aller hausten. Sogndal kommune meldte at den ønsker ei orientering i eit kommunestyremøte i løpet av våren.

Presentasjonen ligg vedlagt referatet, og vil etter kvart også ligge på heimesidene våre i lag med anna informasjon om verneprosessen.

Vi takkar for eit godt møte.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Marint vern Sognefjorden - informasjonsmøte _ ViteMeir 30. mars 2022



Mottakerliste:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Nærøyfjorden verneområdestyre	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK	c/o Heradshuset Helabrotet 2A	5745	AURLAND
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stølsheimen verneområdestyre	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat etter informasjonsmøte om verneplanprosessen for Sognefjorden

Møte vart halde den 30. mars 2022, kl. 11.00 – 14.00, på ViteMeir på Kaupanger.

Til stades på møtet:

Anne Kristine Dyrdal, Solund kommune (digitalt)
Martin Lundgård, Hyllestad kommune (digitalt)
Gaute Lundeland, Hyllestad kommune (digitalt)
Irene Søreide, Gulen kommune (digitalt)
Odd Harald Eide, Gulen kommune (digitalt)
Anja Marken, Aurland kommune (digitalt)
Randi Dale, Høyanger kommune
Ingrid Heggø, Høyanger kommune
Synne Vefring, Høyanger kommune
Inger Oddrun Sverkmo, Årdal kommune
Stig Stark-Johansen, Årdal kommune
Audun Mo, Lærdal kommune
Ivar Kvalen, Luster kommune
Aina Elise Stokkenes, Luster kommune
Arnstein Menes, Sogndal kommune
Markus Mohn Werner, Sogndal kommune
Roy Egil Stalheim, Vik kommune
Karen Weichert, Vik kommune
Erling Oppheim, Verdsarvparken

Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren i Vestland
Eline Orheim, Statsforvaltaren i Vestland
Stein Byrkjeland, Statsforvaltaren i Vestland
Maria Knagenhjelm, Statsforvaltaren i Vestland (referent)



Referat:

1. Framsyning av filmen om Sognefjorden
2. Lunsj
3. Introduksjon av møtedeltakarane
4. Orientering om oppdraget som Statsforvaltaren har fått om å setje i gang verneprosess for Sognefjorden. Introduksjon til naturmangfaldet i fjorden og det globale biletet. Det vil vere viktig med lokal medverknad, gode og opne prosessar undervegs både med kommunane, grunneigarar og andre. Prosessen vil følgje sakshandsamingsreglane for områdevern etter naturmangfaldlova. Sognefjorden er så stort at det automatisk utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU), og etter kvart vil Statsforvaltaren invitere til innspel på kva tema vi bør greie ut i prosessen. Oppdraget til Statsforvaltaren frå Miljødirektoratet er å sende ut oppstartsmelding, med utgreiingsprogram, i løpet av 2022.
5. Spørsmål og drøfting. Statsforvaltaren stiller gjerne på orientering hos den enkelte kommune i løpet av våren aller hausten. Sogndal kommune meldte at den ønsker ei orientering i eit kommunestyremøte i løpet av våren.

Presentasjonen ligg vedlagt referatet, og vil etter kvart også ligge på heimesidene våre i lag med anna informasjon om verneprosessen.

Vi takkar for eit godt møte.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Marint vern Sognefjorden - informasjonsmøte _ ViteMeir 30. mars 2022



Mottakerliste:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Nærøyfjorden verneområdestyre	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK	c/o Heradshuset Helabrotet 2A	5745	AURLAND
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stølsheimen verneområdestyre	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER

Notat fra avklaringsmøte om innspill til ankringsområder i Vestland fylke

Teams, 22.6.2023

Deltakere:

Statsforvalteren i Vestland:

- **Maria Knagenhjelm:** Verneplaner, Sognefjorden Tilråding – Dalsfjorden (2017-), Stad (Tilråding 2022). Korsfjorden. Ytre Hardanger. Tilråding 2004 så fort som mulig.
- **Julie Marie Andersen** – vannforvaltning. Sårbar marin natur
- **Gunn Helen Henne:** Forurensningssaker (Marinbiolog)
- **Anne-Marie Colban:** Jurist i avdelingen knyttet til ulike fagområder

Kystverket:

- **John Morten Klingsheim,** avdeling for navigasjonsteknologi og losforvaltning. Særlig arbeid med navigasjonstjenester ut til sjøfarende.
- **Jeanette Assev-Lundin,** stab for navigasjonsteknologi og maritime tjenester. Særlig arbeid med reguleringer knyttet til områder med sjøtrafikksentraler men også kysten ellers.
- **Tommy Haugan,** avdeling for hav- og kystforvaltning. Teamleder for Kystverkets planmedvirkning – Arealplaner etter PBL mm
- **Turid Susort Jansen,** avdeling for hav- og kystforvaltning. Saksbehandler på planmedvirkning – Arealplaner etter PBL mm

Agenda: Gjennomgang av innspill fra Statsforvalteren i Vestland 24.5.2023 til innspillrunde «Ankringsområder for sjøtransporten».

- Kystverket og Statsforvalteren presenterte sine roller. Statsforvalteren skal koordinere utredning og høringsprosesser for nye verneområder. En sentral del av kunnskapsinnhentingene skjer gjennom høringen, og det er derfor viktig at de ulike fagetatene bidrar med innspill på alle relevante tema innenfor sitt myndighetsområde. Det er viktig at Kystverket opplyser saken og vurderer betydningen for ferdsel, ankring m.m. i sine høringsinnspill for marine verneområder. Dette gjelder f.eks. AIS-trafikk og relevant lokalkunnskap fra Losoldermannskapene.
- Statsforvalteren gikk gjennom aktivitet knyttet til verneplaner og aktuelle begrensninger som kan ligge i vernevedtak. Det ble delt mye kunnskap og kompetanse om naturverdier og klima-hensyn, og om behovet for sikre og gode ankringsområder for sjøtransporten. Det ble også vist til at fartøy i utgangspunktet er fri til å vurdere ankring hvor som helst på kysten, da basert på informasjon de har tilgang på i sjøkartene og nautiske publikasjoner (eksempelvis publikasjonen Den norske los). Unntaket er der sjøkartene angir «ankring forbudt» eller annen informasjon i sjøkartene tilsier at en ikke bør ankre.
- AIS: Det ble også vist til at AIS-data fra Kystverket kan benyttes for å få innsikt i faktisk ferdsel og hvor fartøy ankrer opp, også utenfor de viktige angitte områdene.

- Kystverket gir innspill til Kartverket om hvor det er behov for høyoppløselige kart, da særlig angitte ankringsområder. Statsforvalteren kan ved søknad til Forsvaret/-Kartverket også gis tilgang til disse dataene som sammen med strømdata og andre data gir en viss informasjon om sannsynlighet for naturverdier på havbunnen. Kystverket bistår gjerne med ytterligere informasjon om slike detaljerte bunnkart.

Nedenfor følger tilsvar og avklaringer knyttet til oppsummeringene fra statsforvalteren:

«1. Vi legg til grunn at alle offentlige avgjørelser som påvirker naturmangfold, inkludert oppankring, skal bygge på vitenskapelig kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknadar (naturmangfaldlova §8). Vi vil også minne om naturmangfaldlova § 9 føre-var-prinsippet.»

- Som utgangspunkt er det kaptein på fartøy som velger sin plass å ankre ut fra informasjon om vind, vær, dybder og bunnbeskaffenhet, og ankringssymboler i sjøkartene. Ankringssymbolene er i svært liten grad holdt ajour de siste tiår og Kystverket har i samarbeid med Kartverket nå etablert oppdatering av de som er knyttet til sjøtransport, da benyttet fartøy over 70 meters lengde som utgangspunkt. Utgangspunkt er at alle fartøy står fritt til å ankre der de ser det er mest hensiktsmessig og trygt når behovet, særlig nær opp til havner, men også knyttet til seilas i farleden.
- Kystverket skal benytte tilgjengelig informasjon når det vurderes endring av ankringssymboler i sjøkartene, også informasjon om naturmangfold, særlig opp mot sårbar natur. Marine verneområder og forbud mot ankring er her helt sentralt.
- Areal vi legger inn i Kystinfo er i hovedsak for å sikre at ankringsplasser som benyttes ikke skal bli ødelagt av andre tiltak, og innebærer kun i begrenset grad å skape endret praksis. Kystverket skal likevel ta høyde for at dette kan gi endret praksis i ankring, og derfor også se til hvilken effekt dette kan ha for kjent naturmangfold/sårbare arter.
- Statsforvalteren presiserer at når det settes «streker på kart» vil det oppfattes som mer styrende enn symboler uten arealavgrensning. Det er derfor viktig å ha et bevisst forhold til hva som ligger innenfor og utenfor disse «ankringsgrensene». I marine verneforskrifter vil man kunne vise til lovlig ankring for større fartøyer (= større enn «småbåter» opp til 15 meter, jf. småbåtloven §1) innenfor de angitte ankringsområdene, og disse bør derfor være basert på kunnskap om naturmangfoldet.
- Naturverdier og verneregler bør vise i sjøkartene. Statsforvalteren tar initiativ til å avklare dette med Miljødirektoratet, og etablere nasjonale rutiner for hvordan dette gjøres.

«2. Vi tilrår å ta ut dei to føreslegne ankringsområda Søre Hillegrunnen og Hilleøyene øst i Hardangerfjorden. Det er kjente marine verdiar på botn, og oppankring her vil kunne truge disse naturverdiane. I tillegg ligg disse delvis inne i eit kandidat område for marint vern, der tilrådd verneforskrift seier at oppankring i er forbode.»

- Statsforvalteren på Vestland viste til at de hadde en del informasjon som tilsa høy naturverdi i det angitte område og ble bedt om å sende over rapport om kjente naturverdier på de to områdene til Kystverket.
- Kystverket vil justere arealgrensene til å samsvare med grenser som er satt for riggvirksomhet på dette området. Statsforvalteren skal gi tilbakemelding mht å vurdere behov for endringer/fjerning av ankringsymbolene i sjøkart for disse områdene.
- Dersom det er klare naturkonflikter opp mot de to stedene knyttet til ankring av fartøy vil Kystverket ta dette med i revurdering ved revisjoner som gjøres årlig eller ved særlige behov. Ankringsområdene og visning i sjøkartene skal fremover være et «levende» datasett hvor endringer vil gjøres etter en avklart prosess i Kystverket. Det vil også gjelde arealene som presenteres i Kystinfo – som er en dokumentasjon på en faktisk arealinteresse for sjøtransporten, og ikke en interesseavklaring.

3. Vi er innstilt på å setje av eit areal i Fossevika i Fjaler kommune til oppankring i Dalsfjorden kandidat område for marint vern når vi får inn eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere om det er eller ikkje er sårbart biologisk mangfald der. Kor og eventuelt kor stort eit eventuelt oppankringsområde eventuelt blir, eller om den beste driftsmetoden kan bli ei større bøye får vi vurdere etter ei kunnskapsinnhenting.

- Kystverket viste til at ankringsbøye ville være et relativt omfattende tiltak om dette skulle gi sikkerhet til fartøy av en viss størrelse.
- Med økende marin turistaktivitet og cruiseturisme er det viktig å ha mulighet for å ankre opp ved turistattraksjonen Laukelandsfossen. Derfor er det sikret to lokasjoner.
- Blir det påvist naturressurser som kan ha negativ effekt av slik ankring vil Kystverket følge dette opp med å gjøre endringer/slette områder både i sjøkartene og i areal som inngår i Kystinfo.
- **Det er begrenset kunnskap om naturkonflikt per i dag. Kystverket vil spille inn ønske om å beholde en eller begge av disse i tilbakemelding i løpet av denne uken til Statsforvalteren. Dette for å sikre at det gis unntak i forslag til marin verneplan for Dalsfjorden**

4. Vi ønskjer i utgangspunktet ikkje å setje av Røvika til oppankringsområde i Dalsfjorden, men kan leggje inn ein generell dispensasjonsheimel for oppankring av større skip i Dalsfjorden etter søknad. Det må likevel vere eit kunnskapsgrunnlag i botn for å kunne gje løyve, slik at slik aktivitet ikkje trugar verneføremålet.

- Det er ikke hensiktsmessig med å legge opp til søknadsprosess for ankring, da dette vil være den enkelte kaptein som til enhver tid har ansvar for skip som må gjøre valget om å ankre eller ikke. Et regime for søknadsprosess vil kreve 24/7 tilgang hele året på avklaring på dispensasjonssøknader.
- Kystverket vil komme med vurdering denne uken til statsforvalteren om Røvika ønskes inkludert tilsvarende som Fossevika ovenfor (unntak i verneplan for ankringsforbud)

5. Det må føreligge eit kunnskapsgrunnlag før ein kan opne for (fleire) ankringsområde i Sognefjorden kandidat område for marint vern. Vi førebur kartlegging av 13 ankringsområde i Sognefjorden i år, kartlegginga blir gjennomført av Havforskningsinstituttet. Vi ønskjer dialog om ytterlegare kartlegging i området.

- Utgangspunktet er at dagens aktivitet med ankring av fartøy i Sognefjorden kan fortsette som før inntil vernebestemmelser er avklart. Nyskapt aktivitet med ankring vil kunne være i konflikt med at det er startet opp en verneplanprosess. Kystverkets kvalitetsikring av ankringsområder er en dokumentasjon av faktisk behov knyttet til dagens trafikk og dagens bruk av ankringsområder.
- **Kystverket skal allerede denne uken komme med tilbakemelding på om det er mulig på bistå økonomisk i kartlegging som statsforvalteren skal gjennomføre sommeren 2023.**
- Mer informasjon om utredningsprogrammet for Sognefjorden ligger på Statsforvalterens nettside:
<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-vestland/miljo-og-klima/verneomrade/marint-vern/utkast-til-utgreiingsprogram---marint-vern-sognefjorden-.pdf>
(Kystverket er foreslått som medlem i referansegruppen for akvakultur og sjøfart)
- Det ble avtalt at Sognefjorden gjennomgås mer detaljert. mht de enkelte ankringsområdene i et eget møte, der man også inkluderer lokalkunnskapen fra losoldermannskapet.

Møtet bidro til forventningsavklaring for en videre kunnskapsutveksling og utvikling av ny kunnskap i samband med prosesser som angår ferdsel og marint vern.

22.6.2023

Kystverket v/John Morten Klingsheim og Statsforvalteren i Vestland v/ Maria Knagenhjelm



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat frå møte om marint vern Sognefjorden med kommunane Gulen, Hyllestad og Høyanger

Dato: 21.11.2024

Tid: kl. 12-13.15

Stad: Teams

Til stades:

Kjell Eide, Hyllestad kommune

May-Lynn Osland, Gulen kommune

Nils Inge Ynnesdal, Gulen kommune

Petter Sortland, Høyanger kommune

Geir Helge Østerbø, Høyanger kommune

Statsforvaltaren i Vestland: Kjell Kvingedal, Eline Orheim, Maria Knagenhjelm (referent)

Bakgrunnen for møtet var eit initiativ om dialog om det marine vernet, og grensene for eit potensielt verneområde, frå Petter Sortland på vegner av kommunane Høyanger, Gulen og Hyllestad.

Referat:

1. Status for verneprosessen no i november og vidare prosess, v/ Maria.

Presentasjon av regjeringsoppdraget som Statsforvaltaren har fått om vern av Sognefjorden og det unike i området. Litt om naturavtala og stortingsmeldingar som ramme. Introduksjon av heimesidene våre med oversikt over oppdraget, oppstartsmeldinga med ramma for verneprosessen, kunnskapsinnhentinga og stega vidare i prosessen. [Sognefjorden kandidat område for marint vern | Statsforvaltaren i Vestland](#) Bruk boksane til høgre for å sjå dei ulike etappane i prosessen.

Vi synta fram kva tema som er under utgreiing i konsekvensutgreiinga, og at KU'en er ferdig til 1. februar 2025. Statsforvaltaren er på tilbodssida for å kome og orientere i kommunane, og har så langt vore i Aurland, Årdal, Sogndal og Høyanger. Det vil vere viktig med lokal medverknad, gode og opne prosessar undervegs både med kommunane, grunneigarar og andre. Vernegrensa er ikkje sett,



og det er heller ikkje utarbeidd eit utkast til verneforskrift. Opning for nye møte og nye orienteringar når KU er ferdig. Det vil skje mykje i verneprosessen i 2025. Kva mogelegheiter vert opna i prosessen og vil kommunane ønskje lokal forvaltning?

2. Innspel og synspunkt frå kommunane

Gulen v/ May-Lynn Osland: Gulen kommune er med i ein interkommunal plan for sjøareala, der akvakulturnæringa sine behov for no er ivaretatt. Å sikre akvanæringa vidare vekstmoglegheiter er viktig for kommunen. Det er lett å vere skeptisk til marint vern frå første stund, men er positivt overraska etter introduksjonen om marint vern. Det er viktig å få svar på kva eit marint vern vil bety for kommunen, heilt konkret i form av reglar for tiltak og aktivitet, og kva mogelegheiter det også kan gje. Gulen kommunestyre skal ha møte den 13. februar 2025, og vil gjerne ha orientering om marint vern då. Kan det bli laga ei liste om kva som blir regulert av vern og ikkje? Då er det lettare å ta stilling til marint vern. Også spørsmål om eit eventuelt marint verneområde kan ha «hol» eller ikkje hengje saman.

Hyllestad v/Kjell Eide: Kommunen grensar i stor grad til Sognefjorden, er veldig knytt til fjorden, og er litt uroa for kva vernet kan bety. Har ikkje høyrte så mykje om det marine vernet frå før, men glad for påfyll i dette møtet. Ser i det store biletet at det blir veldig mange soner som avgrensar mogelegheitene for å kunne drive utvikling. Har stort verft med sikkert mykje forureining. Er klar over alt det dumpa krigsmateriellet, det er enorme mengder. Kommunen er avhengig av oppdrett: 3 lokalitetar, som må takast omsyn til. Bøfjorden: torskeyngel og utslepp frå verft. Fjorden kan bli endå meir viktig for turisme og fiske. Vil gjerne invitere Statsforvaltaren til kommunestyremøte etter jul, og kjem tilbake til dag og tid når det er fastsett.

Høyanger v/Petter Sortland og Geir Helge Østerbø. Takk for at de vil få til møte som dette. For Høyanger er akvanæringa viktig, det same er Hydro sin aktivitet. Kommunen møter nok av utfordringer allereie frå Statsforvaltaren i arealplan. Vil det bli vanskeligere å få til næring og utbygging med marint verneområde? Når akvanæringa skal bli grønare, til dømes med lukka merder osv, vil det vere mogeleg å få til dette i eit marint verneområde? Fjorden har fungert som næringsarena/transportåre og har vore berekraftig forvalta av kommunane til no, redd for at bygdene blir avfolka dersom det er for mykje vern. Ønsker at vernegrensa skal gå der grensa for nasjonal laksefjord går i dag.

3. Vidare arbeid i 2025

KU blir levert til Statsforvaltaren innan 1. februar 2025, og SF vil arbeide fram eit verneframlegg (forslag til vernekart og vernereglar) i løpet av 2025. Ein vesentleg del av arbeidet blir å møte kommunane. Det er neppe interessant å verne tett opp til industristader, kaier, infrastruktur og næring, og vi vil følge opp med fleire møte når vi får meir kunnskap om konsekvensane som eit marint vern vil kunne få på dei fastsette utgreiingstema. Året 2025 blir viktig og dialogen må fortsetje i dette og fleire forum. Det er viktig å sjå mogelegheitene i å kunne utløyse midlar frå nye budsjettpostar til til dømes opprydding av ureina botnsediment og skrot, lokalt tilsett statleg arbeidskraft, lokal forvaltning, nye kartleggingar, og så bortetter.

Presentasjonen ligg vedlagt, i tillegg til notatet om dumpingområde for krigsmateriell.



Vi takkar for eit godt møte.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Presentasjon, møte med Gulen_Høyanger_Hyllestad 21112024
- 2 Notat om dumpingområde fo krigsmateriell_ Sognefjorden

Kopi til:

may-lynn.osland@gulen.kommune.no
Geir Helge Østrebø
Kjell Eide
nils.inge.ynnesdal@gulen.kommune.no
Petter Sortland
Christian Hatlem Skår

Mottakerliste:

Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER



SOGNDAL DYKKARKLUBB
Postboks 307
6852 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat og oppfølging etter møte om Sognefjorden - Sogndal dykkarklubb og Statsforvaltaren - 8. mai 2025

Målet med møtet mellom styret i Sogndal dykkarklubb og Statsforvaltaren var å utveksle kunnskap og erfaringar i lys av verneprosessen for Sognefjorden. Det var nyttig for Statsforvaltaren å få innblikk i den erfaringsbaserte kunnskapen hos dykkarane som eit supplement i vernearbeidet.

Dykkarklubben har og har hatt mange ryddeaksjonar i Sognefjorden. Spesielt utanfor kaianlegga i Solvorn, ved Dampskipskaien i Sogndal og utanfor ferjekaien i Amlabukti. Det vart vist video av sjøbotnen utanfor ferjekaien i Amlabukti, og det er store mengdar bildekk i tillegg til anna skrot som ligg der. Også i Balestrand er det store mengdar dekk på sjøbotnen utanfor kaien. Dekka byrjar å bli porøse, og har difor lettare for å sleppe frå seg mikroplast. I Solvorn har dykkarklubben funne dumpingplassar ved to ulike lokalitetar. Også ved Rubbeskallen og innafor Skjer er det tydeleg at det har vore systematisk dumping av bos, mellom anna er det støypt eit fundament ved Rubbeskallen slik at ein lettare kan rygge ut med køyretøy for å sleppe ut skrot i fjorden. Utanfor Fatla er det dumpa masse i fjorden frå tunnelbygginga, og grunna store mengde finkorna støv er det framleis daudt på sjøbotn der støvet ikkje har blitt ført vekk av straumane. Innafor Skjer, i fjorden nedanfor ein skarp sving, har dykkarane mellom anna observert ein gamal buss. Det var slutt på dumping i slik skala på 1970-talet. Det bør bli arrangert ryddeaksjon utanfor Skjer.

Når det gjeld artsmangfald, har dykkarane mellom anna observert sjøfjør på Nes-sida av Gaupnegrandane, og på sjøbotnen ved Hagalandet. Det er veldig steinrikt ved Ylvisåker, og fisk nyttar dei store steinane til å gøyme seg. Der er det også masse korallnellik og andre artar. Utanfor Sjøkanten i Sogndal er det masse liv i fyllinga, det er «millionar» av yngel/veldig små fisk, men det er uklart kva art det kan vere. Det hadde vore interessant å finne ut om det dreier seg om tangkutling eller yngel av andre fiskeslag. Med bilete av småfisken kan det vere mogleg å artsbestemme dei.

Dykkarane fortel at det er mest liv på sjøbotnen i Barsnesfjorden, der er det vanleg å både sjå hummar og steinbit. Elles når dei er ute på dykking er det mest lyr som blir observert, samt noko lange. Det er likevel mindre liv på sjøbotnen inne i Sognefjorden enn det er lenger ut mot kysten. I



Stongfjorden er det heilt daudt på botnen, sett bort i frå pigghå og skate. Der er det mykje fiskeoppdrett.

Dykkarklubben har observert pukkellaks i Sogndalselva. Elles er det registrert sjøaure ved Hagelin, Eidet, Fimreitegrunnane og Menesholmane. Det er også observert svarthå i stim. Dykkarane meiner det er mest pigghå i indre strøk. Det er jo også sannsynleg med fisk i fjorden når det er ein del sel og spekkhogger. Elles har dei observasjonar av sjømus.

Ein av dykkarane deltok i innsamling av o-skjell i Årdalsfjorden og Høyangerfjorden, men det vart sist gjennomført innsamling for ti år sidan. O-skjell er gode indikatorar for miljøgifter. Det vart samla både i 2010 og 2015.

Statsforvaltaren oppmodar Sogndal dykkarklubb om å registrere artar dei ser i fjorden på www.dugnadforhavet.no. Der kan ein lett laste inn ein observasjon med bilete, så kan forskarane på Havforskningsinstituttet bidra med å bestemme kva art det kan vere. Slik kan ein stadig samle meir kunnskap om kva som lever kor og til kva tid i fjorden og i havet. Ein kan også leggje inn observasjonar av framande artar (som til dømes hamnespy) eller skrot av ulikt slag. Statsforvaltaren er spesielt interessert i areal som har sjøfjør, desse kan ofte danne relativt tette bestandar som då klassifiserast som sjøfjørbotn. Noko av det spesielle med Sognefjorden er at ein her i ganske grunne område kan finne artar som vanlegvis lever på mye større djup ute på kysten eller i havet.

Av interessante observasjonar utanfor Sognefjorden blei det nemnt at dykkarklubben fann hamnespy ved Klovningen utanfor Måløy under ein vartur for to år sidan. Dato var 30.04.2023.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat frå møte mellom statsforvaltar og ordførarane rundt Sognefjorden om marint vern

Til stades: Ordførarar

May-Lynn Osland, ordførar i Gulen kommune

Roy Egil Stadheim, ordførar i Vik kommune

Christian Sønstelién, ordførar i Årdal kommune

Petter Sortland, ordførar i Høyanger kommune

Kjell Eide, ordførar i Hyllestad kommune

Stig Ove Ølmheim, ordførar i Sogndal kommune

Geir Helge Østerbø, varaordførar i Høyanger kommune

Kjell Bøe Bjørgum, ordførar i Aurland kommune

Audun Mo, ordførar i Lærdal kommune

Disse kunne ikkje delta: Ordførar Andreas W. Wiese frå Luster og ordførar Gunn Åmdal

Mongstad frå Solund.

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Liv Signe Navarsete, statsforvaltar

Gunnar Hæreid, assisterande statsforvaltar

Aslaug Aalen, miljødirektør

Maria Knagenhjelm, seniorrådgjevar på miljøavdelinga

Halvor Røssum, rådgjevar på miljøavdelinga (referent)

Tid og stad: Møterom Sognefjorden, Statens Hus, Leikanger. Klokka 11.15.

Faktaark for ulike tema frå konsekvensutgreiinga vart delt ut, det kjem også tre faktaark til når disse er ferdige i august. Sidan vedlegga er for store for å bli sendt ut elektronisk har vi lagt dei tilgjengeleg i høgreboksen [her på sida vår](#) der også konsekvensutgreiinga for marint vern Sognefjorden er tilgjengeleg.



Møtereferat:

Møtet kom i stand etter initiativ frå ordførar i Høyanger Petter Sortland på vegner av ordførarane også i Hyllestad og Gulen.

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete ønskte velkommen til møtet.

Ordførarane uttrykte bakgrunnen for at dei ønskte dette møtet, og si uro til det marine vernet. Uroa er basert på erfaring frå tidlegare verneprosessar, frykt for strenge restriksjonar på næringsliv og at eit verneområde vil kunne fungere som ein brems for framtidig utvikling langs fjorden. Ordførarane understreka at Sognefjorden er svært viktig for kommunane langs fjorden, både for hausting og næringsverksemd, inkludert industri, reiseliv, kraft og akvakultur. Det vart uttrykt uro for at det marine vernet vil gi restriksjonar som kan hindre framtidig vekst og utvikling for regionen. Ordførarane understrekte også at dei ønskjer ein ærleg dialog med Statsforvaltaren om dei reelle konsekvensane av vernet. Det vart stilt spørsmål ved meininga med vernet dersom det opnar for mange dispensasjonar, og fleire meinte at fjorden allereie er godt ivareteke av eksisterande lowverk. Det var også ei uro for at komande generasjonar ville føle seg hindra i utvikling.

Statsforvaltaren forsikra om at målet ikkje er å leggje lokk på eksisterande aktivitet eller leggje restriksjonar på livet langs fjorden. For å oppnå eit vern som gir reell effekt, men samstundes tek omsyn til alle interessene som er rundt fjorden, er ein ærleg og faktabasert dialog viktig.

Statsforvaltaren la vekt på at det i neste fase av prosessen vil kome forslag til vernegrenser og vernereglar, og at det vil vere fornuftig å drøfte desse med kvar enkelt kommune før forslaget blir sendt ut på høyring. Det vart nemnt at det vil vere best for den vidare forvaltninga av eit marint verneområde å etablere eit lokalt verneområdestyre. Dette vil sikre lokal forvaltning av fjorden, og det kan også følgje med arbeidsplassar.

Ordførarane anbefalte å halde møte med både referansegrupper og næringa før høyringa. Både ordførarane og Statsforvaltaren uttrykte at møtet var godt og at ein ønskjer å halde fram med ein tett og ærleg dialog for å best mogeleg kunne finne riktig balanse mellom vern og utvikling. Det kan vere aktuelt å møtast når Statsforvaltaren har framlegg til vernegrenser og vernereglar, før det blir lagt ut på høyring.

Bilete frå møtet ligg vedlagt på side tre i dette dokumentet.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Akvakultur faktaark Sognefjorden 2025
- 2 Fiskeri faktaark Sognefjorden 2025
- 3 Marin Samferdsel og Industri faktaark Sognefjorden 2025
- 4 Masser i Sjø faktaark Sognefjorden 2025
- 5 Tettsteder og Industri faktaark Sognefjorden 2025
- 6 Vannkraft og Energi faktaark Sognefjorden 2025



Kopi til:

Liv Signe Navarsete, Aslaug Aalen, Gunnar Ove Hæreid, Eline Orheim

Mottakarliste:

Kommunane langs Sognefjorden



Fra: Knagenhjelm, Maria[]

Sendt: 03.07.2025 13:48:00

Til: osland@osland.no;Marianne Notøy

Bøe;Asgeir.hasund@mowi.com;ola.helge.hjetland@mowi.com;Kvalvik, Arne;sts@aller-aqua.no;haakon@tombre.no;lina@firdasea.no;nicolai@firdasea.no;michael.niesar@sulefisk.no;sissel.krakas@sulefisk.no;endre@hauglandgruppen.no;alf@hauglandgruppen.no;vidar.hjartnes@efb.no;sveg@engesund.no;lars-heine@engesund.no;gnp@losnasefood.no;ingar.valvik@vikingaqua.no;Jan@tubilah.no;valaker@acda.no[osland@osland.no;marianne@osland.no;Asgeir.hasund@mowi.com;ola.helge.hjetland@mowi.com;arne.kvalvik@mowi.com;sts@aller-aqua.no;haakon@tombre.no;lina@firdasea.no;nicolai@firdasea.no;michael.niesar@sulefisk.no;sissel.krakas@sulefisk.no;endre@hauglandgruppen.no;alf@hauglandgruppen.no;vidar.hjartnes@efb.no;sveg@engesund.no;lars-heine@engesund.no;gnp@losnasefood.no;ingar.valvik@vikingaqua.no;Jan@tubilah.no;valaker@acda.no]

Kopi: Henne, Gunn Helen[gunn.helen.henne@statsforvalteren.no];Aalen,

Aslaug[aslaug.aalen@statsforvalteren.no];Orheim,

Eline[eline.orheim@statsforvalteren.no];Øyvind Kråkås[oyvind.krakas@firdasea.no];

Tittel: Invitasjon til temamøte for akvakulturnæringa om marint vern Sognefjorden

Hei,

Vi hos Statsforvaltaren har som kjent fått i oppdrag å jobbe fram eit marint verneområde i Sognefjorden, og i samband med dette arbeidet vil vi invitere akvakulturnæringa til eit temamøte. Vi er invitert til Skjerjehamn-konferansen den 2. september, og reknar med at mange av dykk i næringa også skal dit. Såleis ville vi invitere til temamøtet kvelden før konferansen i Skjerjehamn.

Tema for møtet blir å formidle litt om kva marint vern vil kunne innebære, få innspel frå dykk i næringa og utveksle kunnskap. Vi har ikkje lagt verken verneforskrift eller vernereglar ut på høyring, det siktar vi å gjere i løpet av hausten. No er vi framleis i utgreiings- og kunnskapsinnhentingfasen av prosessen.

Tid: 1. september kl. 17:00

Stad: Skjerjehamn

Det blir servering av kaffi/te og enkel møtemat/frukt.

Meld deg på til kveldsmøte til underteikna, med [Øyvind Kråkås](#) på kopi, innan 25. august slik at vi kan ordne eit passeleg stort møterom. Flott om påmeldinga er samordna frå kvar enkelt aktør. Sei i frå også om du planlegg middag i etterkant av møtet, då Øyvind Kråkås har kontakt med konferansestaden/restauranten.

Nettsidene våre for marint vern er tilgjengelige her: [Marint vern | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Om du vil ha direkte lenkje til nettsaka om konsekvensutgreiinga for Sognefjorden ligg den her: [Konsekvensutgreiinga for marint vern Sognefjorden er på plass | Statsforvaltaren i Vestland](#) Vi vil spesielt tilrå å sjå på faktaarka som ligg i høgrefana. Konsekvensutgreiinga er oppdatert i ei ny, revidert utgåve. Det er ikkje store endringar, men KU'en har

gjennomgått ein betre språkvask og enkelte element som var falt ut av første utgåve er inkludert.

Dersom de ser at viktige aktørar i akvakulturnæringa ikkje står i adresselista på denne e-posten ber vi om innspel. Nokre av dykk har kanskje mesteparten av aktiviteten dykkar utanfor verneområdet og ikkje ser det som relevant å kome på eit slikt møte, men vi ville invitere litt breitt i første omgang.

Vi ønskjer dykk elles ein god sommar!

Med venleg helsing

Maria Knagenhjelm

seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 37

Mobil: 93 66 42 56

E-post: maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Knagenhjelm, Maria[]
Sendt: 12.09.2025 14:02:53
Til: Knagenhjelm, Maria;Orheim,
Eline;gry@verdsarvparken.no;Torbjorn.Dale@enivest.net;Marianne.Nilsen@hvl.no;ellen@sognefjord.no;eirin@fiskarlaget.no;Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no;mette.skern-mauritzen@hi.no;sognogfjordane@fnf-nett.no;asmund.nordgulen@fnf-nett.no;marta.rognved@vlfk.no;Bror
Tandberg;post@lakseelver.no;fredrik.myhre@wwf.no;andreas@barstein.as;h.borresen11@gmail.com[maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no;eline.orheim@statsforvalteren.no;gry@verdsarvparken.no;Torbjorn.Dale@enivest.net;Marianne.Nilsen@hvl.no;ellen@sognefjord.no;eirin@fiskarlaget.no;Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no;mette.skern-mauritzen@hi.no;sognogfjordane@fnf-nett.no;asmund.nordgulen@fnf-nett.no;marta.rognved@vlfk.no;brorkr.tandberg@gmail.com;post@lakseelver.no;fredrik.myhre@wwf.no;andreas@barstein.as;h.borresen11@gmail.com]
Kopi: Aalen, Aslaug[aslaug.aalen@statsforvalteren.no];Allette
Alværvik[allette.alvarvik@naturvernforbundet.no];Heidi Hauge[heidi@sognefjord.no];Arlen Synnøve Bidne[Arlen.Synnove.Bidne@vlfk.no];Eva Moberg[Eva.Moberg@vlfk.no];Fredrik Myhre[fmyhre@wwf.no];Rannveig
Berge[Rannveig.Berge@vlfk.no];else.ragni@verdsarvfjord.no[else.ragni@verdsarvfjord.no];Larsen, Tore[tore.larsen@statsforvalteren.no];
Tittel: Marint vern Sognefjorden, møte i referansegruppe for kultur, naturmangfold og reiseliv

Hei!

I den [marine verneprosessen for Sognefjorden](#) er medverknad og kunnskapsdeling viktige rammer for eit vellukka arbeid. Vi inviterer med dette dykk frå Vestland fylkeskommune v/kulturarv, Forum for natur og friluftsliv, Sognefjorden Vel, Naturvernforbundet, Høgskulen på Vestlandet, Havforskningsinstituttet, Natur og ungdom, WWF, Norske lakseelver, Verdsarvparken og ein representant for reisemålselskapa til det første møtet i referansegruppa for kultur, naturmangfold og reiseliv no i verneprosessen.

Vedlagt ligg invitasjonen vi sendte ut den 11.06.2024, og vi fekk då inn fleire namn inn som representant for den enkelte aktør. Nokre namn har vi lagt til i seinare tid. Vi utsette møtet til hausten 2025 for å få arbeidd fram konsekvensutgreiinga først. Vi er slik framleis i kunnskapsinnhentingsfasen, og møtet med dykk i referansegruppa er viktig for oss i så måte. I møtet vil vi fortelje litt om kor vi er no og om arbeidet framover.

Konsekvensutgreiinga (KU) er no ferdig levert, [sjå lenke her til nettsaka, der ligg KU og forenkla faktaark for dei ulike tema](#). Målet vårt i møtet er å drøfte denne rapporten og elles om det er andre tema de ønskjer belyst. Vi reknar med at møtet tek om lag ein time.

1. Velkomen v/ seksjonsleiar naturmangfold, Eline Orheim
2. Marint vern Sognefjorden, kunnskap, KU og framdrift v/ Maria Knagenhjelm
3. Drøfting av konsekvensutgreiinga – runde rundt bordet
4. Anna

Dersom tida blir for knapp kan vi følgje opp med nye møte.

Hugs kaffikoppen! Velkomen til møte!

Microsoft Teams [Trenger du hjelp?](#)

[Bli med i møtet nå](#)

Møte-ID: 310 055 779 071 0

Passord: Zs2E59w8

For arrangører: [Møtealternativer](#)



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat frå møte i referansegruppa for kultur, naturmangfald og reiseliv - verneprosessen for Sognefjorden marine verneområde

Dato: 18. september 2025, kl. 09.00 – 10.20

Deltakarar: Marianne Nilsen (HVL, Sognefjorden Vel), Henrik Børresen (Natur og Ungdom), Arlen Bidne (Vestland fylkeskommune), Andreas Gåsvær (Sør-Norges Fiskarlag), Else Ragni Ytterdal (verdsarven) og Gry Mørk (Verdsarvparken), Ellen Fivelstad (Visit Sognefjord, på vegner av destinasjonsselskapa). Frå Statsforvaltaren møtte Eline Orheim, seksjonsleiar for naturmangfald og Maria Knagenhjelm, sakshandsamar marint vern.

Ikkje møtt: Naturvernforbundet, Norske lakseelver, WWF.

Målet med møtet: Orientering om den marine verneprosessen som no går føre seg for Sognefjorden, presentasjon av konsekvensutgreiinga (KU) for marint vern i Sognefjorden, med fokus på kultur, naturmangfald, reiseliv, verdsarv, forskning osv. Utveksling av kunnskap og innspel om KU har fanga opp det viktigaste for dei ulike utgreiingstema.

Bakgrunn: Globalt press på naturmangfaldet krev meir vern. Norge har forplikta seg internasjonalt gjennom Montreal-avtalen, og Stortinget har vedteke rammer for marint vern gjennom fleire stortingsmeldingar. Sognefjorden er utvald som kandidat område. Fjorden er unik (verdast djupaste, Norges lengste), men er under press frå forureining (nitrogen, fosfor), oksygenmangel og klimaendringar. Verneprosessen legg vekt på dialog, medverknad og kunnskapsinnhenting. Det har vore fleire kartleggingar av naturmangfald i prosessen. I januar 2025 starta også eit treårig overvakingssystem for å få ny kunnskap om økologisk og kjemisk tilstand i fjorden. Ei omfattande konsekvensutgreiing (KU) frå Akvaplan Niva vart levert sommaren 2025. Denne dekkar ei lang rekke tema som naturmiljø, verdsarv, kulturminne, osv., og følgjer ein metodikk med både verdivurdering og konsekvens som det marine vernet kan medføre.



Konsekvensar av marint vern (frå KU basert på utgreiingsområdet, som er heile fjorden):

Samla positivt for Sognefjorden samanlikna med dagens tilstand. **Positive konsekvensar** for naturmiljø, kulturminne, friluftsliv, landskap, verdsarv, fiskeri (mellom anna med forbod mot botntråling), reiseliv og forskning. **Middels konsekvensar** for akvakultur, marin samferdsel og cruise (strengare reglar for kloakkutslepp, som i verdsarvfjordane), og tettstader/industri (grenser kan trekkjast vekk). **Store konsekvensar:** Forbod mot dumping av masse (tunnelmasse, snø, ras/skred) i sjøen innanfor vernegrensene, men drift og vedlikehald av veg vert tillate. Eksisterande anlegg kan halde fram som vanleg. KU tilrår å trekke grensa vekk frå viktige anlegg og infrastruktur for å redusere konsekvensane.

Innspel frå referansegruppa:

- Etterlyser meir kunnskap om vassmiljø, framheving av det nye treårige overvåkingsprogrammet, og understreka viktigheita av å inkludere grunne område (sjøgrasenger, taeskoeg) i det marine verneområdet.
- Ytra ynske om at vilkårsrevisjonar for vasskraft burde påverkast av vernet.
- For kulturminne vil forbodet mot botntråling vere positivt.
- Ønskjer fokus på manglande samanheng mellom land- og sjøvern for kulturminne, og ytra bekymring for verdifulle private sjøanlegg utanfor vernegrensa.
- FjordForsk er eit prosjekt for å engasjere unge vaksne (studentar, forskarar) i fjord- og verdsarvarbeidet, relevant i vernesamanheng.

Statsforvaltaren (oppsummering): Framheva at kunnskapen som blir samanfatta og innhenta blant anna gjennom verneprosessen vil måtte brukast av kommunar og etatar i planprosessar og søknader, uavhengig av om fjorden blir verna eller ei. Oppfordra alle til å engasjere seg aktivt i høyringsrunden. Statsforvaltaren takka for alle innspela i møtet. KU er ei tilråding, til dømes at vernegrensa bør bli trekt utanfor akvakulturanlegg. Det er behov for å balansere vern og bruk, jf. rammene for verneoppdraget. Viktigheita av å sikre rett manøvreringsrom innanfor vernegrensene vart framheva. Vi vil følgje opp med nye møte i referansegruppa i løpet av høyringsperioden våren 2026.

Lenke til heimesida med alt om den marine verneprosessen: [Sognefjorden kandidat område for marint vern | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Lenke direkte til KU og faktaark: [Konsekvensutgreiinga for marint vern Sognefjorden er på plass | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Lenke til overvåkingsprogrammet: [Vi startar opp overvaking i Sognefjorden | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Lenke til fylkesatlas med kartleggingsdata frå HI: <https://www.fylkesatlas.no/share/9e6694167190>
Referatet og presentasjonen vil bli lagt tilgjengeleg på heimesidene under sida Informasjonsfase.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF) SOGN OG FJORDANE 11	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
SØR-NORGES FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
NATUR OG UNGDOM	Postboks 34 Torshov	0412	OSLO
STIFTELSEN WWF VERDENS NATURFOND	Pilestredet 8	0180	OSLO
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET	Postboks 7030	5020	BERGEN
SOGNEFJORDEN VEL	c/o Torbjørn Dale Kongabergvegen 4	6856	SOGNDAL
NATURVERNFORBUNDET I INDRE SOGN	Klippavegen 22	6856	SOGNDAL
NORSKE LAKSEELVER	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Askedalen 2	6863	LEIKANGER



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat frå møte i referansegruppa for akvakultur, sjøfart og industri - verneprosessen for Sognefjorden marine verneområde

Dato: 22. september 2025, kl. 12.00 – 13.05

Deltakarar: Tor Mikkell Tokvam (Aurland hamnevesen), Runa Gudmundsdottir Jonassen (Fiskeridirektoratet), Per Gullaksen (Hydro), Turid Jansen (Kystverket), Krister Hoaas (Sjømat Norge), Stian Lundegaard (Sjøfartsdirektoratet), Elisabeth Aune (Vestland fylkeskommune) og Eirin Kongestøl Espeland (Sør-Norges Fiskarlag). Frå Statsforvaltaren møtte Eline Orheim (seksjonsleiar for naturmangfald) Tom Pedersen (seniorrådgjevar forureining), Anne-Marie Colban (jurist) og Maria Knagenhjelm (sakshandsamar marint vern og referent).

Ikkje møtt: Mattilsynet

Målet med møtet: Orientering om den marine verneprosessen som no går føre seg for Sognefjorden, med gjennomgang av konsekvensutgreiinga (KU) for marint vern i Sognefjorden, med fokus på akvakultur, sjøfart, industri, cruise, fiskeri osv. Utveksle kunnskap og drøfte om KU har fanga opp det viktigaste.

Bakgrunn: Globalt press på naturmangfaldet krev meir vern. Norge har forplikta seg internasjonalt gjennom Montreal-avtalen, og Stortinget har vedteke rammer for marint vern gjennom fleire stortingsmeldingar. Sognefjorden er utvald som kandidat område. Fjorden er unik (verdas djupaste, Norges lengste), men er under press frå forureining (nitrogen, fosfor), oksygenmangel og klimaendringar. Verneprosessen legg vekt på dialog, medverknad og kunnskapsinnhenting. Det har vore fleire kartleggingar av naturmangfald i prosessen. I januar 2025 starta også eit treårig overvakingssystem for å få ny kunnskap om økologisk og kjemisk tilstand i fjorden. Ei omfattande konsekvensutgreiing (KU) frå Akvaplan Niva vart levert sommaren 2025. Denne dekkjer ei lang rekke tema som naturmiljø, verdsarv, kulturminne, osv., og følgjer ein metodikk med både verdivurdering og konsekvens som det marine vernet kan medføre.

**Konsekvensar av marint vern (frå KU basert på utgreiingsområdet, som er heile fjorden):**

Samla positivt for Sognefjorden samanlikna med dagens tilstand. **Positive konsekvensar** for naturmiljø, kulturminne, friluftsliv, landskap, verdsarv, fiskeri (mellom anna med forbod mot botntråling), reiseliv og forskning. **Middels konsekvensar** for akvakultur, marin samferdsel og cruise (strengare reglar for kloakkutslepp, som i verdsarvfjordane), og tettstader/industri (grenser kan trekkjast vekk). **Store konsekvensar:** Forbod mot dumping av masse (tunnelmasse, snø, ras/skred) i sjøen innanfor vernegrensene, men drift og vedlikehald av veg vert tillate. Eksisterande anlegg kan halde fram som vanleg. KU tilrår å trekke grensa vekk frå viktige anlegg og infrastruktur for å redusere konsekvensane.

Kraftutbygging er en av de største miljøinngrep i norske vassdrag. Vilkår for kraftutbyggingen i Vetlefjordelvi ble fastsatt i henhold til St. prp. nr. 70 (1984-1985). Jeg har forstått St. prp. 70 slik at det også etter reguleringen skulle være et høstbart overskudd, dette har det vært i svært begrenset omfang. De siste 8 årene har elven vært fredet og det er små utsikter til en bedring. Omfanget av reguleringen og dødelig i sjøen har vært så stor at sjøørret bestanden ikke bygger seg opp igjen i tilstrekkelig grad. Laksen er helt borte.

Det er søkt om vilkårsendring.

Minstevassføring i restarealet ovenfor kraftstasjonen er en av årsakene til lite fisk. Det ble registrert 21 gytegroper i restarealet i 2021. Gjennomsnitt eggoverlevelse var unormal lav med ca. 80 % dødlighet. Lav vannføring i inkubasjonstiden førte til at mange egg nede i gytegroperne ble liggende tørt og frøs til i sesongen 2020/2021. Det er helt nødvendig og behov for slipp av vann i perioder med lave vannføringer siden dette begrenser fiskeproduksjonen og mangfoldet i vassdraget.

Jeg vil be Statsforvalteren fokusere på minstevassføring i alle vassdrag i regionen som et av de viktigste tiltakene for fiskebestanden.

Se forøvrig hele vedlegget:

Andre forhold:

Det er registrert tungmetaller og spesielt kvikksølv i en del av fisken i Sognefjorden. Det må sjekkes ut hvor tungmetallene kommer fra. Er det utslipp fra industri eller kan det komme fra selvpolerende bunnstoff på båter.

Den store mengden ellevann som slippes ut i Sognefjorden på vinteren grunnet omfattende kraftutbygging endrer sannsynligvis tidspunkt for produksjon av plante -og dyreplankton. Dette kan medføre at oppvoksende yngel ikke får mat til riktig tidspunkt, og medfører fiskedød.

Torskebestanden som var stor i Sognefjorden er mange steder borte. Dette må også sjekkes nærmere.

Lysfiske etter sild er omfattende i Sognefjorden og kan i mange tilfeller redusere mangfoldet i fiskebestanden. Fisket er ikke bærekraftig og må stoppes eller at det innføres en streng kontroll.

Avslutning:

Jeg forventer ikke at Statsforvalteren kan løse alle de utfordringer som er tatt opp.

Ansvarsforholdene er svært oppdelte og det er store vanskeligheter for helhetlige løsninger. Jeg vil be Statsforvalteren rette selv det som er mulig og så bringe videre utfordringene til riktig forvaltningsorgan til politikere og til departementer i håp om en helhetlig løsning.

Med hilsen Bjarne Meel. Tlf. 97689802 E-post bmeel@broadpark. no

From: bjorn vike[bjorn.vike@gmail.com]
Sent: 17.01.2023 23:03:54
To: Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]
Subject: Automatisk svar: Fwd:

Vern av fjorden.

Innspill som privatperson.Vern må ta hensyn til fjordsystemet si påvirkning av trua arter som laks og sjøaure.

Det er ein viktig del av historia til fjorden.

Oppdrett i åpne merder med lusproblemstikk ,sjukdom,kloakk rett I fjorden har satt sitt preg på vassdrag og fjorden vår.Ein djup fjord ja.Men terskelfjorden har nått eit punkt kor gråvann klokke frå bygdene våre og oppdrett set dit preg på heile fjordsystemet.

Eit vern må ta med kloakk og gift frå oppdrett,kloakk frå bygdene våre og gråvtn frå cruise.

Bjørn Vike

tor. 6. okt. 2022, 15:05 skrev Knagenhjelm, Maria
<fmsfmck@statsforvalteren.no>:

Hei!

Takk for e-post! Eg er ikkje på kontoret no, men skal svare så snart eg kan.

For innkomne saker send e-post til sfvpost@statsforvalteren.no eller ring 57 64 30 00
<https://www.statsforvalteren.no/vestland/>

Vennleg helsing

Maria

From: Knagenhjelm, Maria[maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no]
Sent: 10.02.2023 09:50:14
To: Johan Olav Bjerke[johan.bjerke@statnett.no]
Subject: Vedrørende foreslått vern av Sognefjorden som marint verneområde
Hei,

Verneprosessen for Sognefjorden kjem til å ta fleire år. I desember i fjor kom oppstartsmeldinga, og med det eit utgreiingsprogram som mellom anna føreslår ei framdrift fram mot eit mogeleg vernevedtak i 2025. Utgreiingsprogrammet skal liggje til grunn for utarbeidinga av ei konsekvensutgreiing, og vi håpar at arbeidet med ei KU kjem i gang no i vår/sommar. Basert på konsekvensutgreiinga vil vi leggje fram eit utkast både til vernekart og verneforskrift til høyringa. I utgreiingsprogrammet er det lenkja til forskriftene for andre marine verneområde vi kan tenke å samanlikne Sognefjorden med, så sjekk gjerne ut disse for å sjå korleis ein verneforskrift for Sognefjorden kan bli utforma.

Frist for innspel til oppstartsmeldinga er 15. mars, og vi vil gjerne høyre meir frå dykk i Statnett om arbeidet dykkar i/over Sognefjorden.

I høgrefana i denne saka (under Dokument) ligg heile utkastet til utgreiingsprogram som no er til høyring. [Vi startar arbeidet med marint vern av Sognefjorden | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#) Der ligg også mellom anna forslag til framdriftsplan med skildring av involvering.

Ta gjerne kontakt om de har fleire spørsmål, og bruk gjerne heimesidene våre. Her er oversikta over prosessen for Sognefjorden, med lenkje til dei enkelte stega framover: [Sognefjorden kandidat område for marint vern | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Med venleg helsing

Maria C. Knagenhjelm
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 37

Mobil: 93 66 42 56

E-post: maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Frå: Johan Olav Bjerke <johan.bjerke@statnett.no>

Send: torsdag 9. februar 2023 11:18

Til: Knagenhjelm, Maria <maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no>

Emne: Vedrørende foreslått vern av Sognefjorden som marint verneområde

Hei.

Vi ser av Statsforvalterens nettsider at Sognefjorden er under utredning for marint vern. Statnett eier og drifter en rekke fjordspenn som krysser Sognefjorden, blant annet tre av verdens lengste fjordspenn, og har fått konsesjon av NVE til å erstatte tre av disse. Fjordspennet mellom Kaupangerhalvøya og Vik kommune ble bygget i 1967, og er

registrert som teknisk kulturminne. Fjordspennene berører i utgangspunktet ikke fjorden, men ved strekking av nye liner vil det være behov for å fløte linene på fjorden før de heises opp på fjordspennmastene. Det vil være noe båttrafikk knyttet til strekking, i form av vaktbåter av mindre størrelse og lettbåter. Arbeide forventes ikke å ha negative konsekvenser for marint liv eller vannkvalitet og medfører ingen fysiske anlegg i strandsonen eller på fjordbunnen.

I tillegg til anleggskonsesjonen som er gitt av NVE, vil Statnett søke Kystverket om tillatelse til å strekke de nye fjordspennene. Tillatelser og søknader er basert på dagens status for Sognefjorden.

For ordens skyld ønsker Statnett informasjon om når forslag til verneforskrift vil komme på høring og når et eventuelt vern planlegges vedtatt.

Med vennlig hilsen

Johan Olav Xara Brazil Bjerke

Seniorrådgiver
Miljø og tillatelser
M +4792456668
D +4723903347
T +47 23 90 30 00

Statnett

Nydalen Allé 33, 0484 Oslo
PB 4904 Nydalen, 0423 Oslo

[Statnett.no](https://www.statnett.no)

"This email with attachments is solely for the use of the individual or entity to which it is addressed. It may contain confidential or privileged information. If you are not the addressee, please notify the sender and delete this message and all attachments from your files."

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Saksbeh./tlf.nr.: Rune Garberg/90080853
Deres ref./Deres dato: 2022/628/ 08.12.2022
Vår ref.: 21/00208-46
Vår dato: 13.03.2023

Høringsuttalelse - Melding om oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden

Det vises til brev fra Statsforvalteren i Vestland datert 08.12.2022 knyttet til varsel om oppstart av arbeid med marint vern i Sognefjorden og tilhørende utredningsprogram.

Verneprosessen er et ledd i arbeidet med å verne et representativt utvalg av norsk natur for kommende generasjoner. Arbeidet med marint vern er forankret i Stortingsmelding 14, Natur for livet (2015-2016). Statsforvalteren i Vestland fikk i brev fra Miljødirektoratet datert 10.01.2022 i oppdrag å starte arbeidet med marint vern for kandidatområdet Sognefjorden.

Statnett har merknader til verneforskriften for det foreslåtte verneområdet.

Statnetts anlegg og rettigheter

Statnett eier, drifter og utvikler det norske transmisjonsnett – hovednettet i strømforsyningen. Transmisjonsnett består av ca. 160 transformatorstasjoner og ca. 11000 km kraftledninger over hele Norge, foruten ledninger og sjøkabler til utlandet. Statnett uttaler seg til verneplanene ved å være rettighetshaver innenfor verneområdet som nå er foreslått opprettet.

Statnett er berørt ved å ha 3 fjordkryssinger med transmisjonsnettledninger over Sognefjorden og Sogndalsfjorden.

Statnett har anleggskonsesjon etter energiloven til å eie, drifte og vedlikeholde transmisjonsnettledningen, og har ervervet rettigheter til dette gjennom ekspropriasjonsskjønn og minnelige avtaler.

Vedtak av Miljødirektoratet

Statnett vil minne om at Miljødirektoratet den 04.06.2021 vedtok å gi unntak fra forurensningsloven § 32 første ledd, ved å la Statnett få ha liggende på bunnen av Sognefjorden, en line som røk under arbeid i 1967.

Spenningsoppgradering 420 kV Aurland – Sogndal og Hove Sogndal

Statnett planlegger å oppgradere 300 kV ledningen mellom Aurland og Sogndal til 420 kV. Dette vil i hovedsak skje ved at det bygges en ny ledning parallelt med den eksisterende, som kan rives etter at ny ledning er satt i drift.

Samtidig skal den delen av 300 kV ledningen mellom Hove og Sogndal som ligger mellom Sogndal og Ramnaberget i Vik kommune erstattes med ny. De nye ledningene vil tidligst ferdigstilles i 2025, og de gamle blir revet de to påfølgende årene. Tiltaket krever ingen synlige endringer i Sogndal transformatorstasjon.

NVE har gitt Statnett tillatelse til å oppgradere strekningen Aurland-Sogndal-Ramnaberg, og Olje- og energidepartementet har stadfestet konsesjonen.

I forbindelse med spenningsoppgraderingen vil det bli tidvis mye anleggsarbeid med båter på sjø. Liner vil legges ut på vannet og det vil være mye båttrafikk med lettbåter og vaktbåter.

Konsesjonssøknad og anleggskonsesjon kan leses på Statnetts hjemmesider:

<https://www.statnett.no/vare-prosjekter/region-vest/aurland-sogndal/>

Statnetts merknader til verneforskriften

Statnett påpeker at verneforskriften må ivareta nødvendige hensyn til drift og utvikling av transmisjonsnettanlegg.

Det er av stor betydning at det i forskriften gis et generelt unntak fra vernebestemmelsene for tiltak knyttet til drift og vedlikehold av transmisjonsnettanlegg i verneområdet.

Forskriften må gi mulighet for oppgradering og fornyelse av transmisjonsnettleddninger (for eksempel heving av spenningsnivå og økning av linetversnitt). Denne typen arbeide er pågående på dette tidspunkt.

Det bemerkes at Statnett benytter droner og helikopter til inspeksjon av anleggene, og at droner og helikopter også kan bli benyttet til arbeid i forbindelse med vedlikehold, feilsituasjoner eller havari. En antar at nødvendig arbeid med drone og helikopter ikke blir forbudt, evt. at det gis et generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i verneforskriften. Dette er aktiviteter som ikke er i konflikt med verneformålet.

Statnett ber om å få være høringspart i det videre verneplanarbeidet.

Med vennlig hilsen

Endre Bjelland
Seniorrådgiver
NPM-Miljø og tillatelser

Rune Garberg
Seniorrådgiver

Kopi: NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT NVE

From: Tor Mikkel Tokvam[tormikkel@aurlandhavn.no]

Sent: 17.02.2023 15:42:05

To: Knagenhjelm, Maria[maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no]


Subject: Marint vern av Sognefjorden - dialog med Aurland hamnevesen

Aurland hamn har normalt høg fjordaktivitet. 500 000 reisande innanriks, samt 250 000 utanriks (cruise). I tillegg til RIB og mykje fritidsfartøy.


Me forvaltar kilometer med kaier i området, og legg til rette for bruk av sjøområdet. Fleire grender er veglause. Mht. nullutsleppsambisjonar/krav her inne aukar behovet sterkt for kaitilpassingar og energiinfrastruktur og sikkerheitstiltak (mudring mv.) – tiltaka går ut i sjø. Som offentleg hamn er det viktig å kunne spegle behovet på sjøen ved raske tilpassingar. Ikkje berre for store prosjekt, men og dei enkle små tiltaka for å tilgjengeleggjere kaiene for aktuelle fartøy på ein god måte.

Av større tiltak skal det etablerast sjøkabel frå Aurland til Flåm for framføring av straum (tiltakshavar Sygnir AS). Cruisekaia i Flåm skal utvidast inntil 100 m mot nord. Trasekartet vedlagt. (med ankerspor for interesserte)


Ankringsområder:



Gudvangen



Aurland



Flåm. Her har også Kystverket planar ifbm. fjerning av toppen på grunner i skipsleia – eit positivt tiltak for å sterkt redusere risiko for miljøkatastrofer. Skipstørrelse, vindtilhøve, anna ferdsel, fiske og fangst, spelar inn på val av ankringsområde. Skal andre ting spele inn trur eg det bør vektige grunnar til ut over generelt vern. Dvs. kartlegging av sårbar artsrikkdom.

Offentlege kaiområder med svært høg bruk og kontinuerlege transformasjonskrav:

Flåm, Gudvangen, Aurland, Undredal, Dyrdal

Flåm og Gudvangen er for øvrig i stor grad bygd på fyllmassar.

Offentlege kaiområder med meir sporadisk bruk:

Styvi, Bleiklindi, Stigen, Nedbergo, Bakka, Tufte

På bakka trengst det m.a. mudring/kaiutviding for sikker tilkomst og bruk av kai.

Elles er det fullt belegg på alle småbåthamner i kommunen og nye småbåthamner under planlegging i Gudvangen, Undredal og Aurland. (ikkje i vår regi)

Ifbm. alle offentlege kaiområder er det, og kjem det kontinuerleg, planar om endringar for å imøtekomme framtidige behov.

Me legg til rette for ein aktiv bruk av fjorden som ferdselsåre, men eg kan ikkje heilt sjå at kaianlegg og ferdsel på sjøen spelar inn på dette. Tvert imot er sjøvegen ein eigna måte for turistane å besøke området vårt mht. fotavtrykk og påverknad i naturen.

Eg vil føreslå å ikkje verne område kring eksisterande offentlege hamneanlegg., og halde eksisterande ankerområder utanfor – gitt at det ikkje er påvist sjeldan artsrikdom slik at fordelane ved vern vert større enn ulempene ved alternativt ankerområde.

Regards / Med helsing

Tor Mikkel Tokvam

| Port Director | Aurland Hamnevesen KF | mob: +47 41 20 20 88 | www.flamport.com |

-----Opprinnelig avtale-----

Fra: Knagenhjelm, Maria <maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no>

Sendt: fredag 10. februar 2023 09:30

Til: Knagenhjelm, Maria; Orheim, Eline; Tor Mikkel Tokvam

Kopi: Nornes, Anbjørg

Emne: Marint vern av Sognefjorden - dialog med Aurland hamnevesen

Når: fredag 17. februar 2023 12:00-13:30 (UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Oslo, Roma, Wien.

Hvor: Microsoft Teams-møte

Hei,

Visar til førespurnad frå Aurland hamnevesen om informasjon om marint vern Sognefjorden, og kallar med dette inn til møte.

Relevante tema for drøfting kan vere:

- Kva er marint vern?
- Korleis vil marint vern kunne påverke eksisterande og planlagt aktivitet?
- Involvering og prosess

Vi set av halvanna time. Verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes er velkomen til å delta om det passar.

Microsoft Teams-møte

Bli med via datamaskin, mobilapp eller romeining


[Klikk her for å bli med på møtet](#)

Møte-ID: 361 916 696 428


Passord: qkBdKQ

[Last ned Teams](#) | [Bli med på nettet](#)

[Finn ut meir](#) | [Møtealternativ](#)



Aurland-Flåm alternativ 2:	Aurland-Flåm alternativ 1:
Lengde overflate (2D) = 6343m	Lengde overflate (2D) = 6642m
Lengde langs sjøbunn (3D) = 6464m	Lengde langs sjøbunn (3D) = 6765m
Lengde langs bunn + 2% = 6593m	Lengde langs bunn + 2% = 6901m
Aurland-Flåm alternativ 3:	
Lengde overflate (2D) = 6455m	
Lengde langs sjøbunn (3D) = 6580m	
Lengde langs bunn + 2% = 6711m	



AURLANDSFJORDEN

Aurland kommune

Lat/Lon: 60 53.1N - 007 08.7E
 UTM(32N): 399397 - 6751621


Traseforslag Aurland-Flåm - 1/15.000

Bunnkart fra oppmåling med multistråleekkolodd

KARTDATA
 Målestokk: 1/15.000 (v/A2)
 Ekvivalens: 20m
 Horizontal referanse: WGS84 (Euref89)
 Prosjeksjon: UTM32N
 Vertikal referanse: Sjøkartnull (LAT)

MALEDATA
 Oppmålingsfartøy: Surveyor
 Ekkolodd: Kongsberg EM2040
 Posisjon: GPS/GLONASS m/CPOS
 Måledato: 3. september 2020

- SYMBOLFORKLARING**
- Geografisk Nord
 - Landkontur (FKB)
 - Dybdekurve
 - Fergeute
 - Traseforslag



Oppdragsgiver:

Aurland Energiverk AS

Nearshore Survey AS

Nedre Astveit 12 - 14
 5106 Bergen, Norway
 Phone: +47 90944171
 office@nearshore.no

Karen Weichert
Areal- og samfunnsplanleggjar

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
17.02.2023	Wenche Hauglum	22/1369 - 3	

MELDING OM VEDTAK

Innspel til oppstart av arbeidet med marin verneplan for Sognefjorden

Kommunestyret - 009/23:

Det er gjort fylgjande vedtak i saka:

Vik kommune synest at det er utarbeidd eit godt utkast til utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden. Vik kommune ynskjer likevel å gjere merksam på at ferjeruta Vik-Ortnevik manglar under kapittelet *Samferdsel og skipstrafikk*. Dessutan har riksantikvaren i gang eit arbeid med å registrere Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Føreslegne område har vore på høyring i 2022, og fleire av desse inkluderer sjøareal i Sognefjorden. Døme er områda «Balestrand og Vangsnes», «Strendene i Vik» og «Nærøyfjorden». KULA bør omtalast i kapittelet om kulturminne. Det må vurderast i konsekvensutgreiinga om vernet vil skape hinder for bygging av nye kaier og store og små brygger i område med brå-djupne. Med tanke på framtidig, berekraftig reiselivsutvikling kan det vere viktig for Vik kommune at Vikjabukti også etter ev. marint vern av Sognefjorden kan nyttast som ankringsplass for store skip. Vik kommunen er midt i ein revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Næringsareal er eit av hovudtema i revisjonen. I samband med dette skal fleire nye akvakulturområde konsekvensutgreiast vinteren/våren 2023. Det ville vere viktig for kommunen å få informasjon om kva som må til for at akvakultur ikkje er i strid med eit framtidig vern av Sognefjorden.

Samrøystes.

Klage:

Vedtaket gjev klagerett etter Forvaltningslova av 10. feb 1967. Sjå vedlagt melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. Klagefrist er 3 veker etter melding om vedtak er motteke. Klagen skal sendast Vik kommune. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.



Med helsing

Ole Petter Ramberg
Fungerande Rådmann

Wenche Hauglum
Politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/23	Formannskapet	03.02.2023
009/23	Kommunestyret	16.02.2023

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Karen Weichert		22/1369

Innspel til oppstart av arbeidet med marin verneplan for Sognefjorden

Rådmannen si tilråding

Rådmannen synest at det er utarbeidd eit godt utkast til utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden. Rådmannen ynskjer likevel å gjere merksam på at ferjeruta Vik-Ortnevik manglar under kapittelet *Samferdsel og skipstrafikk*. Dessutan har riksantikvaren i gang eit arbeid med å registrere Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Føreslegne område har vore på høyring i 2022, og fleire av desse inkluderer sjøareal i Sognefjorden. Døme er områda «Balestrand og Vangsnes», «Strendene i Vik» og «Nærøyfjorden». KULA bør omtalast i kapittelet om kulturminne. Med tanke på framtidig, berekraftig reiselivsutvikling kan det vere viktig for Vik kommune at Vikjabukti også etter ev. marint vern av Sognefjorden kan nyttast som ankringsplass for store skip. Vik kommunen er midt i ein revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Næringsareal er eit av hovudtema i revisjonen. I samband med dette skal fleire nye akvakulturområde konsekvensutgreiast vinteren/våren 2023. Det ville vere viktig for kommunen å få informasjon om kva som må til for at akvakultur ikkje er i strid med eit framtidig vern av Sognefjorden.

Formannskapet - 009/23

Rådgevar Karen Weichert deltok under handsaming av saka.

Siri Wølneberg Bøthun (SP) la fram følgjande framlegg til tillegg i vedtaksteksten i rådmannen si tilråding:

Etter setninga «Kula bør omtalast under kapittelet om kulturminne»: «Det må vurderast i konsekvensutgreiinga om vernet vil skape hinder for bygging av nye kaier og store og små brygger i område med brå-djupne.»

Framlegget vart sett under røysting mot rådmannen sitt framlegg og vedteke samrøystes.



FS - vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommune synest at det er utarbeidd eit godt utkast til utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden. Vik kommune ynskjer likevel å gjere merksam på at ferjeruta Vik-Ortnevik manglar under kapittelet *Samferdsel og skipstrafikk*. Dessutan har riksantikvaren i gang eit arbeid med å registrere Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Føreslegne område har vore på høyring i 2022, og fleire av desse inkluderer sjøareal i Sognefjorden. Døme er områda «Balestrand og Vangsnes», «Strendene i Vik» og «Nærøyfjorden». KULA bør omtalast i kapittelet om kulturminne. Det må vurderast i konsekvensutgreiinga om vernet vil skape hinder for bygging av nye kaier og store og små brygger i område med brå-djupne. Med tanke på framtidig, berekraftig reiselivsutvikling kan det vere viktig for Vik kommune at Vikjabukti også etter ev. marint vern av Sognefjorden kan nyttast som ankringsplass for store skip. Vik kommunen er midt i ein revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Næringsareal er eit av hovudtema i revisjonen. I samband med dette skal fleire nye akvakulturområde konsekvensutgreiast vinteren/våren 2023. Det ville vere viktig for kommunen å få informasjon om kva som må til for at akvakultur ikkje er i strid med eit framtidig vern av Sognefjorden.
Samrøystes.

Kommunestyret - 009/23

Rådgjever Karen Weichert deltok under handsaminga av saka.

KS - vedtak:

Vik kommune synest at det er utarbeidd eit godt utkast til utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden. Vik kommune ynskjer likevel å gjere merksam på at ferjeruta Vik-Ortnevik manglar under kapittelet *Samferdsel og skipstrafikk*. Dessutan har riksantikvaren i gang eit arbeid med å registrere Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Føreslegne område har vore på høyring i 2022, og fleire av desse inkluderer sjøareal i Sognefjorden. Døme er områda «Balestrand og Vangsnes», «Strendene i Vik» og «Nærøyfjorden». KULA bør omtalast i kapittelet om kulturminne. Det må vurderast i konsekvensutgreiinga om vernet vil skape hinder for bygging av nye kaier og store og små brygger i område med brå-djupne. Med tanke på framtidig, berekraftig reiselivsutvikling kan det vere viktig for Vik kommune at Vikjabukti også etter ev. marint vern av Sognefjorden kan nyttast som ankringsplass for store skip. Vik kommunen er midt i ein revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Næringsareal er eit av hovudtema i revisjonen. I samband med dette skal fleire nye akvakulturområde konsekvensutgreiast vinteren/våren 2023. Det ville vere viktig for kommunen å få informasjon om kva som må til for at akvakultur ikkje er i strid med eit framtidig vern av Sognefjorden.
Samrøystes.



Vedlegg	Tittel	DokID
Dokument dato		
24.01.2023	2022 sognefjorden utgreiingsomr	257131
24.01.2023	utkast-til-utgreiingsprogram---marint-vern-sognefjorden-	257132
24.01.2023	Oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden	257133

Kort samandrag

Vern av marine område er eit ledd i arbeidet med å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. Det ligg vesentlege nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for arbeidet med marint vern. Som ledd i verneplanprosessen for Sognefjorden skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing, og som grunnlag for dette skal det utarbeidast eit utgreiingsprogram som no er på høyring. Utgreiingsprogrammet skal sikre at det blir lagt til rette for både involvering og kunnskapsproduksjon i løpet av verneprosessen. Kvar ei eventuell vernegrense skal gå er eitt av fleire tema som verneprosessen skal avklare. Eit eventuelt vernevedtak er venta tidlegast i utgangen av 2025.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m

Naturmangfaldlova

Rundskriv T-2/15 *Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (§§ 41 - 43)*

Saksopplysningar

Bakgrunn

Vern av marine område er eit ledd i arbeidet med å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. Utgangspunktet for vern av Sognefjorden er forslaget frå *Rådgivende utvalg for marin verneplan* om å verne 36 sjøområde i Noreg. Områda blei valt ut for å dekke variasjonsbreidda av marine naturtypar og sikre representative, særigne, sårbare og truga marine naturverdiar.

Det ligg vesentlege nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for arbeidet med marint vern. FN-konvensjonen om biologisk mangfald frå 1992 har som mål å ta vare på naturmangfaldet og redusere tapet av artar og naturtypar. Konvensjonen forplikta partane til å bidra til å verne minst 17 % av landareala og 10 % av sjøareala innan 2020. I dag er kring 5 % av sjøareala i Noreg verna. Temaet marint vern er sentralt også for *Havpanelet*, der mellom andre Noreg støttar eit globalt mål om å verne og beskytte 30 % av havet innan 2030.

Som ledd i verneplanprosessen for Sognefjorden skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing, og som grunnlag for dette skal det utarbeidast eit utgreiingsprogram som no er på høyring (sjå vedlagt utkast). Eit utgreiingsprogram kan samanliknast med eit planprogram i plan- og bygningslova.



Utgreiingsprogrammet skal sikre at det blir lagt til rette for både involvering og kunnskapsproduksjon i løpet av verneprosessen.

Saksgang

Statsforvaltaren i Vestland gjennomfører det praktiske arbeidet med verneplanen. Dette omfattar oppstartsmelding med utgreiingsprogram, utarbeiding og høyring av verneforslag med konsekvensutgreiing, og til slutt oversending med tilråding om marint vern av Sognefjorden til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet utarbeider på dette grunnlaget ei tilråding til Klima- og miljødepartementet, som i sin tur handsamar verneforslaget i regjeringa, og legg det fram for Kongen i statsråd for vedtak. Eit eventuelt vernevedtak er venta tidlegast i utgangen av 2025.

Marine verneområde blir vedteke med heimel i *naturmangfoldloven* § 39. Eit marint verneområde i Sognefjorden vil bli forankra i ei eiga forskrift.

Kort om Sognefjorden

Sognefjorden er eit eineståande geologisk fenomen som verdas djupaste og lengste isfrie fjord. Sognefjorden har eit stort spenn i undersjøisk natur frå den djupaste mudderbotnen i evig mørke midtfjords, til grunne sidefjorlar. Her finn ein både marin natur som er svært særprega, og parti som er representativ for mange av fjordane i Noreg.

Sognefjorden er nasjonal laksefjord innanfor ei linje som går mellom Nessane og Ortnevik. I slike laksefjorlar blir det i dag ikkje gitt løyve til å etablere oppdrettsanlegg for laksefisk.

Avgrensing av utgreiings-/kandidatområdet

Utgreiingsområdet er 999 km² stort og ligg i kommunane Årdal, Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik, Høyanger, Hyllestad og Gulen, og ytst ligg Solund vest for Sognesjøen. Planområdet er vist på vedlagt kart og er også tilgjengeleg i *naturbasen* og på *fylkesatlas* under «føreslåtte naturvernområde».

Kvar ei eventuell vernegrense skal gå er eitt av fleire tema som verneprosessen skal avklare. Vernegrensa er i utgangspunktet tenkt lagt to meter under sjøkartnull for å gå klar av privat eigedom. Unntak er der verneområde på land går heilt ned til havnivå, og større grunne område som ofte har særlege naturkvalitetar og m.a. er viktige oppvekstområde for mange artar.

Det er planlagd å vurdere deltaområde langs Sognefjorden i avgrensingsspørsmålet, både fordi sjøbotnen på slike strekningar endrar seg jamleg over tid, og fordi det finst få, intakte slike område igjen. Desse har både stor natur- og miljøverdi og stor samfunnsmessig interesse.

Kva vil vere tillat og ikkje tillat i eit marint verneområde?

Tabellen på side 33/34 i framlegget til utgreiingsprogram viser kva mest truleg vil vere lov og ikkje lov i eit marint verneområde i Sognefjorden. Blant tiltaka som ikkje vil vere lov er t. d. energiutnytting, dumping eller uttak av mineralressursar (til dømes skjelsand og sand), havbeite, utsetting av organismar/planting av vegetasjon, taretråling og botntrål. Akvakultur er i utgangspunkt ikkje tillate, men kan få dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.



Det same gjeld tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Marint vern vil ikkje gi nye restriksjonar for sjølve friluftslivet. Ankring av store skip blir berre tillate på etablerte ankringsplassar. I utgreiingsprogrammet på side 18, figur 12 er det vist ankringsplass i Vikjabukti. Eit marint vern vil ikkje påverke kraftliner i luftspenn over Sognefjorden med sidearmar.

Marint vern og landskapsvernområda

Der marint verneområde overlappar med sjøareal i landskapsvernområde, er den mest aktuelle avgrensinga av marint verneområde mot privat eigedom ved marbakken, eller to meters djupne der marbakke ikkje finst.

For dei to store landskapsvernområda (LVO) Nærøyfjorden og Stølsheimen er landskapet på fjordoverflata allereie verna, men landskapet under overflata er ikkje omfatta av dei eksisterande vernereglane.

Generelt gjeld at ein i verneplanarbeidet først vil vurdere i kva grad eksisterande verneområde sikrar marine naturverdiar. Dersom det marine ikkje blir i tilstrekkeleg grad ivareteke, vil det kunne bli arealmessig overlapping mellom marint vern og eksisterande vern. Ved overlapping vil det vere to verneforskrifter som gjeld for eitt og same areal, og det vil bli den strengaste verneregelen som vil gjelde i kvar konkrete sak.

Det kan bli soner i verneområdet med ulike restriksjonsnivå. Det kan vere aktuelt å sette av særskilt avgrensa referanseområde som vil kunne få eit strengare restriksjonsnivå, t.d. ein strengare dispensasjonspraksis for etablering av avlaup. Finna fjorden kan vere aktuell å vurdere som referanseområde då det er relativt grunt og lite påverka av cruiseskip, ureining og inngrep.

Det er i dag opning for havbeite i Stølsheimen LVO, men dette er i utgangspunktet ikkje lov i eit marint verneområde.

Medverknad

Det er lagt opp til tre ulike referansegrupper som m.a. kan bidra med kunnskap om brukarinteresser og verneverdiar samt å gje råd. Vik kommune, verdsarvrådet og verneområdestyra for landskapsvernområda er med i referansegruppa for lokale myndigheiter. Ein representant for reisemålselskap (Visit Sognefjord, Fjordkysten, Visit Bergen) er med i referansegruppa for kultur, naturmangfald og reiseliv.

Det kan gjennomførast folkemøte om det er interesse for det når konsekvensutgreiinga ligg føre og undervegs ved utarbeiding av framlegg til marint vern av Sognefjorden. Statsforvaltaren ynskjer dialog om dette med kommunane.

Økonomiske konsekvensar

Høyringsinnspellet har ingen økonomiske konsekvensar for Vik kommune.

Vurdering



Rådmannen synest at det er utarbeidd eit godt utkast til utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden.

Rådmannen ynskjer likevel å gjere merksam på at ferjeruta Vik-Ortnevik manglar under kapittelet *Samferdsel og skipstrafikk*.

Dessutan har riksantikvaren i gang eit arbeid med å registrere Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Føreslegne område har vore på høyring i 2022, og fleire av desse inkluderer sjøareal i Sognefjorden. Døme er områda «Balestrand og Vangsnes», «Strendene i Vik» og «Nærøyfjorden». KULA bør omtalast i kapittelet om kulturminne.

I tabellen på side 33 i utgreiingsprogrammet er ankring for store skip nemnd som aktivitet/tiltak som mest truleg ikkje vil vere tillate ved marint vern, med mindre det skjer på etablerte ankringsplassar og dersom kartlegging syner at det ikkje er sårbart naturmangfald. Vik kommunen er for tida i ein prosess til å greie ut om cruiseturisme kan vere ei satsingsområde i kommunen. På same tid jobbar kommunen også med ein klimaplan. Det er forventa av staten at kommunen set seg ambisiøse mål for å redusere direkte utslepp av klimagassar. Sjøfartssektoren er blant dei tre sektorane i kommunen med størst utslepp. Før klimaplanen samt klimabudsjett er vedteken og utgreiingsprosjektet om cruiseturisme i Vik er avslutta, er det uvisst om cruiseturisme kan vere eit satsingsområde i kommunen nærare framtid. Ei slik satsing ville vere avhengig av ankringsplassen i Vikjabukti. Sidan det ikkje finst djupvasskai i Vik vil også utsleppsfrie cruiseskip, som forhåpentlegvis blir standard ein gong fram i tid, måtte ankre i Vikjabukti for å besøkje Vik som reiselivsdestinasjon. Såleis ville det uansett vere viktig for Vik kommune at Vikjabukti også etter ev. marint vern av Sognefjorden kan nyttast som ankringsplass for store skip.

Vik kommunen er midt i ein revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Næringsareal er eit av hovudtema i revisjonen. I samband med dette skal fleire nye akvakulturområde konsekvensutgreiast vinteren/våren 2023. Det ville vere viktig for kommunen å få informasjon om kva som må til for at akvakultur ikkje er i strid med eit framtidig vern av Sognefjorden.





Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato
22/743 - 6	272a0123- a0f6-472e- 9185- 46f3d985eb 66	Jorunn Teigen Hellem		K2-K23, K3-&30	27.02.2023

Marin verneplan for Sognefjorden

Det er gjort følgjande vedtak i saka:
Kommunestyret - 011/23

Årdal kommune stiller seg i utgangspunktet positive til eit vern av Sognefjorden, men har fleire element som må avklarast før ei eventuell verning.

I Årdal kommune ligg det fleire forbindelsar for blant anna fiber, vatn og avløp. Vestland fylkeskommune har regional plan for fornybar energi på høyring, der målet blant anna er å gjere forsyninga av kraft meir robust. Årdal kommune stiller spørsmål til kva eit vern av Sognefjorden vil ha å seie for nye vasskraftutbyggingar som både i gjeldande og framtidige konsesjonar der utgangen og overføringsforbindelsar skal ligge under havnivå.

Konsekvensutgreiinga bør difor sjå på kva eit vern av Sognefjorden har å seie for desse scenarioa.

Årdal kommune ber om at kommunen vert involvert i konsekvensutgreiinga, og ynskjer å vere representert i ressursgruppa som skal bidra til konsekvensutgreiinga.

Med helsing
Årdal kommune

Jorunn Teigen Hellem
Kommuneplanleggar

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/23	Formannskapet	16.02.2023
011/23	Kommunestyret	16.02.2023

Sakshandsamar: Jorunn Teigen Hellem

Arkiv:
K2-K23, K3-&30

Arkivsaksnr.:
22/743 - 3

Marin verneplan for Sognefjorden

Saka gjeld

Statsforvaltaren i Vestland melder om oppstart av verneprosess for kandidatområdet Sognefjorden etter naturmangfaldlova (NML) § 42 og forvaltningslova kapittel VII. Oppstartsmeldinga blir sendt til dei berørte kommunane og aktuelle høyringspartar. Alle berørte partar blir oppmoda om å komme med innspel til oppstartsmeldinga og det tilhøyrande utgreiingsprogrammet.

Bakgrunn

Det ligg vesentlege nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for arbeidet med marint vern. FN-konvensjonen om biologisk mangfald frå 1992 har som mål å ta vare på naturmangfaldet og redusere tapet av artar og naturtypar. Konvensjonen forplikta partane til å bidra til å verne minst 17 prosent av landareala og 10 prosent av sjøareala innan 2020. I dag er kring 5 % av sjøareala i Noreg verna. Temaet marint vern er sentralt også for Havpanelet, der mellom andre Noreg støttar eit globalt mål om å verne og beskytte 30 % av havet innan 2030.

Verneprosessen er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. Arbeidet med marint vern er forankra i Stortingsmelding 14, Natur for livet (2015-2016). Statsforvaltaren i Vestland fekk i brev frå Miljødirektoratet datert 10.01.2022 i oppdrag å starte arbeidet med marint vern for kandidatområdet Sognefjorden. Arbeidet skal følgje rundskrivet T-2/15 Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven.

Sognefjorden representerer eitt av dei mest særeigne og mangfaldige undersjøiske naturområda vi har i landet, den er eit eineståande naturfenomen som verdas djupaste og vår lengste fjord. Verneverdiane er knytt til den geologiske utforminga av fjorden med dei spesielle botnforholda og tilhøyrande dyreliv.

Drøfting

Oppdraget til Statsforvaltaren i Vestland vil omfatte sjøareal i 9 kommunar rundt Sognefjorden. Miljødirektoratet legg vekt på at Statsforvaltaren inviterer til dialog med kommunane og andre interessentar for å oppnå god lokal medverknad og

forankring. Statsforvaltaren i Vestland skal koma og informera Årdal kommune om prosessen i kommunestyremøte 16. februar. Statsforvaltaren har utarbeidd eit forslag til utgreiingsprogram som syner kva tema og problemstillingar som skal greiast ut som del av konsekvensutgreiinga. Dette utgreiingsprogrammet er ein del av oppstartsmeldinga. Dei ber om innspel til oppstartsmeldinga og utgreiingsprogrammet. Det er Miljødirektoratet som endeleg fastsett utgreiingsprogrammet som grunnlag for den vidare verneplanprosessen.

Sognefjorden kandidat område for marint vern



 Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltar foreslår m.a. følgjande tema og problemstillingar for vidare utgreiing i ei KU:

- Naturmiljø
- Kulturarv
- Rekreasjon og friluftsliv
- Landskapsbilete og verdsarv
- Naturressursar
- Akvakultur og havbeite
- Andre tema og tiltak, som t.d. reiseliv, industri, forsvaret, samferdsel, disponering av overskotsmassar, anleggstiltak, m.m.

Statsforvaltaren har lista opp kva som mest sannsynleg vil vera lov/ikkje lov i tabellen nedanfor:

Kva vil mest sannsynleg vere lov i eit marint verneområde i Sognefjorden?		
Aktivitet/Tiltak	Tillat e?	Grunngjeving
Botntrål (aktive fiskereiskap som slepast og røyler botn)	Nei	Botntråling påverker botnen og botndyrsamfunn.
Snurrevad	Ja	Snurrevad har avgrensa effekt på sjøbotnhabitata.
Fiske med passive reiskap	Ja	Passive reiskap har avgrensa effekt på sjøbotn. Dersom det blir oppdaga korallrev kan det bli særlege restriksjonar likevel om passive reiskap kan truge verneføremålet.
Låsetting av fisk	Ja	Tradisjonell bruk av låsettingsplassar vil i utgangspunktet ikkje skade verneverdiane i området.
Taretråling	Nei	Vegetasjonen er verna. Taretråling påverker det marine økosystemet. Det er ikkje taretråling i Sognefjorden i dag, og truleg ikkje ein aktuell problemstilling.
Tanghausting	Nei/Ja	Ja til rettshavarar eller til undervisning også grunnare enn 2 m under sjøkartnull.
Utsetting av organismar/Planting av vegetasjon	Nei	Plante- og dyreliv er verna mot skade og øydelegging.
Akvakultur	Nei*	Akvakultur kan likevel få dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Utslepp av ballastvatn	Nei*	Dersom ballastvatnet er rensa etter gjeldande regelverk kan det likevel sleppast ut.
Havbeite	Nei	Eit MVO bør vere mest mogeleg upåverka frå inngrep/habitatmodifikasjonar og økologisk og genetisk påverknad, ein heller kan hauste bærekraftig frå naturlege bestandar. Havbeite er lov i dag innanfor enkelte av dei eksisterande verneområda, men ved ev. overlapping blir det ikkje lov.
Dumping eller uttak av mineralressursar	Nei	Dumping eller uttak vil gje direkte endringar på sjøbotn, i tillegg til partikkelspreiing og nedslamming.
Petroleumsverksemd	Nei*	Installasjonar, røyrleidningar og partikkelspreiing og ureining gjev negative verknadar på naturmangfaldet. *Røyrleidningar/kablar kan eventuelt få

		dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Energiutnytting	Nei	Installasjonar vil kunne gje fysiske inngrep og endre straum- og botnforhold.
Fysiske inngrep	Nei*	*Ja til lettare lokal infrastruktur/navigasjonsinstallasjonar/andre farleiltak etter søknad.
Utslepp frå land	Ja/Nei *	*Avhengig av storleik, reinsegrad og påverknad. Høgare terskel for å gje dispensasjon i referanseområde.
Dykking og surfing, jakt, fangst og fiske, ferdsel med båt	Ja	Ingen restriksjonar på ferdsel og friluftsliv.
Tilretteleggingstiltak for friluftsliv	Nei/Ja	Dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet. Mest aktuelt utanfor vernegrensa?
Levandelagring av villfanga fisk	Nei/Ja	Inntil 12 vekers lagring etter dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Vedlikehaldsmudring	Nei/Ja	Dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Ankring	Nei/Ja	Ja for småbåt under 15 meter med oppankring mot land. Nei for store skip, men mindre det skjer på etablerte ankringsplassar dersom kartlegging syner at det ikkje er sårbart naturmangfald.

Prosessen legg opp til to opne høyringsfasar der alle har høve til å gi innspel og merknader.

1. Oppstart/meldingsfase. Statsforvaltaren melder oppstart av verneplanarbeidet med forslag til utgreiingsprogram. Oppstart blir annonsert i aviser, på nett og med brev til kommunar og kjende interessentar. Frist for innspel skal vere god nok til å kunne leggje til rette for politisk handsaming i kommunane. Det blir arrangert ope informasjonsmøte i løpet av perioden i kommunar der det er interesse for eit slikt møte. Det kan også vere aktuelt å orientere politiske organ i kommunane der det er ønskje om det.
2. Høyring av verneframlegg. Statsforvaltaren legg eit forslag til vern med kartavgrensing, verneføresegn og høyringsdokument/konsekvensutgreiing ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir annonsert i aviser, på nett og med brev til kommunar og kjende interessentar. Frist for innspel er minimum to månader. Det blir arrangert ope informasjonsmøte i løpet av høyringsperioden i kommunar og i bygder der det er interesse, samt orienteringar i kommunane sine politiske organ.

Økonomi

Ikkje relevant for saka om oppstartsmelding.

Folkehelseperspektiv

Ikkje relevant for saka om oppstartsmelding.

Miljø

Målet på sikt er at eit vern av Sognefjorden skal betre miljøet.

Behov for klimatilpassing

Ikkje relevant for saka om oppstartsmelding.

Juridisk vurdering

Ikkje relevant for saka om oppstartsmelding.

Pro et contra

Ikkje relevant for saka om oppstartsmelding.

Tilråding:

Årdal kommune stiller seg positive til eit vern av Sognefjorden, men har fleire verksemder som har løyve til utslepp i Årdalsfjorden. I Årdal kommune ligg det fleire forbindelsar for blant anna fiber, vatn og avløp. Vestland fylkeskommune har regional plan for fornybar energi på høyring, der målet blandt anna er å gjere forsyninga av kraft robust. Årdal kommune stiller spørsmål til kva eit vern av Sognefjorden vil ha å seie for nye vasskraftutbyggingar som både i gjeldande og framtidige konsesjonar der utgangen og overføringsforbindelsar skal ligge under havnivå. Konsekvensutgreiinga bør difor sjå på kva eit vern av Sognefjorden har å seie for desse scenarioa.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 16.02.2023 - 020/23

Årdal kommune ynskjer ikkje no å ta stilling til vern av Sognefjorden. Kommunen ser at eit vern av fjorden kan få konsekvensar for dagens industrivirksomheit, moglegheiter for utbygging av nye vegar/tunellar og vere eit hinder for vasskraftutbygging. Slike avklaringar må gjerast før kommunen eventuelt støttar ambisjonane om vern av Sognefjorden.

16.02.2023 Formannskapet

Kommunedirektøren la fram forslag til ny tilråding:

Årdal kommune ynskjer ikkje no å ta stilling til vern av Sognefjorden. Kommunen ser at eit vern av fjorden kan få konsekvensar for dagens industrivirksomheit, moglegheiter for utbygging av nye vegar/tunellar og vere eit hinder for vasskraftutbygging. Slike avklaringar må gjerast før kommunen eventuelt støttar ambisjonane om vern av Sognefjorden.

Ny tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 020/23 Vedtak

Årdal kommune ynskjer ikkje no å ta stilling til vern av Sognefjorden. Kommunen ser at eit vern av fjorden kan få konsekvensar for dagens industrivirksomheit, moglegheiter for utbygging av nye vegar/tunellar og vere eit hinder for vasskraftutbygging. Slike avklaringar må gjerast før kommunen eventuelt støttar ambisjonane om vern av Sognefjorden.

16.02.2023 Kommunestyret

Nytt forslag til vedtak, foreslått av Thomas Norheim Moen, Senterpartiet
Årdal kommune stiller seg i utgangspunktet positive til eit vern av Sognefjorden, men har fleire element som må avklarast før ei eventuell verning. I Årdal kommune ligg det fleire forbindelsar for blant anna fiber, vatn og avløp. Vestland fylkeskommune har regional plan

for fornybar energi på høyring, der målet blant anna er å gjere forsyninga av kraft meir robust. Årdal kommune stiller spørsmål til kva eit vern av Sognefjorden vil ha å seie for nye vasskraftutbyggingar som både i gjeldande og framtidige konsesjonar der utgangen og overføringsforbindelsar skal ligge under havnivå. Konsekvensutgreiinga bør difor sjå på kva eit vern av Sognefjorden har å seie for desse scenarioa. Årdal kommune ber om at kommunen vert involvert i konsekvensutgreiinga, og ynskjer å vere representert i ressursgruppa som skal bidra til konsekvensutgreiinga.

Thomas Norheim Moen, SP fremja forslag til nytt vedtak:

Årdal kommune stiller seg i utgangspunktet positive til eit vern av Sognefjorden, men har fleire element som må avklarast før ei eventuell verning.

I Årdal kommune ligg det fleire forbindelsar for blant anna fiber, vatn og avløp. Vestland fylkeskommune har regional plan for fornybar energi på høyring, der målet blant anna er å gjere forsyninga av kraft meir robust. Årdal kommune stiller spørsmål til kva eit vern av Sognefjorden vil ha å seie for nye vasskraftutbyggingar som både i gjeldande og framtidige konsesjonar der utgangen og overføringsforbindelsar skal ligge under havnivå.

Konsekvensutgreiinga bør difor sjå på kva eit vern av Sognefjorden har å seie for desse scenarioa.

Årdal kommune ber om at kommunen vert involvert i konsekvensutgreiinga, og ynskjer å vere representert i ressursgruppa som skal bidra til konsekvensutgreiinga.

Thomas Norheim Moen, SP sitt framlegg vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

KST - 011/23 Vedtak

Årdal kommune stiller seg i utgangspunktet positive til eit vern av Sognefjorden, men har fleire element som må avklarast før ei eventuell verning.

I Årdal kommune ligg det fleire forbindelsar for blant anna fiber, vatn og avløp. Vestland fylkeskommune har regional plan for fornybar energi på høyring, der målet blant anna er å gjere forsyninga av kraft meir robust. Årdal kommune stiller spørsmål til kva eit vern av Sognefjorden vil ha å seie for nye vasskraftutbyggingar som både i gjeldande og framtidige konsesjonar der utgangen og overføringsforbindelsar skal ligge under havnivå.

Konsekvensutgreiinga bør difor sjå på kva eit vern av Sognefjorden har å seie for desse scenarioa.

Årdal kommune ber om at kommunen vert involvert i konsekvensutgreiinga, og ynskjer å vere representert i ressursgruppa som skal bidra til konsekvensutgreiinga.

Vedlegg:

utkast-til-utgreiingsprogram---marint-vern-sognefjorden-
Oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden



Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
22/246426-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.03.2023

Svar – oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden

Vi viser til brev datert 08.12.2022.

Føremålet med arbeidet er å leggje til rette for marint vern av Sognefjorden. Verneverdiane er knytt til den geologiske utforminga av fjorden med dei spesielle botnforholda og tilhøyrande dyreliv.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan, statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem.

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss høve til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Statens vegvesen si rolle i denne saka er som eigar og forvaltar av riksveg med oppgåver som utbygging av ny infrastruktur og drift og vedlikehald på eksisterande veganlegg og anlegg for riksvegferjene.

Statens vegvesen sitt innspel i saka

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen har ansvar for fire riksvegstrekingar som går langs eller nær det planlagde verneområdet, inkludert ferjekaier og ferjesamband:

- E39 frå Vadheim til Instefjord, inkludert ferjekaier på Lavik og Oppedal og ferjesambandet mellom dei.
- Rv. 13 frå Sogndal til Vik, inkludert ferjekaier på Hella, og Vangsnes og ferjesambandet mellom dei. Også ferjekai Dragsvik på fylkesveg 613 (fv. 55).
- Rv. 5 frå Sogndal til Lærdal, inkludert arm til Amla og ferjekai der, og ferjekaier på Mannheller og Fodnes og ferjesambandet mellom dei.
- E16 mellom Aurlandsvengen og Flåm og ved Gudvangen.

Drift og vedlikehald

Av informasjonen til oppstartvarselet forstår vi at drift og vedlikehald av eksisterande infrastruktur vil kunne fortsette som tidlegare. Men vi kan ikkje sjå at det i dokumenta knytt til oppstarten er definert nærare kva som er meint med drift og vedlikehald i denne samanhengen. Ein definisjon vil vere viktig for å få ei felles forståing for kva som ligg innanfor dette omgrepet og det må avklarast i planarbeidet.

Det er svært viktig for oss at vernet ikkje legg avgrensingar som hindrar oss i å drive fortløpande drift og vedlikehald på våre installasjonar og objekt både over og under vatn. Vi er avhengige av å kunne gjennomføre dagleg drift og vedlikehald effektivt og på kort varsel utan å måtte søkje vernemyndet om løyve. Vi ønskjer eit generelt unntak frå vernereglane for drift og vedlikehald.

Inn under omgrepet «drift og vedlikehald» meiner vi at også følgjande tiltak skal reknast:

- utbetring, inkludert nybygging, av ferjekaier på eksisterande samband. Også reservekaier og kaier som blir brukt som liggekai for ferjer som ikkje er i rute, typisk nattligge.
- utbetring av vegstrekingar der vegkropp, brukar og fylling går ut i sjøen.
- deponering av massar, også rasmassar, i samband med drift og vedlikehald, inkludert tiltak nemnt over.
- andre tilsvarande tiltak og aktivitetar.

Kommentar til kulepunkta over

- Dei seinare åra har vi oppgradert fleire ferjekaier, og vi vil i nær framtid ha behov for å oppgradere fleire.
- Ved skredhendingar over våre vegar vil vi kunne ha behov for å raskt kunne føre rasmassane vidare til fjorden for å opne vegen.
- I samband med drift og vedlikehald vil vi kunne ha behov for å gå ut i fjorden med maskiner og utstyr.

Nye vegutbyggingar

Det kan ved utbetring av eksisterande vegtrasé og ved bygging av nye, bli naudsynt med inngrep direkte i fjorden. Anten for plassering og oppbygging av sjøvegen inkludert bruer, eller for deponering av massar. Ved til dømes større tunnelprosjekt vil det vere svært krevjande å få intern massebalanse i prosjektet, avhende all masse til eksterne interessentar

eller deponere på land. I den smale landstripa langs fjorden som er eigna for å bu og virke er arealbruken alt pressa, inkludert omsynet til både landskap, jordvern og biologisk mangfald. Vi meiner det er viktig å få fram dette i planprosessen.

Ved større prosjekt vert det normalt utarbeidd kommunedelplan der ein mellom anna ser på alternative trasear, men også korleis ein skal nytte eller deponere massar. Vald trase vert så regulert gjennom detaljregulering. I desse prosessane får ulike forvaltningsmynde høve til å uttale seg, inkludert gå til motsegn.

Statens vegvesen ønskjer å nytte overskotsmassar på ein samfunnstenleg måte. Utgreiing av massebalanse er ein del av reguleringsarbeid og prosjektering, både med tanke på god økonomi i prosjekta og natur og miljø. Det vil ikkje alltid vere mogleg å få til dette, og då vil vi prøve å avhende massar til andre interessentar. Å deponere massar er ofte siste utveg.

I utgreiingsprogrammet side 20 er nemnt tidlegare vegprosjekt der ein har deponert massar i fjorden. Som mogleg framtidig døme på behovet for å gjere seg av med massar kan vi nemne mogleg framtidig tunnel på E39 mellom Førde og Lavik, forbi Vadheim. Her kan det bli aktuelt med ein fleire kilometer lang tunnel. Å kvitte seg med slike mengder massar vil bli krevjande, og å deponere på land vil og ha store konsekvensar for natur og miljø.

I forslag til utgreiingsprogram er det på side 33 lista opp kva som vil og ikkje vil vere lov av tiltak i eit marint verneområde. Dumping eller uttak av mineralsressursar er ikkje tenkt tillate. Å bruke massane på ein samfunnstenleg måte, eller deponere på land vil vere den føretrekte måten. Vi vil påpeike at i enkelte tilfelle vil dumping i sjø vere einaste moglege løysing.

Statens vegvesen vil signalisere at det er svært viktig for oss at vernet ikkje vert til hinder for at vi ved utbygging av infrastruktur, kan fylle eller deponere massar i Sognefjorden. Vi ønskjer at det skal vere ei opning i vernereglane for å kunne gjere dette, utan å måtte gå vegen om dispensasjon. Så har vi også forståing for at deponering må skje etter grundige prosessar og strenge krav.

Som del av arbeidet med verneplan må det utgreiast i kva grad det vil vere naudsynt å legge restriksjonar på deponering av massar for å ta i vare verneverdiane.

Konklusjon

Eit av Statens vegvesens 5 toppmål er å bidra til å oppfylle Norges klima- og miljømål. Under dette ligg målet om at vi skal unngå tap av viktig natur og redusere den totale arealbruken vår. Desse måla vil vere førande for vår verksemd.

Statens vegvesen har ansvar for fire riksvegstrekingar som går langs eller nær det planlagde verneområdet, inkludert ferjekaier og ferjesamband. Dette er infrastruktur med regional og nasjonal funksjon. Med bakgrunn i informasjonen i oppstartssvarset og utgreiingsprogrammet er vi bekymra for at framtidige verneforskrifter skal leggje for store

restriksjonar på våre behov for drift, vedlikehald og utbetringar av eksisterande veganlegg og bygging nye vegar.

Vernet må ikkje vere til hinder for at vi utan opphald kan utføre drift og vedlikehald utan søknadsprosess mot vernereglane. Det må heller ikkje vere til hinder for ny utbygging, inkludert deponi av massar i Sognefjorden. Vi ønskjer at det skal vere ei opning i vernereglane for å deponere massar, utan å måtte gå vegen om dispensasjon, men etter grundige prosessar og med strenge krav.

Som del av arbeidet med verneplan må det leggest stor vekt på å greie ut i kva grad det vil vere naudsynt å legge restriksjonar på deponering av massar for å ta i vare verneverdiane.

Det er aktuelt for oss vere med på særmøte om drift, vedlikehald og utbygging av vegar.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref:
Vår ref: 2022/268088
Dato: 14.03.2023
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



UTTALE TIL OPPSTART AV ARBEID MED MARIN VERNEPLAN FOR SOGNEFJORDEN

Vi viser til *Melding om oppstart av arbeid med marint vern Sognefjorden og tilhørende utgreiingsprogram* av 08.12.2022, referansenr. 2022/628

Planområdet omfattar heile Sognefjorden ut til terskelområda mot Sognesjøen og det er ein stor produksjon av laks og aure i åpne merdar i sjø i fjorden og av settefisk på land. Det er også 3 lokalitetar med landbasert produksjon av kveite.

Oppdrettsnæringa er i stadig utvikling, og det kan bli aktuelt med endring av teknologi eller arealet på eksisterande lokalitetar. Det kan også vere fornuftig med endringar i plasseringa av anlegg for å oppnå tilstrekkeleg avstand mellom lokalitetar som eit smitteforebyggjande tiltak i tråd med nytt regelverk.

Mattilsynet ser det som viktig at planen tek høgde for at slike tiltak kan gjennomførast i verneområdet og at det må vere rom for endring og utvikling der målet er betre fiskehelse og fiskevelferd.

Med helsing

Helene Marie Øgaard
Spesialinspektør / veterinær
Mattilsynet Avdeling Sunnfjord og Sogn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



Innspill av Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, til oppstartmelding for verneprosess Sognefjorden fra

1. Forskergruppe Fjord
2. Forskergruppe Skred

1. Forskergruppe Fjord

Forskergruppe Fjord stiller seg positivt til utformingen av oppstartmelding for verneprosess Sognefjorden. I henhold til punkt 4.3 om tema og problemstillinger for miljø og samfunn har forskergruppa de siste ti årene hatt miljøundersøkelser i flere av de omtalte fjordområdene. Undersøkelsene ble til dels (men ikke utelukkende) gjennomført i lys av miljøklassifikasjonene i henhold til EUs vannrammedirektiv. Resultatene fra disse arbeidene er offentlig tilgjengelige i form av bacheloroppgaver, masteroppgaver og rapporter, samt som rådatatabeller; se Tabell 1 (nedenfor) for en generell oversikt.

1a. Innspill til Punkt 4.3.1 «Naturmiljø»

Tabell 1 viser tilgjengelighet av resultater fra de enkelte fjordområdene. Resultatene er delt inn i henhold til vannrammedirektivets klassifikasjonskategorier, det vil si «Økologiske klassifikasjoner» og «Kjemiske klassifikasjoner». I tillegg er det krysset av om det finnes relevant bakgrunnsmateriale som for eksempel hydrografiske data eller naturtyper som ikke inngår i vannrammedirektivets klassifikasjoner. Rådata og beregningene burde kunne gi et grunnlag for det videre arbeide med vurdering av verneprosessen i de enkelte fjordområdene.

Videre anmerkes følgende til den omfattende utfyllingen og dumpingen av sprengstein fra vei- og tunnelbygging (veier, vannkraft): Mye av sprengsteinen har blant annet blitt brukt til å fylle ut elvedeltaer. Høringsplanen omtaler dette og påpeker at det ikke er noen samlet oversikt over all utfylling og dumping i Sognefjorden. Innenfor verneprosessen vises her til muligheten til utarbeiding av en bacheloroppgave eller masteroppgave om problematikken med økonomisk støtte fra Statsforvalteren.

1b. Innspill til Punkt 4.3.4 «Landskapsbilde og verdsarv»

Generelt gjøres oppmerksom på at UNESCOs godkjenning av verdensarven gjelder «Vestnorske fjorder» og ikke «Vestnorsk fjordlandskap», som er en feilaktig oversettelse av de ansvarlige myndighetene. Den norske oversettelsen utelukker selve fjorden og fokuserer kun på landskapet omkring fjordene.





Spesielt vises til «Tilstandsrapport for Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden» (Bollingberg et al. 2022, <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmloi/handle/11250/2995983>) som oppsummerer resultater av miljøundersøkelser i henhold til EUs vannrammedirektiv i verdensarvområdet «West Norwegian Fjords – Geirangerfjord og Nærøyfjord», der det finnes en rekke rådata og bearbejdede data som kan danne et grunnlag for det videre arbeide med vurdering av verneprosessen i verdensarvområdet.

Videre anmerkes til planlagt sprengning av Fretheimsgrunnen og Åtranegrunnene nær Flåm (Kystverket 2017 – «Detaljregulering for utbetring av innseglinga til Flåm») at foretaket ville være uheldig i og med at det finnes få grunner av denne typen i Sognefjorden og at disse grunnene kan være biologisk viktige.

I henhold til Øystrebøvatnet anmerkes at vannsøylen er påvirket av fjorden og at Øystrebøvatnet dermed er en del av fjordsystemet til Fuglesetfjorden. Derfor burde Øystrebøvatnet som et særdeles spennende spesialområde innlemmes i verneområdet.

Tabell 1. Oversikt over eksisterende økologiske og kjemiske miljøklassifikasjoner i Sognefjordens sidefjorder i henhold til EUs vannrammedirektiv.

Fjordområde	Økologisk klassifikasjon	Kjemisk klassifikasjon	Andre forskningsresultater
Arnafjorden	X	X	X
Aurlandsfjorden	X	X	X
Barsnesfjorden	X	X	X
Ikjefjorden	X	X	X
Lærdalsfjorden	X	X	X
Nærøyfjorden	X	X	X
Sogndalsfjorden			X
Diverse fjorder			Hydrografi og organisk karbon
Diverse fjorder			Deltautbygging





2. Forskargruppe Skred

Forskargruppa for skred ved HVL har innspel til tema og problemstillingar som bør greiast ut, jf. Kap. 4.3 i utgreiingsprogrammet. Sidan vi gjennom fleire år har hatt omfattande forskingsaktivitet i indre delar av Aurlandsfjorden (Fig.1) fokuserer vi på dette området. Vi innspel til tema *Naturmiljø* og tema *Landskapsbilete og verdsarv*.

2a. Innspel til Punkt 4.3.1 «Naturmiljø»

Forskingsaktiviteten i samband med fjellskred (jf. Kap. 4.3.4) har avdekket viktige element av naturmiljø knytt til grunnvatn. Dette gjeld utstrøymingsområder for grunnvatn nede i fjordsida og i flomålet, i tillegg til meir diffuse utstrøymingsområder på fjordbotnen (Fig.1). Grunnvasstrøyminga er nær knytt opp mot berggrunnsstrukturar i det ustabile fjellpartiet med skredaktivitet (kap. 4.3.1). Infiltrasjonen skjer høgt oppe i fjellsida, og grunnvasskjeldene har potensiale i høve til miljøovervaking.

2b. Innspel til Punkt 4.3.4 «Landskapsbilete og verdsarv»


Forskargruppa for Skred understrekar kor viktig det er med vern av landskapet på overflata saman med landskapet på fjordbotnen. Særleg vil vi peike på fjellsidene omkring Aurlandsfjorden i Flåm, som saman med fjordbotnen, utgjør eit komplett døme på eit kjeldeområde for fleire store fjellskred og tilhøyrande avsetjingar med utløp i fjordbotnen etter siste isavsmeltinga. Dette samanhengande landskapselementet strekk seg frå eit platå på ca. 600 moh ned til fjordbotnen på -60 muh.

Landformer og strukturar i berggrunnen er sterkt prega av dette, og fjordbotnen har eit mangfald av botnstrukturar som er unike i norsk geologi. I tillegg til lag med skredavsetningar av ulik alder finn ein karakteristiske skredryggar og marine krater (pockmarks) knytt til skredprosessane (Fig. 1).

Som del av eit forskingsprosjekt om avslutta og pågåande rørsler i fjellsida driv skredgruppa ved instituttet på HVL kontinuerleg instrumentell overvaking av instabilitetar i fjellsida og kartlegging av botnstrukturane saman med Universitetet i Bergen. Området, over og under fjordoverflata, er derfor svært viktig for både forskning og undervisning til dei geofaglege institusjonane i Vestland. Marint vern av fjordbotnen i dette området er heilt vesentleg for komande generasjonar av forskarar og studentar.

Fjordbotnen med dei omtala landformane og vraket av D/S Begonia (krigsminne) som vart senka i 2 verdskrigen har også eit uavklart potensiale i samband med turisme/rekreasjon og friluftsliv.





Figur 1. Fjordbunntopografi (batymetri) med terrengmodell for landområdene og markering av elementene nevnt i teksten

3. Generelle anmerkninger

På punkt 3.1.2 «Arealbruk» fremheves innsatsen fra det marinbiologiske miljøet ved Høgskulen på Vestlandet under overskriften «Forskning og undervisning» (side 18). Her burde det presiseres at det marine miljøet ved HVL består av både marinbiologi og maringeologi, og at forskningsarbeidet i Sognefjorden også omfatter skredforskning. I tillegg gjøres det oppmerksom på at Universitetet i Bergen bidrar med egen forskning og med undervisningstokt til å øke kunnskap om Sognefjorden. Fjordforskningen til Havforskningsinstituttet burde også nevnes.



Videre ville det være nyttig å fremheve ytre innvirkninger på fjorden som effekter av vannkraft og eventuelt massedumping på en sterkere måte. Disse er nevnt, men påvirkningene er såpass store at de burde få en tydeligere plass i dokumentet. Særlig påvirkning fra vannkraft er så viktig at det fortjener en egen overskrift.

4. Konklusjon

Forskergruppene Fjord og Skred ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, ser fram til utforming av den videre verneprosessen av Sognefjorden. Utkast til oppstartmelding gir et godt grunnlag for det videre arbeidet der begge forskergruppene gjerne bidrar med resultater og rådgiving om ønskelig.

For Forskergruppe Skred: Thomas Scheiber

For Forskergruppe Fjord: Matthias Paetzel



STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 15.03.2023

Vår ref.: 202222934-2 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: 2022/628

Uttalelse på melding om oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden og tilhørende utredningsprogram

Vi viser til melding om oppstart av arbeid med marint vern av Sognefjorden og tilhørende utredningsprogram.

NVE har sett gjennom oppstartsmeldingen for det foreslåtte marine verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

- I det foreslåtte marine verneområdet finner vi energi- og vassdragsinteresser. Det er blant annet nettanlegg som krysser fjorden, flere kraftverk som ligger ved fjorden, transformatorstasjon, sjøkabler, Hydro Aluminium har to fabrikker på hver side av fjorden og det er kartlagt digitale småkraftpotensialer.
- BKK AS (tidligere BKK Nett AS), Sygnir AS (tidligere Sognekraft AS), Breheim Nett AS (tidligere Luster Energiverk AS) og Straumnett AS (tidligere Årdal Energi Nett AS) har områdekonsesjon i det foreslåtte marine verneområde. NVE er positive til at Statnett SF er inkludert i adresselisten og at de har uttalt seg. Vi ber om at områdekonsesjonærer, nettanleggeiere, kraftverkseiere og andre berørte parter om å bli inkludert i adresselisten slik at det får mulighet til å uttale seg.
- NVE har som regel informasjon om transmisjons- og regionalnett gjennom Kraftsystemutredningene (KSU). Vi har derimot ikke fullstendig oversikt over alle nettkomponenter og -planer for distribusjonsnett, spesielt ikke på lavere spenningsnivå. Det er viktig at områdekonsesjonærer vurderer om verneforslaget kommer i konflikt med deres eksisterende og fremtidige planer.
- [Lenke til området i NVE Atlas.](#)



Statsforvalter informerer om at den geografiske avgrensingen av kandidatområdet strekker seg fra Lustrafjorden og Årdalsfjorden i indre Sogn og ut mot Sognesjøen. Verneforslaget skal i utgangspunktet bli avgrensa mot land ved to meters dyp ved middels lav vannstand. I utgangspunktet, dersom det ikke er spesielle verneverdier som tilsier noe annet, skal privat grunn ikke bli påvirket av verneforslaget.

▪ **Nettanlegg**

Det er flere nettanlegg som ligger ved Sognefjorden. Noen steder er det nettanlegg som ligger helt ned ved fjorden og i visse områder er det nettanlegg og sjøkabler som krysser deler av fjorden.

BKK AS, Sygnir AS, Straumnett AS, Linja AS og Breheim Nett AS eier nettanlegg som enten ligger ved fjorden og/eller krysser deler av fjorden. Sygnir AS og Straumnett AS eier sjøkabler som krysser fjorden. Det er også en transformatorstasjon eid av Sygnir AS som ligger nærme det foreslåtte marine verneområdet.

NVE er fornøyde med at Statnett SF har uttalt seg. De informerer om at de har 3 fjordkryssinger med transmisjonsnettledninger over Sognefjorden og Sogndalsfjorden. Statnett har anleggskonsesjon etter energiloven til å eie, drifte og vedlikeholde transmisjonsnettledningen, og har ervervet rettigheter til dette gjennom ekspropriasjonsskjønn og minnelige avtaler.

Vedtak av Miljødirektoratet

Statnett vil minne om at Miljødirektoratet den 04.06.2021 vedtok å gi unntak fra forurensningsloven § 32 første ledd, ved å la Statnett få ha liggende på bunnen av Sognefjorden, en line som røk under arbeid i 1967.

Spenningsoppgradering 420 kV Aurland – Sogndal og Hove Sogndal

Statnett planlegger å oppgradere 300 kV ledningen mellom Aurland og Sogndal til 420 kV. Dette vil i hovedsak skje ved at det bygges en ny ledning parallelt med den eksisterende, som kan rives etter at ny ledning er satt i drift. Samtidig skal den delen av 300 kV ledningen mellom Hove og Sogndal som ligger mellom Sogndal og Ramnaberget i Vik kommune erstattes med ny. De nye ledningene vil tidligst ferdigstilles i 2025, og de gamle blir revet de to påfølgende årene. Tiltaket krever ingen synlige endringer i Sogndal transformatorstasjon. NVE har gitt Statnett tillatelse til å oppgradere strekningen Aurland-Sogndal-Ramnaberg, og Olje-og energidepartementet har stadfestet konsesjonen. I forbindelse med spenningsoppgraderingen vil det bli tidvis mye anleggsarbeid med båter på sjø. Liner vil legges ut på vannet og det vil være mye båttrafikk med lettbåter og vaktbåter.

Statnetts merknader til verneforskriften

Statnett påpeker at verneforskriften må ivareta nødvendige hensyn til drift og utvikling av transmisjonsnettanlegg. Det er av stor betydning at det i forskriften gis et generelt unntak fra vernebestemmelsene for tiltak knyttet til drift og vedlikehold av



transmisjonsnettanlegg i verneområdet. Forskriften må gi mulighet for oppgradering og fornyelse av transmisjonsnettledninger (for eksempel heving av spenningsnivå og økning av linetversnitt). Denne typen arbeid er pågående på dette tidspunkt. Det bemerkes at Statnett benytter droner og helikopter til inspeksjon av anleggene, og at droner og helikopter også kan bli benyttet til arbeid i forbindelse med vedlikehold, feilsituasjoner eller havari. En antar at nødvendig arbeid med drone og helikopter ikke blir forbudt, evt. at det gis et generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i verneforskriften. Dette er aktiviteter som ikke er i konflikt med verneformålet. NVE støtter Statnett sine merknader til verneforskriften og ber om deres uttalelse blir tatt til etterfølge.

NVE ber om at standardbestemmelsene for nettanlegg blir inkludert i verneforskriften. Vernevedtaket bør ikke vanskeliggjøre generelt vedlikehold, inspeksjon, ombygging, drift og utbedring av feil av eksisterende og fremtidige nettkomponenter. Det foreslåtte marine verneområdet må sikre rett til drift, vedlikehold og fornying av eksisterende og fremtidig nettanlegg.

NVE forutsetter at alle berørte nettselskaper uttaler seg om eksisterende og fremtidige nettplaner i området, samt foreslår nødvendige tilpasninger i verneforskriften. Vi ber om at nettselskapene uttaler seg selv i tilfeller uten konflikt.

▪ Kraftverk

Navn på kraftverk	Kraftverkseier	Kraftverksstatus	Kommune	Lenke til konsesjonssak
Tveit vannkraftverk	Eviny Fornybar AS	I drift.	Hyllestad	
Værholm kraftverk	Småkraft AS	Planlagt/prosjektert	Høyanger	Konsesjonssak - NVE
Dyrnesli kraftverk	Vadheim Kraft AS	I drift. Det er planlagt opprusting og utvidelse av kraftverket.	Høyanger	- Konsesjonssak - NVE - Konsesjonssak - NVE - Konsesjonssak - NVE
Måren vannkraftverk	Småkraft AS	I drift.	Høyanger	Konsesjonssak - NVE
Sagelvi vannkraftverk	Småkraft AS	I drift.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Thue vannkraftverk (eller Tusselva mikrokraftverk)	Knut U. Thue	Vedtatt konsesjonsfritt.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Daleelva Småkraftverk	Dale Kraft AS / Thorsnes	Vedtatt konsesjonsfritt	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Romøyri kraftverk	Fjærland Kraft AS	I drift. Gjeldende konsesjon.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Jordal kraftverk	Fjærland Kraft AS	I drift. Gjeldende konsesjon.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE



Lidal kraftverk	Fjærland Kraft AS	I drift. Gjeldende konsesjon.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Hatlestad kraftverk	Fjærland Kraft AS	I drift. Gjeldende konsesjon.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Berge kraftverk	Fjærland Kraft AS	I drift. Gjeldende konsesjon. Vedtatt planendring i 2015.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Bjåstad kraftverk	Fjærland Kraft AS	Søkt planendring i 2012.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Leikanger kraftverk	Leikanger Kraft AS	I drift. Gjeldende konsesjon. Kraftverkstunnel som tilhører vannkraftverket som strekker seg ned mot fjorden.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Fosshagaelvi kraftverk		Planlagt/prosjektert	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Feios kraftverk	Feios Kraftverk AS	Kraftverkstunnel tilhørende Feios kraftverk som er under arbeid strekker seg ut mot fjorden. 8. mars 2013 fikk Feios Kraftverk AS tillatelse ved kongelig resolusjon til å bygge ut Feios kraftverk.	Vik	Konsesjonssak - NVE
Fardalselvi kraftverk	Sognekraft Produksjon AS	Gjeldende konsesjon.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
TVK kraftverk	Cloudberry Develop AS	Gjeldende konsesjon.	Vik	Konsesjonssak - NVE
Skjerdal kraftverk	Skjerdalselva Kraft AS	Gjeldende konsesjon.	Aurland	Konsesjonssak - NVE
Rud 3 minikraftverk	Knagenhjelm / Kaupanger Energi AS	Vedtatt konsesjonsfritt.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Rud 1 minikraftverk i Rudsbekken	Kaupanger Energi AS eller Knagenhjelm. Christen Knagenhjelm er daglig leder for	Vedtatt konsesjonsfritt.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE



	Kaupanger Energi AS.			
Kaupanger 2 kraftverk	Kaupanger Energi AS	Planlagt illustrert.	Sogndal	Konsesjonssak - NVE
Vindedal kraftverk	Vindedal Kraftverk AS	Gjeldende konsesjon.	Lærdal	Konsesjonssak - NVE
Døsen mikrokraftverk	Døsen Gard	Vedtatt konsesjonsfritt.	Luster	Konsesjonssak - NVE
Døsjagrovi kraftverk	Luster Småkraft AS	Søknad	Luster	Konsesjonssak - NVE
Kvåle kraftverk	Luster Småkraft AS	Gjeldende konsesjon. Søkt om opprustning og utvidelse. Søknad i kø.	Luster	Konsesjonssak - NVE Konsesjonssak - NVE
Mordøla kraftverk	Mordøla Kraft AS	Gjeldende konsesjon.	Luster	Konsesjonssak - NVE
Mikrokraftverk i Tverrelvi	Molland	Vedtatt konsesjonsfritt.	Luster	Konsesjonssak - NVE
Leirdøla kraftverk	Statkraft AS	Gjeldende konsesjon. Kraftverkstunnel som går ut i fjorden som tilhører Leirdøla kraftverk	Luster	Konsesjonssak - NVE
Offerdal kraftverk	Offerdal Kraftverk AS	Gjeldende konsesjon.	Årdal	Konsesjonssak - NVE

NVE ber statsforvalter å ta kontakt med berørte kraftverkseiere og be de å uttale seg hvorvidt vern kommer i konflikt med drift, vedlikehold og oppgradering av de ulike kraftverkene. Deres hensyn med tanke på konsesjonsbestemmelser, drift og vedlikehold må bli ivaretatt. Dersom det ikke forekommer noen konflikter, ber vi at de ulike kraftverkseierne presiserer dette.

Det er flere små vannkraftverk som har utløp inn i det foreslåtte verneområdet. Siden disse ikke er regulerte, vil ikke vannføringen i elvene disse er i, fravike betydelig fra det som er naturlig.

▪ **Digitalt småkraftpotensial**

Det er kartlagt flere småkraftpotensialer i området. Sammenlignet med andre konsesjonsgitte vann- og vindkraftproduksjoner, men som ikke er utbygd, regnes flere av disse småkraftpotensialene å være lønnsomme prosjekter. **Statsforvalter informerer, som tidligere nevnt, at dersom det ikke er spesielle verneverdier som tilsier noe annet, skal privat grunn ikke bli påvirket av verneforslaget. NVE anser dermed at**



grunneiere som har mulighet til å benytte seg av småkraftpotensialene ikke blir berørt av vern. Dersom dette ikke skal være tilfelle ber vi om at Statsforvalter konkretiserer dette i videre vurdering.

▪ **Annet**

Hydro Aluminium har områdekonsesjon i to små områder som ligger nærme det foreslåtte marine verneområdet da de har to fabrikker i området. Hydro Aluminium Høyanger og Hydro Aluminium AS Hydro Energi Sogn befinner seg ved Sognefjorden. Vi ber statsforvalter å sende verneforslaget til selskapene slik at de har mulighet å uttale seg om verneforslaget.

Med hilsen

Hedvig Kristoffersen
Konsulent

Godkjent av Ann Myhrer Østenby
Seksjonssjef

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakerliste:

LUSTER ENERGIVERK AS - ANDERS MOLLAND

SOGNEKRAFT PRODUKSJON AS

Hydro Aluminium AS Høyanger Metallverk

STATNETT SF

Olje- og energidepartementet

EVINY FORNYBAR AS

BKK AS

SAGE KRAFTVERK AS - ANDERS MOLLAND

SMÅKRAFT AS

STATKRAFT AS

LUSTER SMÅKRAFT AS

LUSTER SMÅKRAFT AS - ANDERS MOLLAND

VINDEDAL KRAFTVERK AS

Feios Kraftverk AS



KAUPANGER ENERGI AS
KAUPANGER ENERGI AS - NILS JOACHIM KNAGENHJELM
Døsen Gård v/Olav Døsen Andersen
Hydro Aluminium AS Hydro Energi Sogn
VADHEIM KRAFT AS
MORDØLA KRAFT AS
Offerdal Kraftverk AS
FJÆRLAND KRAFT AS
Knut U. Thue
DALE KRAFT AS
DALE KRAFT AS - Jan Thorsnes
STRAUMNETT AS
LEIKANGER KRAFT AS
CLOUDBERRY DEVELOP AS
BREHEIM NETT AS
BREHEIM NETT AS - ANDERS MOLLAND
LUSTER ENERGI AS - ANDERS MOLLAND
SYGNIR AS
LINJA AS
SKJERDALSELVA KRAFT AS

Statsforvaltaren i Vestland

sfvlpost@statsforvalteren.no

DERES REF./DATO:
/VÅR REF.:
201300140-26STED/DATO:
, 15.03.2023-- POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO-- TLF:
+47 24 06 70 00FAX:
+47 24 06 70 01-- INTERNETT:
www.statkraft.noE-POST:
post@statkraft.com

-- Org.nr.:987 059 729

**OPPSTART ARBEID MED MARINT VERN AV SOGNEFJORDEN.
MERKNAD FRA STATKRAFT ENERGI AS**

Viser til brev av 08.12.2022, ref. 2022/628, med melding om oppstart av arbeid med marint vern Sognefjorden og tilhørende utredningsprogram.

Statkraft Energi AS har flere vannkraftutbygginger langs Sognefjorden. Høyanger-, Vik- og Jostedal/Leirdøla utbyggingene.

Vannkraftproduksjon kan som kjent i noen tilfeller påvirke fjordmiljøet ved at vatn blir sluppet ut i fjorden på annet tidspunkt enn naturlig som følge av magasinering, og/eller ved at vann blir sluppet ut i en annen del av fjorden enn det som var det naturlige utløpet før reguleringen. Dette kan påvirke temperatur, omrøring, islegging, sedimenter, mm.

Det er viktig for oss at en eventuell verneplan i Sognefjorden tar hensyn til våre vannkraftanlegg, slik at drift, vedlikehold og utvikling av disse, med tilhørende reguleringsanlegg og installasjoner, ikke blir hindret av bestemmelser i verneforskriften. Herunder bør en også ta høyde for fremtidige utvidelser og ombygginger av vannkraftverkene. Ombygginger kan til eksempel medføre behov for å etablere nytt utløp til fjorden, utvidelse av kaianlegg, deponere sprengstein / fyllinger mot sjø, mv.

Vi anbefaler derfor at vannkraft blir et tema som utredes nærmere i denne verneprosessen.

Med vennlig hilsen
for Statkraft Energi AS


Svein-Arne Normann-- SAKSBEHANDLER/ADM.ENHET:
Svein-Arne Normann-- TLF./FAX:
004794836689 /-- E-POST:
Svein-Arne.Normann@statkraft.com-- SIDE:
1/1

Statsforvalteren Vestland
Adresse: sfvlpost@statsforvalteren.no

Dato 15.03.2023

Vedrørende plan for marint vern av Sognefjorden

Viser til kunngjøring av 08.12.2022 som gjelder marint vern av Sognefjorden (saksnr. 2022/628). Lenke til kunngjøringen: [Vi starter arbeidet med marint vern av Sognefjorden](#) har høringsfrist satt til 15.03.2023.

Vårt innspill i denne omgang er av mest av overordnet karakter og baseres på [Forslag til utredningsprogram, Marin verneplan for Sognefjorden](#). Der vises til at man ønsker å beskytte det undersjøiske landskapet, artene der,- men samtidig tillater næringsvirksomhet som ikke er i strid med verneformålet.

Som største oppdrettsaktør i Sognefjorden, vil et slikt planforslag naturligvis berøre vår virksomhet. Ikke bare dagens virksomhet, men også det som næringen arbeider med for fremtiden. Innenfor planområdet ligger i dag disse oppdrettslokalitetene: Skredstivik, Tveit, Bekksnes, Hjartholm og Indre Oppedal. Disse fem store og gode produksjonslokalitetene utgjør en betydelig verdiskaping, bedriftsøkonomisk så vel som samfunnsøkonomisk. Hvilket er momenter som må inngå i arbeidet med videre analyser av konsekvenser.

Tilgjengelige produksjonsareal er et viktig konkurransefortrinn for norsk oppdrettsnæring. Tilgangen på gode oppdrettslokaliteter har vært og vil fortsatt være en knapphetsfaktor i forhold til videre utvikling av den. Med videre utvikling så forstås her både en tilpasning til gjeldende rammer for tillatelser, men også justeringer som innebærer tilpasninger til fremtidige forvaltningsregimer.

Like viktig som en tydelig identifisering av næringens behov ved dagens lokaliteter (areal og biomasse), må det også fremkomme at alternative oppdrettslokaliteter ikke utelukkes. Næringens dynamiske karakter tilsier at det også i fremtiden vil være behov for forandringer. Tilsvarende, basert på modelleringer og erfaringer, må der etableres en mekanisme i verneplanen, som muliggjør etableringer av nye lokaliteter uten at verneformål eller definerte vernebestemmelser stanser det initiativet.

Som en del av tilpasning til trafikklyssystemet, så pågår det nå et arbeid i flere delområder av PO4. I Sognefjorden har næring og forvaltning igangsatt en prosess der man tar sikte på å etablere en ny produksjonsstruktur. Det gjelder ikke bare området som helhet, men også hver enkelt lokalitet gjøres vurderinger av produksjons-tilpasninger. Det konkrete utfallet av denne prosessen kjenner vi pr dag ikke til. Men når målet er forsterket fokus på bærekraftig akvakultur, så er det viktig at arbeidet med verneplan (dvs verneområder og vernegrad), ikke blir en begrensning for dette prosessmålet. Dette peker derfor også på behovet for en metode med god koordinering og tett dialog underveis.

Dispensasjon og dispensasjonsregler omtales også i utkastet, men der gis ikke detaljer. Sett hen til saker som gjelder dispensasjonssøknader fra en kommuneplans arealdel, så foreligger en restriktiv og streng praksis i Vestland fylke. Dette har påvirket og vil påvirke næringens utviklings- og tilpasningsmuligheter. En tilsvarende tilnærming når det gjelder marint verneområde i Sognefjorden, vil kunne gi ytterligere begrensninger i virksomheten.

Vi tillater oss også kommentarer av noen konkrete forhold i planprogrammet og som i sin fremstilling utgjør en uklarhet sett fra næringens ståsted. På side 32: Restriksjonsnivåer kan fremstilles på to nivåer: strengeste eller

mindre restriktive forskrifter. Forskriften for restriksjonsnivåer er gitt generelle beskrivelser og utredningsprogrammet må gis en nærmere konkretisering.

Avsnitt 3.2.4 og tilhørende tabell (s 33) som opplister «Hva vil mest sannsynlig være lov i et marint verneområde i Sognefjorden? Når det gjelder akvakultur så er det anført «Nei*». Og stjerne-tegn forklarer at «Men akvakultur kan alikevel få dispensasjon dersom tiltaket ikke er i strid med verneformålet». Et mulighetsutfall kan eksempelvis bli, dersom det ikke innvilges dispensasjon, være at dagens virksomhet ved en oppdrettslokalitet er i strid med verneformålet. Dette vil i så fall kunne få en inngripende og uheldig konsekvens. Subsidiær problemstilling vil være at en dispensasjon innvilges, men at der oppstilles driftsvilkår som vanskelig lar seg realisere. Også dette siste vil utfordre mulighetsrommet for videre akvakultur.

Forhold som ikke er vurdert nærmere og gjelder vanlig virksomhetsinnhold : Behovet for fysiske forandringer og økt MTB. Hvordan et dispensasjonskrav virker inn på fortøyningsstruktur og/eller biomasseforandringer tilknyttet dagens virksomhet kan ikke besvares ut fra planforslaget. Med dette som utgangspunkt, så gjøres en tilnærming til akvakultur som innebærer begrensninger i dag og i fremtiden.

Dette må konkretiseres og avklares i det videre planarbeidet. Næringens tilpasninger til ulike forvaltningstiltak (og lovpålegg) er en kontinuerlig prosess og slik tilpasninger må gis en fremstilling i planen.

Avsnitt 4.3.6., side 38 mv.; Akvakultur og havbeite. Der henvises til at man kan utarbeide en dispensasjons-hjemmel, men at den ikke beskrives. Videre: Hvilke typer enkelt-bestemmelser som skal legges til grunn for tillatelse til dagens virksomhet og for fremtidige forandringer, sier derfor ikke planen noe om.

Det er viktig at verneplanarbeidet reflekterer at akvakultur er en veldig viktig næring langs kysten. Konsekvenser av et vern må nøye gjennomgås av forvaltning, kommunene og næringen. Dagens akvakulturaktivitet og fremtidspotensiale i ulike områder, må reflekteres i en slik plan.

Planen er på mange områder veldig overordnet og konkretiseringer er helt nødvendig for at det skal bli en god plan. Derfor er det vanskelig å kunne se virkningen for oppdrettsnæringen når den er ganske generell.

Vi håper på en god prosess og muligheter til medvirkning i det videre planarbeidet.

Vennlig hilsen / Best regards

Arne Kvalvik

Miljø- og myndighetskontakt
Mowi ASA, Region Vest

Mobile: +47 99 22 49 94
Mail: arne.kvalvik@mowi.com
Office Ålesund: Apotekergaten 9A, 6004 Ålesund



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/23	Utval for miljø og samfunnsutvikling	16.02.2023

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 22/1027 - 3
-----------------------------	--------	------------------------------

Melding om oppstart av arbeid med marint vern av Sognefjorden og tilhørende utgreiingsprogram - innspel frå kommunen

Kort samandrag:

Lærdal kommune har motteke varsel frå Statsforvaltar i Vestland om oppstart av verneprosess for Sognefjorden. Oppstartsmeldinga er sendt alle berørde partar, som vert oppfordra til å koma med innspel til prosessen og utgreiingsprogrammet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune spelar inn til Statsforvaltar i Vestland momenta som kjem fram i vurderinga under, til det varsla vernearbeidet for Sognefjorden.

16.02.2023 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

UMS - 005/23 Vedtak

Lærdal kommune spelar inn til Statsforvaltar i Vestland momenta som kjem fram i vurderinga under, til det varsla vernearbeidet for Sognefjorden.

Relevante dokument i saka

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/sognefjorden-kandidatomrade-for-marint-vern/>

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Naturmangfaldlova § 42 og Forvaltningslova kap. VII

Saksutgreiing

i melder med dette oppstart av verneprosess for kandidatområdet Sognefjorden etter naturmangfaldlova (NML) § 42 og forvaltningslova kapittel VII. Oppstartsmeldinga blir sendt til dei berørte kommunane og aktuelle høyringspartar. Alle berørte partar blir oppmoda om å komme med innspel til oppstartsmeldinga og det tilhøyrande utgreiingsprogrammet. Arbeidet med marint vern er forankra i Stortingsmelding 14, Natur for livet (2015-2016). Statsforvaltaren i Vestland fekk i brev frå Miljødirektoratet datert 10.01.2022 i oppdrag å starte arbeidet med marint vern for kandidatområdet Sognefjorden.

Statsforvaltaren skriv blant anna følgjande:

"Sognefjorden representerer eitt av dei mest særeigne og mangfaldige undersjøiske naturområda me har i landet, den er eit eineståande naturfenomen som verdas djupaste og vår lengste fjord. Verneverdiane er knytt til den geologiske utforminga av fjorden med dei spesielle botnforholda og tilhøyrande dyreliv.

Kandidatområdet dekkjer eit areal på meir enn 250 km², og utløyser dermed krav om konsekvensutgreiing. Vi har utarbeidd eit forslag til utgreiingsprogram som syner kva tema og problemstillingar som skal greiast ut som del av konsekvensutgreiinga. Dette utgreiingsprogrammet er ein del av denne oppstartsmeldinga. Vi ber med dette om innspel til oppstartsmeldinga og utgreiingsprogrammet. Det er Miljødirektoratet som endeleg fastsett utgreiingsprogrammet som grunnlag for den vidare verneplanprosessen.

Naturmangfaldlova forankrar samarbeidsplikta vår om viktig natur, og det er viktig å ha god dialog om nye tiltak som vedkjem Sognefjorden framover. Kommunane har ei viktig rolle som planmyndigheit når nye søknadar kjem samtidig som det pågår ei utgreiing av moglege vern. Når det er kunngjort oppstart av verneprosess etter NML § 42 kan eit forvaltningsorgan, jf. NML § 44 avslå ein søknad om løyve m.v. til tiltak i område som inngår i verneforslaget. Løyve kan berre bli gitt dersom tiltaket er utan nemneverdig betydning for forslaget. Verknadane av dette er i utgangspunktet avgrensa til fire år etter at forslaget er kunngjort."

Siste avsnittet over heimlar i praksis eit tilnærma bygge- og delforbod i planområdet, frå vernearbeidet er starta opp og varsla, avgrensa til 4 år etter meldinga er sendt. For Lærdal kommune sin del, kan dette ha konsekvensar for oppstarta reguleringsplanarbeid på Grandane, for tiltak som femnar om vassareala.


Økonomiske konsekvensar

Vurdering

Administrasjonen ser svært positivt på det oppstarta vernearbeidet for Sognefjorden, og ser at utgreiingsprogrammet er omfattande og dekkande for prosessen vidare. Sognefjorden er svært viktig for spesielt naturmangfaldet i og langs fjorden, men er og viktig som ferdselsåre, for reiselivet, som friluftsliv- og rekreasjonsområde og for ressursutnytting i form av fiske. For Lærdal er kanskje Sognefjorden spesielt viktig for villaksen, og korleis villaksen har det i Sognefjorden, har mykje å seie for bestanden i Lærdalselva. Oppdrettsanlegg, då spesielt for oppdrettslaks, har store konsekvensar for villaksbestanden også heilst inst i fjordane.

Administrasjonen vil understreke viktigheita av at villaksen sitt leveområde vert styrka gjennom vernearbeidet for Sognefjorden, og at det vert sett på restriksjonar og tiltak som kan bedre levekåra for villaksen i Sognefjorden og dei anadrome lakseelvane som er knytt til fjorden.

Administrasjonen registrerer at det pågåande vernearbeidet kan ha store konsekvensar for kommunen sine utviklingsplanar for sentrumsnært fjordområde. Kommunen har over fleire år hatt planar om å utvikle/vidareutvikle båthavn, badeplassen, sikringstiltak mot havnivåstigning osv. I nokre av desse planane vil det vera naudsynt å gå utover noko fjordareal med tiltak, for å få til ynskja utvikling. Kommunen har svært lang fjordlinje, og det meste er heilt uberørt. Svært lite av kommunen si fjordlinje er bebygd eller har tiltak i eller i nærleiken, og kommunen set strandsonevernet høgt. Det er likevel slik at kommunen har setrumsnær fjordtilknytning med badeplass, camping, hotell, båthavn osv. rett ved fjorden. Området er eit svært attraktivt område, men har behov for noko modernisering og oppgradering. Kommunen er godt i gang med reguleringsplanarbeidet for dette, men ser at det oppstarta vernearbeidet kan stoppe fleire av dei tenkte tiltaka. Administrasjonen ber om at det vert vurdert mindre strengt vern rett ved sentrumsnære fjordområde, då desse områda er svært viktige utviklingsområde for kommunen for å kunne nytte fjorden som rekreasjon- og friluftsområde, ferdselsåre og i nokon former næringsområde. Det er viktig at kommunane framleis har moglegheit til å nytte og utvikle dei tettstadnære fjordområda for å utvikle gode overgangar mellom fjord og land, og for å kunne utvikle attraktive tettstadar med moglegheit for bruk og nytte av fjorden. Det er viktig at vernearbeidet ikkje set ein stoppar for utvikling av gode tettstadnære strandområder, ved å leggje for strenge restriksjonar for langt inn på grunna på slike stadar. Det vil i reguleringsplanar for slike område uansett bli lagt stor vekt på naturmangfald, landskapstilpassing osv. for eventuelle tiltak.



Til:

Statsforvalteren i Vestland (sfvlpost@statsforvalteren.no)
Njøsavegen 2, 6868 Leikanger

Fra:

Sognefjorden Vel ved Torbjørn Dale (torbjorn.dale@eninvest.net)

Høringsinnspill fra Sognefjorden Vel til: «Forslag til utgreiingsprogram Marin verneplan for Sognefjorden»

Sognefjorden Vel er svært glad for initiativet fra Statsforvalteren i 2022 (Anon. 2022 a, b) om å sette i gang en verneprosess for Sognefjorden, etter at et tilsvarende forsøk i 2010 ikke førte fram (Anon. 2010).

Hovedhensikten med utgreiingsprogrammet er å vise hvilke tema og problemstillinger som senere skal vurderes i konsekvensutredningen.

Generelle kommentarer til «Forslag til utgreiingsprogram»

Utkastet til utgreiingsprogram er et godt utgangspunkt for marin verneplan for Sognefjorden, men det er en del gjentakelser som bør vurderes fjernet for et tydeligere program.

Programmet bør ha med en noe mer omfattende skildring av Sognefjordens hydromorfologi som grunnlag for å forstå ulike påvirkninger bedre, og gjøre det lettere å diskutere og vurdere problemstillinger knyttet til f.eks. vannkraftproduksjon. Videre mener vi store tema og problemstillinger som vannkraft og dumping av sprengstein må komme tydeligere fram med egne overskrifter.

Hydromorfologisk skildring

Utkastet har spredt informasjon om de hydromorfologiske forholdene i fjorden. Dette bør samles i en generell beskrivelse, illustrert med en figur som viser fjordens morfologi med terskler og basseng. I beskrivelsen bør den generelle hydrografiske lagdelingen av fjordens vannmasser nevnes (ferskvannslag/brakkvannslag, mellomagsvann, bassengvann), med påpeking av at fjordens overflate tilføres ca. 8 km³ ferskvann årlig (nevnt side 13). Det bør også framgå at disse vannlagene har sin egen sirkulasjon (estuarin sirkulasjon i overflaten, intermediaær sirkulasjon i mellomlaget og bassengvannssirkulasjon), i tillegg til tidevannsstrømmer og vindstrømmer. På grunnlag av en hydromorfologisk definisjon kan man sannsynligvis definere Østerbøvannet som en poll, og at den derfor tilhører Sognefjorden. Det er også mulig at Finnabotn også kan defineres som en poll.

Lagdelingen og strømforholdene gjør at en nesten kan si at hvert av disse lagene lever sitt eget liv, og ulike inngrep vil derfor ha ulik effekt på de ulike vannlagene. Vannkraftutbygging vil for eksempel hovedsakelig påvirke det øverste laget, men også vannomrøring og mellomagsvannet om vinteren.

Bekrivelsen bør også få fram at elvedelta er et resultat av tilført materiale fra elver, og at det er en dynamisk likevekt mellom oppbygging og nedbrytning av delta, avhengig bl.a. av årlige tilførte masser.

Til sist bør også lysforholdene i fjorden beskrives, hvor en bl.a. får fram at den lysrike sonen med tang/tare og planteplankton er mye grunnere i fjorder med brevann (som Lustrafjorden og Fjærlandsfjorden) enn andre steder i Sognefjorden på grunn av all silt/leire som kommer fra isbreene.

Siste avsnitt i «Geologiske, fysiske og biologiske forhold» (s. 13) har noe hydromorfologiske informasjonen, men det avsnittet bør innarbeides i «Hydromorfologisk skildring». Det foreslåtte avsnittet «Hydromorfologisk skildring» bør kanskje gå inn under avsnittet «Områdeskildring» (s. 10).

Vannkraft

Til tross for at Sognefjorden er sterk påvirket av vannkraftproduksjon (Manzetti og Stenersen 2010, Opedal *et al.* 2013), er dette kun nevnt med en setning i utgreiingsprogrammet (s. 39), samt med en ukommentert figur (s. 20). I følge en bacheloroppgave (Berg *et al.* 2017, s. 95) blir nå omkring 36 % av all årsnedbør i nedbørsfeltet til Sognefjorden brukt til vannkraftproduksjon med tilhørende kraftige endringer i det sesongmessige avrenningsmønsteret. Dette påvirker fjordens hydrografiske forhold, spesielt overflatelaget som er biologisk viktig. Det er vannkraftproduksjon knyttet til magasiner som

Gjeldende verneplanlegging har vært slik at eksisterende virksomhet har fått tillatelse til å drifte på gjeldende vilkår. Selv om det i vernebestemmelsene blir åpnet for akvakultur som ikke er i strid med verneformålet, kan det lede til at det blir vanskeligere å få utslippstillatelse til endringer i akvakulturvirkosheten, også selv om endringene vil innebære en ytterligere miljøforbedring i forhold til ulike parametere, også helse- og velferdsmessige. Det vil også svekke konkurransekraften til næringen i området. En næring som i denne delen av landet allerede er under sterkt press. Anbefalingen til Stortinget fra energi- og miljøkomiteen sa i juni 2021 at marine verneplaner skal unngå vern av aktivitetstette områder, da dette vil være en klar begrensning for også etablert næringsaktivitet og utvikling av denne.

På bakgrunn av ovenstående ber vi om at følgende hensyntas i det videre arbeidet:

- Sørg for balanse mellom «bruk og vern». Hensynet til næring og bosetting skal ivaretas. Med andre ord skal vern ikke være så utstrakt at det bidrar til fraflytting og mangel på investeringslyst.
- Sårbare naturtyper skal ivaretas gjennom målrettet beskyttelse. Det vil si at er en naturtype sårbar, så vern denne, ikke hele fjorden, basert på et solid kunnskapsgrunnlag, som vi kanskje ikke har i dag.
- Dersom en naturtype er sårbar, men likevel ikke påvirkes av en aktivitet, bør ikke aktiviteten hindres eller settes begrensninger på
- Det må ligge betydelig kunnskap og oppfølging til grunn. Kunnskapsgrunnlaget er i de fleste områder mangelfull.

For mer informasjon kontakt
Krister Hoaas, Regionsjef Sjømat Norge Havbruk Vest
Tlf: 93 09 40 52
krister.hoaas@sjomatnorge.no

Fjord Forsk Sogn as
Peter Hovgaard
Rutlinslid 26
Postboks 207
6852 Sogndal

Sogndal 13.03.23

Til
Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

INNSPILL TIL OPPSTARTSMELDINGA OM MARINT VERN AV SOGNEFJORDEN

Kort om min bakgrunn:

1971: Hovedfag i marin biologi ved Universitetet i Bergen (UiB)

1972-1979: Ansatt på UiB med kartlegging av benthos, både alger og dyr i Ryfylkefjordene, en «baseline» studie i forkant av den store Ulla-Førre utbygginga av vannkraft. Arbeidet resulterte i flere rapporter om livet i fjordene fra fjæra til de største dyp.

1979-2008. Ansatt på Høgskolen i Sogndal med undervisning og forskning i marin biologi og akvakultur. Har hatt flere oppdrag fra kommuner og bedrifter om vurdering av utslipp og miljø. Innen akvakultur har jeg mange arbeider om skalldyr, resirkulering av vann i kar for landbasert lakseoppdrett, oppdrett av renseskjell for laksenæringa og dyrking av mikroalger.

2008- dd. Overtok akvastasjonen på Skjer fra høgskolen og har drevet den som et AS med produksjon av renseskjell og oppdragsforskning for produsent av fôr til laks og utvikling av resistens mot lakselus.

Et hovedområde for forskning på Skjer har vært å løse problemet med giftige alger som har vært et stort hinder for dyrking av blåskjell som ellers vokser godt her i fjorden. Vi har samarbeidet med 43 eksterne forskere fra mange land: Japan, Frankrike, New Zealand, USA, Canada, og fra Norge (Bergen, Oslo, Trondheim). Til sammen 17 skriftlige arbeider på engelsk er presentert i vitenskapelige tidsskrifter, på symposier og konferanser. I tillegg kommer et stort antall artikler i bladet Norsk Fiskeoppdrett.

Litteratur om fjorder: I tillegg til egne arbeider nevnt ovenfor har jeg en lang liste over arbeider om og fra fjordene på Vestlandet, mest fra Sognefjorden. Listen er på 130 arbeider og omfatter temaer som: Vassdragsutbyggingene sin effekt på fjorder, inklusive hydrografi, strøm og isdannelse, utslipp av industriavfall, kloakkutslipp, kommuneplaner, vannbruksplaner, dypvannsfauna og vurdering av oppdrettslokaliteter.

Vi kan bidra innen følgende tema og problemstillinger for videre utgreiing i ei KU:

Naturmiljø: Til innsamling av prøver fra fjorden disponerer vi en 30 fots båt med vinsj og 900 m vaier som kan brukes til grabbhugg og til å ta vannprøver og håvtrekk. Den er også velegnet til prøvefiske med ulike redskaper, se neste avsnitt.

Rekreasjon og friluftsliv: Det bør legges til rette for fritidsfiske og matauk med godkjente redskaper og minstemål for fisk, både laksefisk og marine arter. For at dette skal kunne realiseres må lysfisket etter brisling reguleres bedre. Med store nøter og kraftige lyskastere er det registrert mye bifangst av yngel og småfisk som ikke får vokse opp slik at den naturlige reproduksjon av fisk i fjorden ikke blir realisert. Dette har jeg grundig dokumentert i artikkelen: «Brislingfisket i fjordene er ikke bærekraftig». Kopi er sendt Statsforvalteren ved Silje Sikveland. Jeg har foreslått å frede hele eller deler av Sognefjorden for lysfiske med snurpenot i minst 10 år, parallelt med et prøvefiske for å følge utviklingen av bestandene.

Akvakultur og havbeite: Oppdrett av laks vokser og er blitt en viktig næring. Sognefjorden er fredet for oppdrett i merder innenfor Høyanger. Oppdrett av laks må derfor skje i landbaserte lukkede anlegg hvor avfallet blir samlet opp og utnyttet til bl. a. energiproduksjon og gjødsel. På Skjer har vi gjennomført et forsøk, finansiert av Forskningsrådet, med oppdrett av laks i store betong-kar. Med vann pumpet inn fra 100 m dyp i fjorden som holder 8 – 9 grader C hele året fikk vi en svært god vekst, bedre enn det som er vanlig i merder hvor temperaturene i vinterhalvåret er betydelig lavere. Varmere ressursen i dypvannet er også verdifull til energiproduksjon ved hjelp av varmepumper. På Skjer har vi også ressurser og kompetanse til oppdrett av flere arter, hvis det skulle bli aktuelt.

Vennlig hilsen

Peter Hovgaard

Daglig leder av Fjord Forsk Sogn as



KYSTVERKET

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Deres ref	Vår ref	Arkiv nr	Saksbehandler	Dato
	2022/6252-2		Håkon Aamodt	17.03.2023

Kystverkets uttale til oppstart av arbeid med marint vern Sognefjorden og tilhørende utgreiingsprogram

Vi viser til deres brev av 08.12.2022 vedrørende oppstart av arbeid med marint vern Sognefjorden og tilhørende utgreiingsprogram. Kandidatområdet har et omfang på ca. 250 km². Sognefjorden er valgt som kandidat område da den representerer en av de mest unike og særegne undersjøiske naturtypene vi har i landet og av at den er verdens dypeste fjord og lengste isfrie fjord.

Det går frem av mottatt informasjon at verneverdiene er knyttet til den geologiske utformingen av fjorden med de spesielle bunnforholdene og tilhørende dyreliv/miljøverdier.

Kystverket

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerhet og beredskap mot akutt forurensing. Sentrale mål er å bidra til effektiv sjøtrafikk, sikre trygg ferdsel og å hindre miljøskade som følge av akutt forurensing. Kystverket har det faglige ansvaret for sikkerhet og fremkommelighet i norske farvann og havner og forvalter havne- og farvannsloven med forskrifter, losloven med forskrifter mv.

Kystverket legger til rette for de som bruker sjøen eller ferdes langs kysten. Dette gjøres ved utbygging, vedlikehold og drift av infrastruktur (fiskerihavner, farleder, navigasjonsinstallasjoner mv.) og tilbyr tjenester som los- og sjøtrafikk tjenester. Kystverket deltar i nasjonal, regional og lokal samfunnsplanlegging som fagkyndig sektormyndighet.


Kystverkets innspill

Det er interessene kystverket ønsker å ivareta i forbindelse med verneprosessen for Sognefjorden:

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Ankring

Ankrings-, opplags- og riggområder er områder som dekker både nasjonale, regionale og lokale behov for sikker oppankring, og er derfor et viktig element å ivareta i plansammenheng. Det er avgjørende for sjøtrafikken å ha gode forhold for oppankring av fartøy langs kysten. Økt konkurranse om sjøarealene mellom ulike brukerinteresser har medført større behov for å sikre gode ankringsplasser. Gode/tilgjengelige ankringsplasser utgjør et viktig og nødvendig sjøsikkerhetstiltak i sammenheng med bl.a lostjenesten og virksomheten til trafikksentralene. Kystverket har kartlagt viktige ankringsplasser som ligger i tilknytning til havner og på strategiske steder langs farledene. I Sognefjorden befinner det en rekke ankringslokalteter som benyttes av fartøy blant disse også cruiseskip.


Fartøy som seiler på norskekysten vil i en rekke situasjoner ha behov for å slippe anker til bunn. Dette kan være for å hindre avdrift i uheldige situasjoner som Viking Sky hendelsen på Hustadvika 23. mars 2019, og i mindre dramatiske situasjoner. Ved anløp av kai er det også naturlig for en del fartøy å benytte anker til å manøvrere effektivt inn til kaien. Så er det for nyttefartøy viktig å ha tilgang på sikre og gode ankringsområder, gjerne nært opp til havner, dette gjelder både lastefartøy, passasjerfartøy og andre næringsfartøy. Cruisef trafikken på norskekysten er for eksempel en stor bruker av gode ankringsområder/ankringsplasser. Et forbud mot ankring i store områder vil være svært uheldig for bærekraftig, sikker og effektiv sjøtrafikk.



Figur 1: Oversikt over eksisterende ankringsområder i Sognefjorden. Disse ble kartlagt tidlig på 2000-tallet Kilde: Kystinfo

Sognefjorden er dyp, og det er få områder som har passende dybde og sediment som gir egnethet for ankring. Flere av de eksisterende ankringsområdene er ikke lenger like egnet

pga. utlegging av sjøkabler og sjøledninger, og det er derfor behov for erstatningsområder. Kystverket har arbeidet med å kartfeste nye ankringsområder fortrinnsvis i Vestland fylke. I Vestland fylke er det forslag til 28 nye ankringsområder, noen av disse befinner seg i Sognefjorden. Kystverket ser på disse ankringsplassene som viktige og forutsetter videre at disse blir sikret og opprettholdt for fremtidig bruk.



Figur 2: Oversikt over eldre og nylig kartfestede ankringsområder i Sognefjorden. Kilde: Kystverket.

Navigasjonsinstallasjoner

Innenfor foreslått verneområde er Kystverket eier og driver av flere navigasjonsinnretninger. Innretningene er etablert for å trygge ferdselen på sjø, og redusere risikoen for akutt forurensing. Det er viktig at Kystverket gis rett til å drive vedlikehold av disse for at navigasjonsinnretningene skal gi den sjøsikkerheten de er ment å gi.

Det kan oppstå behov for å endre på eksisterende navigasjonsinnretninger eller å etablere nye. Dette kan f.eks. være aktuelt for å oppnå bedre merking, merking av hindringer som ikke tidligere er merket og tilpasning til endringer i standarder for utforming av slike installasjoner. Oppdatert og god merking kan være viktig for å unngå uønskede hendelser, med de konsekvenser det kan ha for de naturverdiene som befinner seg i Sognefjorden. Det er Kystverket som i dag har ansvaret for å vurdere behovet for å etablere nye navigasjonsinnretninger i farvannet, jf. havne- og farvannsloven § 10.

Farled og ferdsel

I Sognefjorden er det registrert både hoved og bileder. Farleder er transportkorridorer med store mengder gods- og passasjertransport, som er viktige for samfunns- og næringsutvikling både lokalt og nasjonalt. Hovedleden *Holmengrå-Årdalstangen* går fra vest til øst i fjorden og ut fra den er det flere bileder som greiner ut i fjordsystemet. Kystverket ber om at det ikke settes begrensinger mot ferdsel og tilstedeværelse av fartøy i farledene i det foreslåtte marine verneområdet.

Havn

Det er etablert flere havner og kaianlegg som brukes til næringsvirksomhet og persontransport i Sognefjorden. Havner og kaianlegg er viktige bindeledd mellom land og sjø, og for person- og næringstransporten langs kysten. Sjøtransporten er avhengig av at havner er effektive og tilgjengelige for brukere som har behov for sjøtransport. I dette ligger det også et behov for areal på land, veitilknytning og manøvreringsareal i sjø. Det er en statlig målsetting at en større andel av godstransporten skal gå sjøveien. Det er derfor viktig at havnene blir hensyntatt i det videre arbeidet med marint vern.

Kystverket ber om at våre innspill tas med videre i prosessen.

Informasjon om ankringsplasser, farled, havner, sjøtrafikk m.m. er tilgjengelig ved www.kystinfo.no og <https://kystdatahuset.no/>.

Med hilsen	
Ruben Alseth fung. avdelingsleder	<i>Håkon Aamodt</i> rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

From: Bjørn Henning Hov[bjorn_hov25@hotmail.com]

Sent: 21.03.2023 23:50:33

To: Knagenhjelm, Maria[maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no]

Subject: Utsetting av frist for innspel til oppstartsmelding for Sognefjorden

Hei,

Viser til innspel til oppstartmeldinga med utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden.

Dette innspelet gjeld for bruk 58/1 på Styvi i Aurland kommune. Dette gardsbruket med tilhøyrande teigar ligg innanfor landskapvernområdet som vart oppretta i 1991. Innlemmet og seinare i Nærøyfjorden landskapområdet/ Unesco Verdsarvområdet.

Dette gardbruket er i aktivt drift med beitedyr og skjøtsel i området.

Ber om att marint vern i denne delen av Nærøyfjorden ikkje vil bli til hinder for planlagt opprustning av kaianlegg og eventuell framtidig oppgradering/utvidelse av kaianlegg - båttopptrekk m.m.

Og att det ikkje vil bli til hinder for aktiv landbruksdrift i området.

Gardsbruket ligg innanfor Styvi/Holmo landskapvernområdet som vart oppretta i 1991. Her gjeld vernegrensa 5meter ut i sjøen.

Forslag : Eventuellt marint vern bør gjelde til grensen til landskapvernområdet. Dette for å unngå fleire parter å forholde seg til og ikkje minst mindre byråkrati.

Informasjon og god dialog med grunneigarar i området er og viktig i denne prossessen.

Eventuellt marint vern bør ikkje bli for byråkratisk i forhold til allerede eksisterande "aktørar" som Aurland kommune- Nærøyfjorden verneområdestyre-Verdsarvparken - SNO m.m

Helsing

Bjørn Henning Hov

-Verdsarvbonde-

Fra: Knagenhjelm, Maria <maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no>

Sendt: onsdag 15. mars 2023 10:01

Til: bjorn_hov25@hotmail.com <bjorn_hov25@hotmail.com>

Emne: Utsetting av frist for innspel til oppstartsmelding for Sognefjorden

Hei,

Viser til hyggeleg telefonsamtale i dag, og stadfester at du får utsett frist til 22. mars for å komme med innspel til oppstartsmeldinga med utgreiingsprogram for marint vern av Sognefjorden.

Med venleg helsing

Maria C. Knagenhjelm

seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 37

Mobil: 93 66 42 56

E-post: maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl



Statsforvaltaren i Vestland

Att:

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden

Vi viser til brev datert 08.12.2022 fra Statsforvaltaren i Vestland med oppstartsmelding og utredningsprogram til marin verneplan for Sognefjorden.

Fiskeridirektoratets rolle og ansvar i verneplanprosesser

Fiskeridirektoratet er ansvarlig for forvaltningen av de levende marine ressursene, fiskerinæringen og akvakulturnæringen. Ved utarbeidelse av marine verneplaner har Fiskeridirektoratets ansvar for å ivareta sjømatnæringens interesser og se til at innføring av vern er i samsvar med sektorlovverket som Fiskeridirektoratet forvalter.

Formål med marin verneplan for Sognefjorden

Ifølge utredningsprogrammet vil formål med et marint vern i Sognefjorden trolig se slik ut:

«Føremålet med det marine verneområdet er å verne den djupaste fjorden i verda, med marin natur som grensar mot verneområde på land, og med særeigne fysiske vilkår og biologisk mangfald som følgje av den store djupna. Sognefjorden er Noregs lengste fjord og er representativ for norske fjordar, men inneheld også unike kvalitetar. Av særlege verdier kan nemnast at djupvass-artssamfunn førekjem uvanleg grunt i enkelte fjordarmar. Dei indre fjordarmene er representative for indre fjordområde med særleg tilpassa biomangfald, som til dømes lokale sildestammer. Grunne areal er spesielt verdifulle som karbonlager og økologisk funksjonsområde for m.a. fugl».

Oppstartsmelding og høring av utredningsprogram

Kandidatområdet omfatter hele Sognefjorden fra Sognesjøen i vest til de indre fjordarmene i øst. Fordi verneplanen vil dekke et areal på mer enn 250 km², utløses det krav om konsekvensutredning etter naturmangfoldloven. Det er fastsatt krav til utarbeiding av program over hvilke tema og problemstillinger som skal utredes. Statsforvaltaren i Vestland har utarbeidet forslag til utredningsprogram, og ber om Fiskeridirektoratet sine innspill til oppstartsmeldingen og utredningsprogrammet.

Innspill fra Fiskeridirektoratet

Generelt mener vi at oppstartsmeldingen og forslag til utredningsprogram er oversiktlig og gir en god beskrivelse av det geografiske planområdet, verneverdier, verneformål, rammer for arbeidet og bakgrunnsinformasjon som eksisterende vern, arealbruk og eksisterende brukerinteresser i området.

Vår vurdering er at et så bredt og oppdatert kunnskapsgrunnlag som mulig vil være avgjørende for det videre arbeidet med verneområdet, områdets størrelse, og hvilke restriksjoner det eventuelt skal være på bruk og næringsvirksomhet. Det må i løpet av prosessen klargjøres nærmere hva som vil være konsekvensene av et eventuelt vern for høstingen av marine ressurser. Fiskeridirektoratet forutsetter at det innen verneområdet kan drives med bærekraftig utnyttelse av marine ressurser som ikke er til skade for eller påvirker verneformålet. Det betyr at det både vil kunne høstes marine ressurser uten restriksjoner, og at det vil kunne være behov for ulike restriksjoner avhengig av hvordan høstemetodene vil kunne påvirke verneformålet. Prosessen videre må vurdere hvilke nærings- og høstingsaktiviteter som er uproblematisk for verneformålet, og hvilke verktøy som er mest fornuftig å bruke. Vi forutsetter at et eventuelt vern blir lagt på et nivå som ikke medfører vesentlige uønskede konsekvenser og begrensninger for utviklingen av sjømatnæringen.

Utredningsprogrammet inneholder oversikt (s. 33-34) over hva som mest sannsynlig vil være lov innenfor det marine verneområdet i Sognefjorden. Oversikten dekker de fleste typer arealbruk knyttet til akvakultur og fiskeri og vi forventer at alle tema som er med i oversikten utredes videre. Vi vil kommentere noe av innholdet i oversikten.

Akvakultur

Det er gitt tillatelse til akvakultur i sjø ved 19 forskjellige lokaliteter innenfor planområdet. Det er oppgitt at akvakultur kan få dispensasjon dersom tiltaket ikke er i strid med verneformålet. Dynamikk og teknologiutvikling som er tilstede i akvakulturnæringen tilsier at næringen vil ha fremtidige behov for endring av arealbruk dersom de skal følge utviklingen. Av hensyn til størst mulig forutsigbarhet for den tilstedeværende akvakulturnæringen, ber vi om særlig fokus på hvilke tiltak vernemyndigheten anser å være i strid med verneformålet og hva som legges til grunn for dispensasjonsspørsmål.

Fiske med snurpenot og lysfiske

Vi etterlyser fiske med snurpenot som ikke er tatt med i oversikten. Brislingfiske er beskrevet i kapittel om brukerinteresser, og er den type fiskeri som er mest vanlig og har størst betydning i Sognefjorden. Fjordfiske etter brisling foregår i all hovedsak med snurpenot, og bruk av lyskilde er vanlig. Iht. [forskrift om utøvelse av fiske i sjøen § 22 Bruk av lys i notfisket](#) er det krav til at lyskilde skal være oppankret. Vi registrerer at 'ankring' er med i oversikten, men påpeker likevel at oppankring av lysfartøy må ses i sammenheng med fiske med snurpenot.

Taretråling

I oversikten oppgis et forbud mot taretråling som naturlig fordi slik aktivitet påvirker vegetasjonen. Siden taretråling ikke foregår i Sognefjorden i dag, er dette likevel ikke en aktuell problemstilling. I spørsmål til avgrensning av verneområdet tas opp tas det opp at det kan være aktuelt å utvide planområdet mot vest. Vi gjør oppmerksom på [forskrift om høsting av tare i fylkene Rogaland og Vestland](#). Utviding av planområdet som overlapper med høstefelt for tare vil ha betydning for næringen og må derfor utredes. Tarehøstefeltene kan sees i Fiskeridirektoratet sin kartløsning [Yggdrasil](#) under tema 'Fiskerireguleringer'.



Kopi til:

Vestland Fylkeskommune
Vik Kommune
Årdal Kommune

Postboks 7900
Postboks 134
Statsråd
Evensensveg 4-6

5020 Bergen
6891 Vik I Sogn
6885 Årdalstangen



From: Anne Kristine Dyrdal[Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no]
Sent: 28.03.2023 08:36:01
To: Knagenhjelm, Maria[maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no]
Subject: Utsett frist på høyring på oppstartsmelding
Hei,

Solund kommune ynskjer ikkje å gje høyringsuttale i denne saka i denne omgang, men eg reknar med at det er høgst aktuelt ved neste korsveg. Vi vonar vi blir halde oppdatert om prosessen etter kvart som den rullar vidare.

Ha ein fin dag!

Venleg helsing
Anne Kristine Dyrdal
Rådgjevar samfunns- og næringsutvikling
Solund kommune

Tlf: + 47 57 78 62 08
Mob: + 47 91 86 20 55

solund.kommune.no

Fra: Knagenhjelm, Maria <maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 14. mars 2023 14:12
Til: Anne Kristine Dyrdal <Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no>
Emne: SV: Utsett frist på høyring på oppstartsmelding

Hei,

Takk for e-post, og vi utset med dette fristen for Solund kommune til 3. april for å kunne sende inn ein eventuell høyringsuttale til oppstarten av marint vern for Sognefjorden. Då høyrer vi i frå dykk uansett om de ønskjer å gje ei uttale eller ikkje. Har de vore i kontakt med Gulen og/eller Hyllestad i denne saka?

Ha ein fin dag, de og!
Med venleg helsing
Maria C. Knagenhjelm
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 37
Mobil: 93 66 42 56
E-post: maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvaltaren.no/vi

Frå: Anne Kristine Dyrdal <Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no>

Send: tirsdag 14. mars 2023 14:05

Til: Knagenhjelm, Maria <maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no>

Emne: Utsett frist på høyring på oppstartsmelding

Hei,

Det er uklart om Solund kommune ynskjer å gje ein høyringsuttale til oppstartsmeldinga. Det skal vere politiske møte den 23. og 30. mars i Solund, der ein eventuell høyringsuttale vert tema. Eg ber difor om utsett frist på ein eventuell høyringsuttale til 3. april. Vi vil gje tilbakemelding dersom det ikkje kjem ein uttale i denne omgang.

Ha ein fin dag!

Venleg helsing

Anne Kristine Dyrdal

Rådgjevar samfunns- og næringsutvikling

Solund kommune

Tlf: + 47 57 78 62 08

Mob: + 47 91 86 20 55

solund.kommune.no



Arkivsaksnr: 2023/2776-0

Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen

Dato: 13.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	13/23	27.03.2023

Høyringsinnspel - Nærøyfjorden landskapsvernområde - marin verneplan Sognefjorden

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre sender saksframlegget i denne saka som innspel til verneprosessen for Sognefjorden med tilhøyrande utgreiingsprogram.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.03.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre sender saksframlegget i denne saka som innspel til verneprosessen for Sognefjorden med tilhøyrande utgreiingsprogram.

Nærøyfjorden verneområdestyre er positive til eit marint vern av Sognefjorden. Verneområdestyret er av den oppfatning at det i stor grad vil kunne bidra positivt med eit marint vern til allereie verna område langsmed Sognefjorden, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden.

Nærøyfjorden er innskrevet på UNESCO si verdsarvliste som eit av dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Grunngevinga er blant anna det vakre fjordlandskapet frå fjord til fjell. Eit marint vern vil kunne vera med på å styrke verdsarvstatusen og fokuset på det marine naturmangfaldet når også fjordareala frå sjøkartnull til sjøbotnen vert verna.



I Nærøfjorden landskapsvernområde er det opning for havbeite og havbruk. Verneområdestyre ønskjer ei avklaring på kva påverknad havbeite og havbruk kan ha på marint vern. Er det foreinleg med marint vern og havbeite eller kan havbeite og havbruk påverka dei marine verneverdiane negativt?

Enkelte grunne områder i Nærøfjorden og Aurlandsfjorden kan vera av stor betydning for biologisk mangfald, difor bør dei undersøkast saman med områder der det er allereie er planlagt aktivitet.

Der marint vern fell saman med landskapsvernområde, bør det avklarast kven som har forvaltningsansvaret.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Melding om oppstart av arbeid med marint vern Sognefjorden og tilhøyrande utgreiingsprogram, *Statsforvaltaren i Vestland*, 08.12.2022.
- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 02.11.2002.

Statsforvaltaren i Vestland har sendt ut oppstartsmelding av verneprosess for Sognefjorden etter naturmangfaldlova § 42. Høyringsfrist for innspel er 15. mars 2023.

Det ligg vesentlege nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for marint vern i Sognefjorden. Innan 2020 har Noreg forplikta seg til å bevare 17 % av landareala og 10 % av sjøareala. Marint vern er samstundes sentralt for Havpanelet, der Noreg støttar eit globalt mål om å verne og beskytte 30 % av havet innan 2023.

Frå Utgreiingsprogram: Marin verneplan for Sognefjorden:

«Utgangspunktet for vern av Sognefjorden er Rådgivende utvalg for marin verneplan (Skjoldal m.fl. 2003, 2004) sitt forslag om å verne 36 område i Noreg, der Sognefjorden er eitt av desse kandidatområda. Dette utvalet vart oppnemnt i 1991. Utvalet la fram ei kartlegging av eigna marine verneområde i 1995, og ei bruttoliste over moglege kandidatområde til marin verneplan i 2001. I 2003 la utvalet fram ei førebels tilråding med forslag til område som blir tatt med i verneplanen, følgt opp av ei endeleg tilråding i 2004.

Områda blei valt ut for å dekke variasjonsbreidda og sikre representative, særreigne, sårbare og truga marine naturverdiar. Utvalet tilrådde ei verneform der ein beskyttar det undersjøiske landskapet med sitt mangfald av habitat, samstundes som ein tillèt næringsverksemd som ikkje er i strid med verneføremålet. Utvalet kom fram til at ein kombinasjon av vern og bruk er mogleg for dei fleste områda».

Vurdering

Nærøfjorden verneområdestyre er positive til eit marint vern av Sognefjorden.

Verneområdestyret er av den oppfatning at det i stor grad vil kunne bidra positivt med eit



marint vern til allereie verna område langsmed Sognefjorden, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden.

Nærøyfjorden er innskrevet på UNESCO si verdsarvliste som eit av dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Grunngevinga er blant anna det vakre fjordlandskapet frå fjord til fjell. Eit marint vern vil kunne vera med på å styrke verdsarvstatusen og fokuset på det marine naturmangfaldet når også fjordareala frå sjøkartnull til sjøbotnen vert verna.

I Nærøyfjorden landskapsvernområde er det opning for havbeite og havbruk. Verneområdestyre ønskjer ei avklaring på kva påverknad havbeite og havbruk kan ha på marint vern. Er det foreinleg med marint vern og havbeite eller kan havbeite og havbruk påverka dei marine verneverdiane negativt?

Enkelte grunne områder i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden kan vera av stor betydning for biologisk mangfald, difor bør dei undersøkast saman med områder der det er allereie er planlagt aktivitet.

Der marint vern fell saman med landskapsvernområde, bør det avklarast kven som har forvaltningsansvaret.

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Uttale på melding om oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden

Ref. brev NVE datert 15.03.2023, ref.:202222934-2 og deres ref.: 2022/628
Viser til brev om uttale på melding om oppstart av arbeid med marin verneplan for Sognefjorden og tilhørende utredningsprogram. Breheim Nett AS er områdekonsesjonær for distribusjonsnettet i Luster kommune i Vestland fylkeskommune.

Breheim Nett AS har omsøkt og i behandling hjå Kystverket 2 stk sjøkablar i Lustrafjorden. 22kV kablar frå Skjolden Cruise kai – Teigen og Teigen – Mordøla. I tillegg har Luster Energi ein eksisterande sjøkabel (fiber) frå Solvorn til Ornes i Lustrafjorden.

Verneforskrifta må ivareta nødvendige omsyn til drift og utvikling av distribusjonsnettet, lågspentnett og kommunikasjonsnettet. Det være av stor betydning at det i forskrifta gis eit generelt unntak for vernebestemmelsene for tiltak knytta til drift og vedlikehald og bygging av distribusjonsnettet, lågspentnett og kommunikasjonsnett i verneområdet.

Med helsing
Breheim Nett AS

Kim Henrik Hatlevoll
Tlf: 40232880
Epost: kim.hatlevoll@lusterenergiverk.no

Kopi: NVE



Høyanger kommune Ordføreren

Statsforvaltar i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2

6863 Leikanger
sfvlpost@statsforvalteren.no
Attn; Maria Knagenhjelm

Høyanger, 31.03.23

Innspel frå Høyanger kommune – Marint vern av Sognefjorden

Viser til melding om oppstart av arbeidet med marint vern av Sognefjorden og tilhøyrande utgreiingsprogram, og ønskjer med dette å komme med følgjande innspel og merknadar;

Høyanger kommune er positive til at det er starta eit arbeid med marint vern av Sognefjorden, og ønskjer å bidra til at Norge følgjer opp internasjonale forpliktingar. Vern av natur og biologisk mangfald er viktig for framtida og framtidige generasjonar.


Høyanger kommune meiner konsekvensutgreiing, og i den samanheng kunnskapsinnhenting, er viktig for å forstå verneverdiane, slik at ein har eit godt grunnlag for å vurdere verneomfanget, både med omsyn til innhald og geografisk avgrensing. Det er viktig at verneføremålet og dei faktiske konsekvensane av eit vern vert tydeleg beskrive i ein tidleg fase, slik at det er mogleg å komme med innspel på korleis dette kan råka andre samfunnsinteresser knytt til Sognefjorden.

Det er viktig at dei samfunnsøkonomiske interessene ved eit vern vert konsekvensvurdert. I Høyanger kommune er akvakulturnæringa viktig med fleire sysselsette og stor verdiskaping. Det må vere eit mål, i samband med marint vern av Sognefjorden, at næringa får utvikle seg innanfor ei berekraftig ramme også i framtida. Dette gjeld også andre næringar som er avhengig av å nytte Sognefjorden i samband med sin aktivitet.

I samband med oppstartsmeldinga har Osland Havbruk gitt innspel på at det vil vere uheldig om Østerbøvatnet vert verna. Høyanger kommune støttar Osland Havbruk sitt syn på dette. Vatnet er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet med blant anna kraftutbygging, vasskraftproduksjon og dumping av massar.

Høyanger kommune ber med bakgrunn i dette om at Østerbøvatnet vert teke ut av framlegg til verneområde.

Med helsing



Petter Sortland
ordfører



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/23	Formannskapet	16.03.2023
020/23	Kommunestyret	30.03.2023

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
22/444 - 23/1494	K2-K10, K2-K54	Gøran Johansen 41324293	07.03.2023

Innspel til oppstart marint vern Sognefjorden

Saka gjeld:

Statsforvaltaren i Vestland har starta arbeid med marint vern av Sognefjorden. Det vart sendt ut melding om oppstart den 08.12.22 med høyringsfrist den 15. mars 2023. Fristen er tilpassa dei einskilde kommunestyra.

Maria Knagenhjelm frå Statsforvaltaren i Vestland var innom kommunestyret og orienterte om prosessen den 09. februar 2023.

Tilråding frå kommunedirektøren:

Aurland kommune er positiv til å sikre eit betre marint miljø i Sognefjorden gjennom ein verneprosess. Kunnskapen om fjorden er liten, og økosystema er sårbare mot menneskeleg påverknad. Aurland kommune ynskjer å delta aktivt i medverknadsprosessen gjennom arbeid i referansegrupper og folkemøte. Aurland kommune støttar vidare arbeid og syner til innspel i vurderinga.

Saksframlegg

Sognefjorden er verdas djupaste og lengste isfrie fjord. Fjorden er eit eineståande geologisk fenomen, og strekk seg nesten halvvegs frå kysten og inn til grensa mot Sverige. Utkastet til utgreiings-programmet kjem med framlegg til avgrensing av eit marint verneområde, og belyser kva tema, problemstillingar og utgreiingar som trengst for å få eit godt kunnskapsgrunnlag og sikre medverknad og framdrift i prosessen.

Det er i hovudsak vegetasjonen og dyrelivet på botn og i dei frie vassmassane som er verna. Vernet vil i liten grad påverke aktivitetane til folk langs fjorden eller grunneigarar. Verneområdet startar fyst på to meters djupne under sjøkartnull. Prosessen vil likevel sjå på korleis ein løyser eit nytt vern tett inntil/inni eit eksisterande vern, for å sikre ein heilskapleg forvaltning.

Aurland hamnevesen har sendt inn eige innspel til prosessen.

Vurdering

Aurland kommune har allereie landskapsverneområde ,verdsarvområde og naturreservat innanfor kommunegrensa og det er viktig at prosessen med vern av Sognefjorden heng saman med desse.

Kommunen er òg i ein prosess med å rullere sine kommunale planverktøy, og vedtok mellom anna samfunnsdelen i desember 2022.

Kommuneplanens sin samfunnsdel

Aurland kommune vedtok sin samfunnsdel i desember 2022 kor det mellom anna står:

«Natur og miljø Store delar av arealet i Aurland er underlagt ein eller annan form for vernestatus. Fjordlandskapet er oppført på UNESCO si verdsarvliste, som ein del av Vestnorsk fjordlandskap. Både Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden og store landareal er med i dette området. I tillegg er verneplanprosess for marint vern av Sognefjorden sett i gang. Ei ny konsekvensutgreiing vil kunne bidra med ny og naudsynt kunnskap om fjorden, og bidra til betre forvaltning av ressursane frå -2 meters djup og nedover. Aurlandsfjorden er nasjonal laksefjord som fjordarm av Sognefjorden, medan Flåmselvi og Nærøydalselvi er nasjonale lakseelvar. I fjellområda har Aurland delområde i 4 forvaltningsområde for villrein. Store delar av kommunens areal er innlemma i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og i tillegg har kommunen areal innanfor Bleia-Storebotn landskapsvernområde, Hallingskarvet nasjonalpark og naturreservatane Grånosmyrane, Geitanosi, og Nordheimsdalen.»

«Det er utarbeida besøksstrategi for alle verneområda i Nærøyfjordområdet, og Vestland fylkeskommune har sett i gong eit forprosjekt for besøksforvaltning i Vestland. I tillegg har kommunen utarbeida Sti- og løypeplan og kartlagt verdifulle friluftsområde. Måla som går igjen i desse planane er å finne ein balanse mellom å ta vare på verne- og naturverdiane, gje gode opplevingar for besøkande, ivareta innbyggjarane sine behov og leggje til rette for lokal verdiskaping. Dette er også viktig for kommunen i samfunnsdelen.»

2.4 Natur- og kulturverdiane i kommunen vert forvalta og formidla på ein berekraftig måte:

f. Kommunen skal arbeide for å hindre tap av naturmangfald

g. Det skal foretakast ein gjennomgang av handlingsrom innanfor ulike verneformer og UNESCO-statusen

Tap av naturmangfald gjeld også marin natur, og tiltak for bevaring, berekraftig bruk og kunnskapsoppbygging er sentrale komponentar i ei heilskapleg havforvaltning. (meld.St.29 «Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur, 2020-2021).

Mykje av Aurlandsfjorden og store delar av Nærøyfjorden er del av Nærøyfjorden landskapsvernområde, samstundes som heile fjordsystemet i Aurland kommune er del av UNESCO sitt Vestnorske Fjordlandskap, med framifrå universale verdiar.

Handlingsrommet i dei eksisterande verneområda og verdsarvområdet må sjåast i samheng med handlingsrommet i vern av Sognefjorden.

Kommuneplanens arealdel

Aurland kommune jobbar no med rullering av arealdelen kor me har valt ut to hovudtema; bustad og næring. Målet er at mellom anna arealbruken på fjorden vert teke med ved neste

rullering, om 4 år. Men det vil vere naturleg å jobba parallelt med verneprosessen, slik at kommunen sine plandokument fungerer som relevante styringsdokument i framtida.

Medverknadsprosessen knytt til verneprosessen for Sognefjorden vil vere viktig også lokalt for Aurland kommune sin utvikling.

Nasjonal laksefjord

Villaksen er stadig trua og kom på artsdatbanken sin raudliste for fyste gong i 2021.

Verneprosessen for Sognefjorden må bidrege til at ein sikrar livet i elvane våre.

Nærøydalselva og Flåmselva er del av nasjonale laksevassdrag i den delen av Sognefjorden som er del av nasjonal laksefjord, og er særleg beskytta mot inngrep og aktivitetar i vassdraga. **Ein vernestatus vil gje ein meir føreseieleg og heilskapleg utvikling av livet på og i fjorden knytt til livet i elvane våre.**

Båthammer, reiseliv og næring knytt til fjorden

Det er viktig at eit vern ikkje lagar store utfordringar for eksisterande og framtidig skipsfart. At ein t.d ikkje trekker grensa heilt inn til hamneområda i Flåm og Gudvangen. Me notera at eksisterande faste bøyepunkt i fjorden ikkje forringar vernet.

Det ligg allereie restriksjonar på ferjer og skipsfart knytt til verdsarvstatusen, og ein marin vernestatus må sikre at eventuelle restriksjonar som skal sikre sårbare miljø er ambisiøse, men realistiske i forhold til å vidareutvikle den grøne næringa på fjorden på best mogleg måte.

Besøksstrategien for Nærøyfjorden landskapsvernområde syner mellom anna til ein stor nedgang i steinkobbekolonien, med ein reduksjon frå 119 i 2014 til 30 i 2018, og meiner at nedgangen kan ha samanheng med auka turisme på fjorden. **Ein marin verneprosess for Sognefjorden må koplast opp mot vedtekne besøksstrategiar og pågåande (besøks)forvaltningsplanarbeid.**

Det vart nemnt at eit vern kan bidra til positive ringverknader gjennom forskning som syner til at interessa for vernestatus i eit område aukar interessa blant besøkjande. Tidlegare undersøkingar knytt til verdsarvområdet støttar dette, men det er likevel viktig å lage rammer som bidreg til ein føreseieleg og berekraftig utvikling for spesielt det lokale næringslivet.

Det er viktig at eit marint vern òg syte for at staten bidreg med ekstra mildar til forskning og utvikling i fjorden, og sikrar aktive framtidige næringar som gir ein berekraftig bruk, og levedyktige økosystem. Livet i fjorden er umisseleg for å oppretthalde ein god balanse i naturen, men òg for Aurland som reiselivsdestinasjon, og dei lokale gjennom næring og rekreasjon.

Oppsummering

Aurland kommune ynskjer at prosessen kring vern av Sognefjorden tar med seg desse punkta:

- *Sikre at handlingsrommet i vern av Sognefjorden heng saman med handlingsrommet i eksisterande vern og verdsarvområde.*
- *Bidra til å koordinere med medverknadsprosessar på kommunenivå.*
- *Sikre ein meir føreseieleg og heilskapleg utvikling av fjordane saman med utfordringane knytt til elvane.*
- *Syte for ein inkluderande prosess opp mot innbyggjarar og lokalt og regionalt næringsliv.*
- *Bruke besøksstrategiar og besøksforvaltningsplanar som verktøy i prosessen.*
- *Syte for at staten bidreg med naudsynte midlar for å kartlegge særlege sårbare marine miljø, og følgje opp med midlar til tiltak.*

Uprenta vedlegg til saka:

16.03.2023 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Framlegg frå ordførar Trygve Skjerdal (Sp):

Kulepunkta under overskrifta "oppsummering" vert ein del av tilrådinga.

Framlegg frå Monica Finden (H):

Kulepunkt på slutten av saksutgreiinga vert teke inn i vedtaket.

Tillegg:

Marint vern av Sognefjorden skal ikkje setje restriksjonar i båt- og skipstrafikken.

Det skal heller ikkje setje restriksjonar i bruk og utvikling av strandsona med tanke på evt. bygging av kaianlegg, tursti m.v..

Handsaming i møte:

Arealplanleggjar Gøran Johansen var tilstades og svara på spørsmål.

Røysting:

Framlegg frå ordførar Trygve Skjerdal (Sp): samrøystes

Framlegg frå Monica Finden (H): 4 røyster for (H 1, Ap 1, Sp 2), 1 røyst mot (MdG)

Framlegg frå kommunedirektøren: samrøystes

FS-018/23 Vedtak:

Aurland kommune er positiv til å sikre eit betre marint miljø i Sognefjorden gjennom ein verneprosess. Kunnskapen om fjorden er liten, og økosystema er sårbare mot menneskeleg påverknad. Aurland kommune ynskjer å delta aktivt i medverknadsprosessen gjennom arbeid i referansegrupper og folkemøte. Aurland kommune støttar vidare arbeid og syner til innspel i vurderinga.

Kulepunkta under overskrifta "oppsummering" vert ein del av tilrådinga.

Kulepunkt på slutten av saksutgreiinga vert teke inn i vedtaket.

Tillegg:

Marint vern av Sognefjorden skal ikkje setje restriksjonar i båt- og skipstrafikken.

Det skal heller ikkje setje restriksjonar i bruk og utvikling av strandsona med tanke på evt. bygging av kaianlegg, tursti m.v..

30.03.2023 Kommunestyret

Tilleggsforslag:

Vedtak frå Formannskapet:

Aurland kommune er positiv til å sikre eit betre marint miljø i Sognefjorden gjennom ein verneprosess. Kunnskapen om fjorden er liten, og økosystema er sårbare mot menneskeleg påverknad. Aurland kommune ynskjer å delta aktivt i medverknadsprosessen gjennom arbeid i referansegrupper og folkemøte. Aurland kommune støttar vidare arbeid og syner til innspel i vurderinga.

Aurland kommune ynskjer at prosessen kring vern av Sognefjorden tar med seg desse punkta:

- Sikre at handlingsrommet i vern av Sognefjorden heng saman med handlingsrommet i

eksisterande vern og verdsarvområde.

- Bidra til å koordinere med medverknadsprosessar på kommunenivå.
- Sikre ein meir føreseieleg og heilskapleg utvikling av fjordane saman med utfordringane knytt til elvane.
- Syte for ein inkluderande prosess opp mot innbyggjarar og lokalt og regionalt næringsliv.
- Bruke besøksstrategiar og besøksforvaltningsplanar som verktøy i prosessen.
- Syte for at staten bidreg med naudsynte midlar for å kartlegge særlege sårbare marine miljø, og følgje opp med midlar til tiltak.

Marint vern av Sognefjorden skal ikkje setje restriksjonar i båt- og skipstrafikken.

Marint vern skal heller ikkje setje restriksjonar i bruk og utvikling av strandsona med tanke på evt. bygging av kaianlegg, tursti m.v..

Framlegg frå John Håland (MDG):

Stryke dei to siste setningane i vedtak frå formannskapet.

Handsaming i møte:

Røysting:

Det vart fyrst røysta over framlegg frå John Håland (MDG): 2 røyster for (MDG), og 15 røyster mot (Sp 8, H 3, Ap 4).

Så vart det røysta over framlegg frå formannskapet: samrøystes

KS-020/23 Vedtak:

Aurland kommune er positiv til å sikre eit betre marint miljø i Sognefjorden gjennom ein verneprosess. Kunnskapen om fjorden er liten, og økosystema er sårbare mot menneskeleg påverknad. Aurland kommune ynskjer å delta aktivt i medverknadsprosessen gjennom arbeid i referansegrupper og folkemøte. Aurland kommune støttar vidare arbeid og syner til innspel i vurderinga.

Aurland kommune ynskjer at prosessen kring vern av Sognefjorden tar med seg desse punkta:

- Sikre at handlingsrommet i vern av Sognefjorden heng saman med handlingsrommet i eksisterande vern og verdsarvområde.
- Bidra til å koordinere med medverknadsprosessar på kommunenivå.
- Sikre ein meir føreseieleg og heilskapleg utvikling av fjordane saman med utfordringane knytt til elvane.
- Syte for ein inkluderande prosess opp mot innbyggjarar og lokalt og regionalt næringsliv.
- Bruke besøksstrategiar og besøksforvaltningsplanar som verktøy i prosessen.
- Syte for at staten bidreg med naudsynte midlar for å kartlegge særlege sårbare marine miljø, og følgje opp med midlar til tiltak.

Marint vern av Sognefjorden skal ikkje setje restriksjonar i båt- og skipstrafikken.

Marint vern skal heller ikkje setje restriksjonar i bruk og utvikling av strandsona med tanke på evt. bygging av kaianlegg, tursti m.v..

Samrøystes

Vedlegg:

Sognefjorden_utgreiingsområde
oppstart-av-arbeid-med-marin-verneplan-for-sognefjorden
utkast-til-utgreiingsprogram---marint-vern-sognefjorden-

Innspel til oppstartsmelding for marint vern av Sognefjorden

Miljøavdelinga i Sogndal kommune ynskjer å kome med innspel på oppstartsmelding til arbeid med marint vern av Sognefjorden. Her legg me fram nokre punkt me meiner bør sjåast nærare på.

Forslag til tema som bør sjåast nærare på:

- Kartleggje marine avfallsplassar, deira påverknad på fjordmiljøet, og eventuelt oppdatere grunnforurensningsdatabasen.
- Vurdere korleis effekt oppankring av større fritidsbåtar, som til dømes yachtar, kan ha på botnforhold og sårbare økosystem i fjorden.
- Magasinerte vasskraftverk endrar den naturlege avrenninga av ferskvatn til fjorden. Vår- og høstflaumane brukast til å fylle opp vassmagasin, og sleppast ut i periodar det normalt ville vært lite avrenning. Korleis dette påverkar økologiske og hydrografiske forhold i fjorden på kort og lang sikt og bør greiast ut og ev. avbøtande tiltak, som til dømes maks utslepp vinterstid, vurderast. Dette gjeld særleg i tronge fjordarmar med magasinerte vasskraftverk.
- Vurdere ulikt vern for særleg sårbare delar av fjorden, som til dømes naturleg oksygenfattige fjordarmar som vil vere meir utsette for eutrofiering.
- Auke kunnskapen kring artsmangfaldet og økosystema i fjorden.
- Implementera overvaking av fjorden i verneplanen, både kjemisk og økologisk.
- Fleire av terskelfjordane står i fare for å ikkje nå miljømåla i vassforskrifta med t.d. moderat miljøtilstand. Presisjonen på datagrunnlaget er lågt for fleire vassførekomstar. Det bør vurderast å sjå moglegheitene for å auke kunnskapsgrunnlaget og vidare sikre at miljømåla vert nådd for alle vassførekomstane i Sognefjorden.
- Tilrettelegging for forskingsprosjekt.

Venleg helsing

Karl-Kristian Muggerud

Saksnr: 2022/97242-12**Saksbehandlar:** Eva Katrine Ritland Taule

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	72/23	12.04.2023
Fylkesutvalet	99/23	02.05.2023

Innspel til oppstart av marin verneplan for Sognefjorden

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune er positiv til oppstart av marin verneplan for Sognefjorden for å ivareta den djupaste fjorden i verda med unike verneverdiar knytt til naturmangfald og særegne fysiske vilkår.
2. Vestland fylkeskommune er positiv til at eit marint vern av Sognefjorden vil kunne bidra til å sikre landskapet og kulturminne under vatn mot inngrep og tiltak. Marint vern vil vere med på å styrke verdsarvstatusen for Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden.
3. Vestland fylkeskommune meiner det er viktig at verknader for reiseliv, landbruk, industri, samferdsel og ferjetrafikk vert utgreidd. Det er også viktig at dei samfunnsmessige verknadene av verneforslaget der konsekvensar for næringar som får avgrensing i sitt utviklingspotensiale vert vurdert med framtidige følgjer for verdiskaping, busetting og sysselsetting.
Einar Takle	Sognefjordvegen 977	5961	Brekke
Erling Terje Takle	Gamle Gjerdsvegen 24	6010	Ålesund
Herfinn Takle	Ortneset 53	5961	Brekke
Wenche Elisabeth Takle	Postboks 198	9811	Vadsø
Håvard Tveit	Ortneset 17	5961	Brekke
Rune Virkesdal	Sognefjordvegen 980	5961	Brekke
Anders Østerbø	Indre Oppedal 12	5961	Brekke
Ingebjørg Iris Oppedal Vamråk	Sørsidevegen 3934	5962	Bjordal
Randi Lise N Wergeland	Monsverket 6	5966	Eivindvik
Edvin Bjørnar Ytredal	Chr. Krohgs Gate 3	4307	Sandnes
Anne Margrete Alværn	Lavikvegen 376	6947	Lavik
Heidi Hagelin	Postboks 1, Kyrkjevegen 2 B	6856	Sogndal
Dag Ivar Brendsdal	Auklandsvegen 26	6905	Florø
Audhild J Stave Losnegard	Borgundvågvegen 67	6750	Stadlandet
Nils Magnar Feten	Granliavegen 10	6899	Balestrand
Edvard Anders Berge	Bergsvegen 154	6995	Kyrkjebø
Knut Henning Litsheim	Tronvikvegen 1	6995	Kyrkjebø
Janne Elin Osland	Bergsvegen 134	6995	Kyrkjebø
Nils Evald Loftesnes	Skogveien 8 D	1358	Jar
Morten Norheim	Hestnes 89	6869	Hafslo
Kjell Arvid Nyhus	Lustravegen 4405	6876	Skjolden
Anne Helene Bergmål	Postboks 11, Strendene 382	6887	Lærdal
Vilhelm Rumohr	Åsen 2	6855	Frønningen
ALLSTAD GRUNNEIENDOM AS	Postboks 535 Sentrum	0105	OSLO
Bård Skålnes Bjørgum	Åtnesvegen 3	5745	Aurland
Anna Elise Borlaug	Stokkavegen 3	5746	Undredal
Atle Underdal Borlaug	Stokkavegen 3	5746	Undredal
Haakon Christian Borlaug	Geir Paulsberg, Skippergata 1	1767	Halden
Ida Louise Borlaug	Frederik Stangs Gate 14 C	0272	Oslo
Astrid Breisnes	Grønlund 23	6863	Leikanger
Arild Magnar Dyrdal	Nærøyfjorden	5747	Gudvangen
Eivind Dyrdal	Hvambahlveien 13	3618	Skollenborg
Margot Malene Dyrdal	Bråtavegen 2	6854	Kaupanger
Olav Magne Dyrdal	Bakkavegen 35	5747	Gudvangen



Anja Nedberge Esbensen			
Inger Fjellkleiv	Askeladden 10	3042	Drammen
Lars Os Fjellkleiv	Doktor Hansteins Gate 8	3044	Drammen
Edvin Flåm	Undredalsvegen 81	5746	Undredal
Bjørn Einar Fossheim	Svarstad 12	6727	Bremanger
Ida Gudvangen	Aad Gjelles Gata 6	5700	Voss
Erling Hagen	Bjørgavegen 49	5745	Aurland
Lene Hagen	Nærøydalen 29	5747	Gudvangen
Idunn Synneve N Hille	Einemo 2	6887	Lærdal
Bjørn Henning Hov	Hov, Hovsvegen 53	6896	Fresvik
Mikael Hov	Hovsvegen 46	6896	Fresvik
Toril N Klevmark	Sørlivegen 15	2743	Harestua
Atle Kvam	Bjørgavegen 53	5745	Aurland
Tor Olav Kvam	Bjørgavegen 56	5745	Aurland
Milly Amanda Loftesnes	Bellsvegen 7	5745	Aurland
Anne Helene Langseth	Kyrkjevegen 2	5746	Undredal
Maren Susanne Loven	Skjerdalsvegen 42 A	5745	Aurland
Birger Olav Nedberge	Slåttegeila 12	6810	Førde
Ole Kristian Nedberge	Kreklingevegen 11	6783	Stryn
Stein Magne Nedberge	Hillegård 5	6887	Lærdal
Tove Oddny Nedberge	Toppåsveien 5	1352	Kolsås
Sindre Rogdo Nes	Bjørgavegen 54	5745	Aurland
Trygve Simlenes	Åsavegen 1244	6896	Fresvik
Liv Karin Stalheim	Bakkavegen 60	5747	Gudvangen
Svenn Vidar Stegen	Hjødna 22	5746	Undredal
Thorbjørn Lars Sund	Færdenveien 62	3514	Hønefoss
Atle Christian Terum	Killingrudalleen 70	3057	Solbergelva
Terje Thy	Skjerdalsvegen 72	5745	Aurland
Bente Torgersen	Kyrkjevegen 6	5746	Undredal
Maria Alarcon Underdal	Stokkavegen 5	5746	Undredal
Tormod Underdal	Undredalsvegen 163	5746	Undredal
Peder Olai Vindedal	Undredalsvegen 169	5746	Undredal
Oddny Bjørg D Ølmheim	Norafjordvegen 1038	6859	Slinde
Ivar Bjarne Underdal	Postboks 4	5746	Undredal
Olav Stalheim	Bakkavegen 60	5747	Gudvangen
Morten Nesbø	Vinjavegen 20	5745	Aurland
Lars Nedberge	Wilh. Wilhelmsens Vei 45 A	1362	Hosle
Per Olav Geithus	Prestgarden 28	6893	Vik I Sogn



Tove Sortevik Geithus	Prestgarden 28	6893	Vik I Sogn
Alexander Münster-Dahl	Idrettsveien 14	1358	Jar
Sevinc Lancaster Ozge	Os Design Ltd 305 Design Centre, Gb-Sw10 0Xe Chelsea Harbour London, Storbritannia		
Svenn Egil Finden	Grov 8	6893	Vik I Sogn
Lars Finden	Finnen 6	6893	Vik I Sogn
Line Mari H Münster-Dahl	Idrettsveien 14	1358	Jar



KYSTVERKET

Statsforvalteren i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref
2024/2883-8

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
20.10.2025

Kystverket - Innspel til marint vern Sognefjorden

Viser til godt og informativt møte den 22.september for referansegruppa for akvakultur, sjøfart og industri – Sognefjorden marine verneområde. Kystverket har nokre spørsmål og innspel til det vidare arbeidet.

1. Føresegner


Kjem utarbeiding av føresegn seinare, eller vert alle detaljane lagt inn i forskrifta?

2. Forbod mot langtidsoppankring av skip

Korleis vil dykk definere langtidsoppankring?

Kva er grunngevinga for forbodet mot å ankre opp skip over tid?

Det er berre registrert eitt område for langtidsoppankring (opplag) av skip i Sognefjorden, og dette området ligg inne i ankringsområdet i Vetlefjorden.




I bildet ovanfor er opplagsområdet for skip vist med svart ramme og ligg inni området for ankring med grøn ramme. Grønt skravert areal viser areal til farleia i Vetlefjorden, og den blå stipla linja viser «midstripa» til farlei nr. 2302 Vetlefjorden.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket har forståing for at marint vern skal regulere inngrep i det undersjøiske landskapet. Vi er difor spørjande til kvifor langtidsoppankring er foreslått forbode. Denne type ankring vil med sannsyn gir mindre skade på havbotn og gi færre avgassar enn fleire og hyppigare ankringar. Å ha tilgjengelege områder for opplag av skip er viktig pga. konjunktursvingingar. Skip kan bli lagt i opplag fordi dei ikkje har oppdrag, ofte på grunn av eit svakt fraktmarknad, som til dømes under korona-perioden. Disse opplagsområda blir brukt sporadisk, og skipa kan ligge i opplag over ein tidsperiode frå nokre månader til eitt/to år. Det er lagt ned betydelege verdier i sertifisering av infrastruktur for opplag i Vettlefjorden. Det er få eigna områder då ankring krev djupne under 100 meter og sjøbotn med sediment som kan halde anker, samt sjøbotn utan kablar og leidningar. Fjordarmar som Vettlefjorden er sær s eigna på grunn av låg sjøtemperatur og godt tilsig av ferskvatn (låg salinitet).

Kystverket rår til at Statsforvaltaren ikkje gir forbod mot langtidsoppankring av skip i Vettlefjorden. Konsekvensane av å ta ut dette viktige opplagsområdet i Vettlefjorden må greiast ut betre før avgjera vert tatt.


3. Vernegrensa må trekkast ut frå hamnene

Kystverket støttar Statsforvaltaren i sitt forslag om å trekke vernegrensa ut frå hamnene for å unngå konflikt med eksisterande sjønært næringsliv/industri. Dette er og viktig for å ikkje hindre framtidig utvikling. Grensa for vern inn mot hamn/kai må vurderast i kvart tilfelle på grunnlag av seglingsforhald, kaiforhold, botntopografi ol. Ikkje alle kommunar har definert arealformålet «hamneområde i sjø» i sine kommuneplanar, som kunne vore eit utgangspunkt for å vurdere vernegrensa.

Vi vil gi nokre dømer på hamner der vernegrensa må gi rom for at skipa kan segle og legge til/frå kai (manøvrere) på ein trygg og forsvarleg måte.


Årdalstangen

Vernegrensa må trekkast utanfor ankringsområdet, det vil seie at vernegrensa ikkje kan komme nærare enn omlag 650 meter ut frå kai. Det er anløp til Årdalstangen kvar veke.




Bildet ovanfor viser ankringsområdet og avstand frå kai.

Vi vel å bruke Årdalstangen som eit døme på korleis skipa brukar «hamneområdet i sjø». Årdalstangen har kai for rullande last (ro-ro kai som står for roll-on/roll-off). Skipa legg til kai med «Mediterranean mooring», som betyr at når dei legg til kai må dei først legge ut to anker før skipet bakker seg inn mot kaien og akterfortøyer.



Bildet ovenfor viser korleis skip ligg til i Årdalstangen.


Skipa som nyttar kai i Årdalstangen er 150-200 meter lange og er om lag 13 meter djupe. Dei fleste skipa inn til Årdalstangen kjem frå Høyanger.



Bildet ovenfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Høyanger


Vernegrensa må trekkast utanfor ankringsområdet. I denne hamna må skipa ha moglegheit til å bruke anker for å manøvrere til kai.



Bildet ovanfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Flåm

Vernegrensa bør trekkast utanfor ankringsområdet, og som eit minimum utanfor Fretheimsgrunnen. Det er dei største cruiseskipa som seglar inn til Flåm, med skipslengd over 340 meter og djupne 10 meter.



Bildet ovanfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Skjolden Cruisekai

Vernegrensa må trekkast ut slik at dei største cruiseskipa med lengde over 340 meter og djupne 10 meter kan manøvrere trygt til kai.



Bildet ovanfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Vik i Sogn

Vik kan ta imot dei største cruiseskip med skipslengd over 340 meter og djupne 10 meter. Alle skipa nyttar ankringsområdet og bruker mindre båtar (tendrar) passasjerane inn til Vik sentrum. Vernegrensa bør trekkast utanfor ankringsområdet.



Bildet ovanfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Fjærland


Fjærland tar imot store cruiseskip og yachtar som normalt legg seg til anker i ankringsområdet og tendrar passasjerane inn til land med mindre båtar. Vanleg skipsstørrelse på cruiseskipa her er 230 meter lengde og djupne 8 meter.



Bildet ovanfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Gudvangen


Gudvangen kan ta imot store cruiseskip på om lag 210 meters lengde og 8,5 meter djupne. Cruiseskipa i Gudvangen stansar i ankringsområdet, nokre nyttar anker og nokon drifter (ligg i ro utan å bruker anker). Passasjerane vert frakta i mindre båtar inn til Gudvangen. Cruisehamna er mindre brukt dei seinare år. Hamna blir mest brukt til ferje og fartøy som lastar stein med skipslengd rundt 100 meter.



Bildet ovanfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Havyard Leirvik AS


Vernegrensa må trekast i dialog med verftet. Aktivitet: service og nybygging av større skip. Døme på skip til kai: 138 meter lengde og djupne 8 meter



Bildet ovenfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

Listraumen

Vernegrensa må trekast ut fra hamn i dialog med Veidekke Industrier. Døme på skip til kai: 117 meter lengde og djupne 7 meter




Bildet ovenfor viser kommuneplanen sin arealdel, ankringsområde og hamn.

4. Andre innspel

Sognefjorden blir, på grunn av si store djupne, brukt til testing av utstyr frå offshorefartøy/spesialfartøy. Det bør kartleggast i kor stor grad vern av Sognefjorden rører ved denne aktiviteten.

Kystverket vil minne om hamnene er viktige for industri- og næringsutvikling og kan bli bidrag til grøn omstilling og nye arbeidsplassar. Det er naudsynt med tilstrekkeleg og egna areal til utvikling av hamnene og logistikken rundt hamnene.



Bildet til venstre viser sporing av skip med ankomst til norske hamner langs Norskekysten. Bilde til høgre viser sporing av skip for Vestland. Kjelde: AIS-linjer, Martraf, Godstransport og utenriksferger 2024.

Hamner inngår i forsvar- og beredskapen, samt er viktige i logistikknettverket og forsyningstryggleiken.

Kystverket ønsker å bidra til kunnskapsgrunnlag og bistår gjerne i arbeidet. Som ein start viser til vår kartdatabase Kystinfo¹ og tall og statistikk Kystdatahuset².

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ <https://kystinfo.no>

² <https://kystdatahuset.no/>

Eksterne kopimottakere:
maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no



Uttalelse fra Nettverk fjord- og kystkommuner:

Vi ikke trenger egne regimer for vern av kysten

Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK) mener at det ikke innføres egne regimer for vern av kysten, og at en bærekraftig forvaltning av Norges sjøområder må skje gjennom Plan- og bygningsloven.

Fortellingen om havet er uløselig knyttet til fortellingen om Norge. Gjennom århundrer med liv og bosetting langs verdens nest lengste kystlinje, har tilgangen til havet lagt det avgjørende grunnlaget for vår nasjonale velstand. Kysten er en del av vår felles identitet og helt avgjørende for vårt livsgrunnlag.

Kysten skal brukes med respekt, fornuft og omtanke. Vi er helt avhengige av at kysten forblir en ressurs, et næringsareal og en del av hverdagen for alle som bor og arbeider her.

Vi vet av erfaring at utslipp og inngrep må reguleres klokt og effektivt. Dette har kommunene allerede systemer og instanser for, og om nødvendig må disse styrkes og lovverket spisses.

NFKK mener primært at en bærekraftig forvaltning av Norges sjøområder må skje gjennom plan- og bygningsloven framfor gjennom marint vern. Loven gir gode muligheter til å balansere vern og vekst på en bærekraftig måte, og samtidig ivareta både lokalt selvstyre og nasjonale føringer:

«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser...»

Plan og bygningsloven kap.1, § 1-1.Lovens formål

Marint vern må ikke skape avstand mellom folk og kyst. Kommunene må tas med i arbeidet for å balansere lokale hensyn opp mot nasjonale målsetninger, og NFKK forventer at kommunene skal være en aktiv part i utarbeidelsen av nye verneområder.

Vi frykter at vern kan hindre positiv utvikling basert på våre naturgitte forutsetninger, og i stedet skape økonomiske og sosiale utfordringer i kystkommunene. Mange opplever at forslag til verneplaner ikke reelt vurderer avveiningene mellom samfunnsutvikling, bosetting og verdiskaping på den ene siden, og uklare effekter av vern på den andre.

NFKK mener det ikke er behov for egne verneregimer. Vi frykter et nytt nivå av statlig styring som legger seg over eksisterende, velfungerende lovverk. Dette vil føre til mer byråkrati, lengre saksbehandling og strengere regler for utvikling og verdiskaping i kystkommunene.

18. november 2024

Til:

Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Statsforvaltaren i Vestland

UTTALE VEDTEKE AV NATURVERNFORBUNDET SITT LANDSMØTE

Landsmøtet til Naturvernforbundet vedtok 10. november 2024 følgjande uttale:

Vern av Sognefjorden – vår verdsarv og vårt ansvar for framtida

Naturvernforbundet krev at Sognefjorden vert verna. Både kommunane langs fjorden og staten tek sitt ansvar for å sørge for at dette vernet vert vedteke og gjennomført. Å verne Sognefjorden er kritisk for å ta vare på det unike naturmangfaldet til fjorden og for å sikre at sårbare marine økosystem får den nødvendige beskyttelsen.

Sognefjorden er ein av dei mest kjende fjordane i verda og representerer noko av det vakraste og mest verdifulle vi har i Noreg. Fjorden huser sårbare økosystem, som tareskog, ålegrasenger og gyteområde for fiskeslag som torsk og sei. Desse økosystema er avgjerande for å oppretthalde det biologiske mangfaldet i fjorden og verdien det har.

I tillegg til å vere eit biologisk skattekammer er Sognefjorden også ein viktig del av kulturarva vår. I tusenvis av år har fjorden vore livsnerven for lokalsamfunna langs kysten og har forma både samfunn og landskap. Å verne Sognefjorden handlar ikkje berre om å beskytte eit geografisk område – det handlar om å ta vare på eit samspel mellom natur og menneske, ein del av vår felles arv og historie. Eit marint vern av Sognefjorden vil vere eit viktig steg for å sikre både naturmangfaldet og miljøet. Samstundes kan det bli ei suksesshistorie for Noreg, der vi viser ansvar og respekt for internasjonale avtalar og forpliktingar. Dette vernet kan vise at vi kan ta leiarrolla i å beskytte sårbare område og kan inspirere andre nasjonar til å gjere det same. Noreg kan vise at langsiktig vern er mogleg.

Andre stader i landet, som i Sunnfjord og Førdefjorden, har naturen blitt ofra for kortsiktig økonomisk vinning. Desse områda burde stå som ei påminning om kva som skjer når naturverdiane ikkje blir prioritert. Sognefjorden kan bli symbolet på noko anna – ei moglegheit til å gjere det rette og setje eit eksempel for framtida.

Vi i Naturvernforbundet krev at Sognefjorden vert verna, og at både kommunane og staten aktivt støttar dette vernet. Førre-var-prinsippet, slik det er forankra i naturmangfaldlova, må liggje til grunn. Fjorden er uerstatteleg, og verninga vil sikre at både naturressursane og kulturarven blir bevart for generasjonar framover.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet



Truls Gulowsen
leiar

Kopi til:

Solund kommune

Gulen kommune

Hyllestad kommune

Høyanger kommune

Vik kommune

Sogndal kommune

Aurland kommune

Lærdal kommune

Årdal kommune

Luster kommune

Vestland fylkeskommune



Høyanger kommune Ordføraren

Statsforvaltar i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
Att; Maria Knagenhjelm

Høyanger, 07.10.25

Marint Vern av Sognefjorden – uttale frå kommunane

I Sogn er Sognefjorden noko av det viktigaste vi har. Fjorden er ferdselsåra, ein transportveg for det vi produserer, og er ein del av matsikkerheita i regionen og landet.. Vidare er Sognefjorden ein verdsattraksjon, og ikkje minst eit stykke uerstatteleg natur.

Fjorden er vår felles identitet og den er avgjerande for vår eksistens.

Difor blir vi både glade og skeptiske når det er snakk om å verne fjorden.

Ingen må seie at vi ikkje skal ta vare på fjorden!

Fjorden må respekterast, og brukast med forstand og varsemd. Men fjorden må òg kunne brukast. Vi er heilt avhengige av at fjorden framleis vert ein del av vår ressurstilgang, og vårt næringsareal. Vi kan difor ikkje gå med på at eit marint vern skaper avstand mellom folk og fjord.

Vi veit frå andre fjordar at vi må vere meir medviten kring menneskeleg påverknad enn det vi var tidlegare. Utslepp og inngrep må regulerast klokt og handfast. Dette har vi allereie gode system og instansar for i dag. Om naudsynt må desse styrkast, og lovverket spissast.

Det vi ikkje ynskjer, er eit nytt nivå av statleg formynderi. Eit nytt regelverk som legg seg over eit allereie godt fungerande regelverk. Vi fryktar dette vil skape meir kompliserte prosessar, ei lengre og tyngre sakshandsaming, og eit strengare lovverk knytt til kva utvikling vi skal ha lov å ha i kommunane langs fjorden.

Vi må kunne lite på den forvaltninga vi alt har, og om naudsynt styrke denne i fellesskap.

Slik vi les framlegget til verneplan så kan vi ikkje sjå at planen føreteik ei reell avveging mellom samfunnsutvikling, busetnad og verdiskaping i 8 distriktskommunar langs fjorden på ei side, og uklære effektar av vern på den andre sida. Vi fryktar og at eit vern vil hindre ei positiv utvikling basert på våre naturgjevne tilhøve, og heller føre til økonomiske og sosiale utfordringar i kommunane langs fjorden.

Vi oppmodar difor sterkt om at det ikkje blir pålagt eit eige regime for vern av fjorden, men at fjorden sitt beste blir ivareteke av stat, fylke, direktorat og tilsyn, i tett samarbeid med kommunane og innbyggjarane langs fjorden.

Denne uttalen er ført i pennen av ordfører i Høyanger, og signert av 8 ordførarar langs Sognefjorden;

Kjell Eide (s.)	ordfører i Hyllestad kommune
May-Lynn Osland (s.)	ordfører i Gulen kommune
Petter Sortland (s.)	ordfører i Høyanger kommune
Roy Egil Stadheim (s.)	ordfører i Vik kommune
Stig Ove Ølmheim (s.)	ordfører i Sogndal kommune
Christian Sønsteli (s.)	ordfører i Årdal kommune
Audun Mo (s.)	ordfører i Lærdal kommune
Kjell Bøe Bjørgum (s.)	ordfører i Aurland kommune



Høyanger kommune

Eining plan og forvaltning

Statsforvaltaren i Vestland v/Maria Knagenhjelm

Saksnr.
22/496

Dok-ID
26/1984

Arkivkode
K19

Sakshandsamar
SYV


Dato:
11.02.2026

Justering av framlegg til vernegrense i Høyangsfjorden

Høyanger kommune viser til utkast til forslag om Sognefjorden marine verneområde som no ligg føre, og ønskjer med dette å be om at marin vernegrense (raud linje) i Høyangsfjorden vert justert slik at det er i tråd med intensjonane om å følgje kommunen sitt arealplankart.

I framlegg til kommuneplanen sin arealdel har Høyanger kommune lagt inn utviding av næringsområde i sjø i Høyangsfjorden. Slik framlegget til marin vernegrense er avgrensa per i dag (raud linje), kjem vernegrensa i konflikt med fyllingsfot i sjø knytt til det føreslegne næringsområdet.

Høyanger kommune ber difor om at utkast til framlegg til marin vernegrense vert justert i tråd med skisse nedanfor, før dokumentet vert sendt på høyring og slik at det er samsvar mellom framlegg til verneavgrensinga og framlegg til utviding av næringsområde i sjø i kommuneplanen sin arealdel.



Om spørsmål ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Postadr.:
Postboks 159
6991 Høyanger

Besøksadr.:
6993 Høyanger

Telefon:
57 71 15 00

Bankgiro:
3705 24 53640
Org.nr. 944439838

E post:
postmottak@hoyanger.kommune.no
www.hoyanger.kommune.no

Synne Vefring
einingsleiar plan, prosjekt og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent dersom det ikkje er signert

Kopi til:
Petter Sortland
Ørjan Haram

Fra: Oddvar Hatlem[oddvar.hatlem@online.no]
Sendt: 14.04.2026 10:07:04
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Innspel til vern av areal i Lifjorden/Risnesstraumen.

Hei.

Viser til dykkar utkast til vern av areal knytta til vår gard, Gnr: 46 Bnr: 1, i Hyllestad kommune.

Sjå vedlegg, kartskisse.

Har fylgjande innspel som berører vår gard.

Merknad 1:

Her manglar slippen tilhøyrande reiskapshus og bu i Verpet.

Dette er hovedslippen på garden og heilt nødvendig for drifta av gardsturisme.

Ber dykk få denne registrert i planverket. Den vart etablert rundt 1950, kanskje før.

Merknad 2:

Innafor eksisterande reguleringsplan i Risnesstraumen for utleigehytter/gardsturisme, har vi planar om ei utleige hytte til . sjå kart.

I forbindelse med denne må det leggst ut ei lita flytebrygge for tilkomst til planlagt bygg.

Ber dykk ta planlagt flytebrygge og gangveg frå denne og opp på land med i dykkar plan.

Håpar fredningsplanen ikkje set stoppar for utviklinga og levebrødet på garden, og vonar de kan ta desse merknadane med dykk i det vidare arbeidet.

Ynskjer bekrefting på motteke innspel.

Beste helsing



Hatlems Hytter

Marit og Oddvar Hatlem.

Lifjordvegen 805

6957 Hyllestad.

Mob: 95253943



Merknader til verning av Sognefjorden.

Gardsnr. 6, bruksnr 3

Som eigar av eigendom med stradlinje i Aurlandsfjorden er eg sterkt imort verning av fjorden.

Min eigendom er særst berørt av verningen som vil innebære verning opptil flo nivået, som er midt inne på parkeringsplassen.

De skrive så fint om søkje dispensasjon for ulike tiltak på eigendomen, noko me veit ikkje vil verte godkjent av Statsforvaltar.

Med helsing

Ingrid Gjerløw
Skjerdalsvegen 56
5745 Aurland

Fra: Ingrid Gjerløw[ingrid@thevikingshop.no]
Sendt: 13.04.2026 20:54:02
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Merknader til verning av Sognefjorden

Mvh Ingrid Gjerløw

.....
Tlf +47 95 97 21 33
ingrid@thevikingshop.no

Fra: rhuns@online.no[rhuns@online.no]

Sendt: 01.04.2026 15:31:12

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Kopi: arthurhunshamar@gmail.com[arthurhunshamar@gmail.com];

Tittel: Innspill fra grunneier Arthur Hunshamar - Forslag til vern av Sognefjorden marine verneområdet. Deres ref. 2022/628

Hei

Sender dette vedlegget på vegen av min far, Arthur Hunshamar, som også er kopimottaker av denne eposten.

Vennlig hilsen

Rune Hunshamar

|

Innspill fra grunneier Arthur Hunshamar
– Melding om forslag til vern av Sognefjorden marine verneområde

Til:

Statsforvaltaren i Vestland
Miljø- og klimaavdelinga

Deres ref: 2022/628

Fra:

Arthur Hunshamar
Buskerudveien 219F
3027 Drammen

Dato: 1. april 2026

Om: Melding om forslag til vern av Sognefjorden marine verneområde – innspill fra grunneier - Ekjastrondsvegen 15, gnr. 102./bnr. 9, i Luster kommune

Vi viser til brev fra Statsforvaltaren i Vestland om *melding til grunneier – forslag til vern av Sognefjorden marine verneområde av 20-03-2026*, og takker for muligheten til å komme med tidlige innspill i prosessen.

Vi er positive til formålet med vern av Sognefjorden og ser behovet for å sikre viktige marine naturverdier. Samtidig ønsker vi å gi et konkret og saklig innspill knyttet til vår eiendom og et behov for å kunne etablere et funksjonelt naust i strandsonen.

1. Om eiendommen og eksisterende situasjon

Vi er grunneiere av eiendom Strandheim, Ekjastrondsvegen 15, gnr. 102./bnr. 9, i Luster kommune. På eiendommen finnes et eldre naust som opprinnelig lå i direkte tilknytning til sjøen og som i lang tid har vært benyttet som del av tradisjonell bruk av eiendommen.

Som følge av utfylling og terrengendringer foretatt av kommunen over tid (anslagsvis de siste 40–50 årene), ligger naustet i dag om lag 50 meter fra dagens strandlinje. Utfyllingen er ikke foretatt av oss som grunneiere, men er resultat av offentlige tiltak i området.

Denne endringen har medført at det eksisterende naustet i praksis har mistet sin funksjon knyttet til sjøadkomst og bruk.

2. Planer om nytt naust i strandkanten

Vi vurderer derfor å søke om tillatelse til å etablere et nytt, mindre naust i nær tilknytning til dagens sjøkant, som erstatning for den tapte funksjonen. Et eventuelt nytt naust vil være:

- av tradisjonell utforming og begrenset størrelse
- tilpasset landskap og eksisterende bebyggelse
- lokalisert i et område som allerede er sterkt påvirket av tidligere utfylling og inngrep

Tiltaket er ment å gjenopprette en tidligere og lovlig bruk, ikke å etablere ny eller utvidet privatisering av strandsonen.

3. Forholdet til foreslått marint vern

Vi registrerer at det foreslåtte marine verneområdet i hovedsak er et habitatvern rettet mot sjøbunn og vannsøyle, og at vernegrensen i utgangspunktet foreslås å gå opp til flo-mål. Vi merker oss også at Statsforvaltaren har lagt vekt på å redusere negative konsekvenser for eksisterende bruk og infrastruktur gjennom tilpasninger i vernegrenser og vernebestemmelser.

Vårt innspill gjelder et tiltak i land–sjø-overgangen, i et område som allerede er vesentlig endret av tidligere inngrep. Vi mener derfor at et eventuelt naust i denne sammenheng ikke vil være i strid med verneformålet, forutsatt skånsom plassering og utforming.

4. Vårt konkrete innspill til verneprosessen

På denne bakgrunn ber vi om at Statsforvaltaren i det videre arbeidet med verneforslaget:

- tar hensyn til eiendommer der tidligere kommunale utfyllinger har medført tap av funksjonell strandsone
- vurderer å trekke vernegrensen noe tilbake på slike steder, der dette er faglig forsvarlig
- alternativt tydeliggjør i verneforskriften at etablering av naust som erstatter tapt, historisk og lovlig funksjon kan vurderes tillatt eller gis dispensasjon, når tiltaket ikke strider mot verneformålet

Vi mener dette vil bidra til en balansert løsning som ivaretar både viktige marine naturverdier og rimelige, stedstilpassede hensyn til grunneiere som er berørt av tidligere offentlige inngrep.

5. Avslutning

Vi setter pris på muligheten til å komme med innspill tidlig i prosessen, og vil også vurdere å komme med merknader i den formelle høringsperioden.


Vi stiller gjerne til dialog dersom Statsforvaltaren ønsker nærmere redegjørelse for forholdene på eiendommen.

Med vennlig hilsen

Arthur Hunshamar

Tlf. 92289178

arthurhunshamar@gmail.com



Foreslåtte grenser markert med raud strek

23.03.2026

Til Statsforvaltaren i Vestland

Innspel til forslag om vern av Sognefjorden – eigedom gnr/bnr 150/1, Vik kommune

Eg viser til melding om forslag til marint vern av Sognefjorden, datert 20.03.2026, og vil med dette kome med merknader knytt til min eigedom.

1. For omfattande avgrensing av verneområdet

Det føreslåtte vernet går opp til flo-målet på heile min eigedom. Etter mi vurdering er dette ei for vid avgrensing som i for stor grad avgrensar bruk og drift av eigedomen, og som ikkje er tilstrekkeleg grunngeve ut frå dei dokumenterte naturverdiane i området.

Eg har lagt ved kart der eg foreslår ei justert vernegrense (markert med raud linje).

2. Avgrensa naturverdi

Kunnskapsgrunnlaget viser at naturtypen på staden er vurdert til lokal verdi (C-verdi), og omfattar eit mindre areal. Det er ikkje registrert særskilde eller sjeldne artar.

På denne bakgrunnen framstår det som uforholdsmessig å inkludere større delar av eigedomen i eit marint verneområde.

3. Behov for vedlikehald og tryggleik i vassdrag

Eigedomen grensar til elv med periodar med stor vassføring. Elva fører med seg massar som vert avsette i utløpet. For å hindre at elva endrar løp og forårsakar skade på eigedom og nærliggande areal, er det nødvendig med jamleg oppfølging og vedlikehald av elveløpet.

Eit vern som avgrensar moglegheita for slike tiltak vil kunne få negative konsekvensar for tryggleik og skadeførebygging.

4. Infrastruktur i området

Det kan vere behov for tiltak i sjø knytt til vassforsyning til eigedomen, inkludert vedlikehald og eventuell fornying. Det er viktig at eit eventuelt vern ikkje skapar avgrensingar eller usikkerheit knytt til nødvendig vedlikehald.

Det er også, slik eg kjenner til, landtak for fiber tilhøyrande Telenor i området. Dette understrekar behovet for at teknisk infrastruktur kan driftast og vedlikehaldast utan unødig restriksjonar.

5. Konflikt med vedteken arealplan

Eigedommen inngår i ein vedteken utbyggingsplan for småbåthamn og fritidsbustader/naust i Fresvik, vedteken av Vik kommune.

Planen legg til rette for utvikling i strandsona, inkludert småbåtanlegg og utleigeeiningar. Det føreslåtte vernet kjem i direkte konflikt med denne vedtekne arealbruken og vil i praksis kunne hindre gjennomføring av planen.

6. Allereie påverka område

Området er ikkje urørt natur, men er påverka av tidlegare bruk og inngrep over lang tid. Dette bør tilleggjast vekt i vurderinga av behovet for vern.

Arealet ved elveutløpet har i tillegg endra seg som følgje av naturlege prosessar. Det har vore undersøiske ras i området, mellom anna i 2014 og 2019, som førte til at delar av arealet mot sjø ved elva rasa ut. Dette viser at området er utsett for kontinuerlege endringar og ikkje framstår som eit stabilt naturareal.

7. Forslag til justering

Eg ber om at vernegrensa vert justert i tråd med vedlagde kart, slik at ho ikkje omfattar eigedommen i den utstrekning som no er føreslått.

Oppsummering

Samla sett meiner eg at det føreslåtte vernet er for omfattande sett i forhold til dokumenterte naturverdiar, og at det i for stor grad grip inn i eksisterande bruk, nødvendig vedlikehald, teknisk infrastruktur og vedtekne planar.

Eg ber difor om at vernegrensa vert justert.

Med helsing
Bjørnar Øyri

Eigar gr/br 150/1

Fra: Bjørnar Øyri[bjoernaroy@gmail.com]
Sendt: 23.03.2026 08:51:32
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Gr/Br 150/1: Innspel vern Sognefjorden

Hei,
vedr forsalg til vern i Sognefjorden er det vedlagt merknader knytt til foreslåtte vern som berører min eigendom med Gr/Br 150/1, Fresvik.

Ber om bekreftelse på at epost er mottatt.

Om noko er uklart så ta gjerne kontakt.

Mvh
Bjørnar Øyri
47653606

Fra: Svein Losnedal[svein.losnedal@statnett.no]
Sendt: 15.04.2026 09:35:36
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Innspill til verneforslag ref 2022/628

Viser til mottatte brev av 20.03.2026 til grunneiere langs Sognefjorden.

Jeg er grunneier på Gnr. 63/Bnr. 1 på Losna i Solund. På min eiendom er hele tilgjengelige sjølinjen foreslått vernet opp til flo-målet. Av sjølinjen på ca. 560 m foreslås 35 m av sjølinjen foran naustet justert som vist på vedlagte tegning (blå strek) og fjernes fra verneområdet.



Grunnen er at elva ved flom fører med seg steiner og annen masse som det er nødvendig å rydde i sjøkanten for å komme til med båt. Det er også nødvendig å rydde tang og tare ved båtstøene.

To eiendommer benytter området nedenfor naustet for tilkomst med båt. Eiendommene har ingen veiforbindelse og skal disse eiendommene kunne tas vare på er man avhengig av båttransport og mulighet for landgang på en trygg måte, noe som betyr mindre tilpasninger i sjøkanten. Det er ikke anlagt brygge på eiendommen.

Det er også planer for gjenreising av naustet og det vil medføre endring av båttopptrekk, noe som iflg. verneforslaget ikke er sikkert vil bli godkjent.

Verneforslag til flo-målet i hele sjølinjen til eiendommen er meget inngripende, skaper stor usikkerhet og medfører urimelige konsekvenser for tilkomst og dermed bruk av

eiendommene. Vi har i alle år forsøkt å holde eiendommen i mest mulig original stand med minst mulige naturinngrep noe vi har tenkt å fortsette med uavhengig av et fredningsvedtak. Men fredning til flo-målet legger for store restriksjoner på fremtidig bruk av strandsonen og samsvarer ikke med at "*privat grunn ikke omfattes av forslaget*".

Mitt forslag er at verneområdet ved naustet avgrenses av blå strek og krav om flo-målet fjernes fra sjøkant merket med oransje strek.

Vennlig hilsen

Svein Losnedal

M +4791638899

"This email with attachments is solely for the use of the individual or entity to which it is addressed. It may contain confidential or privileged information. If you are not the addressee, please notify the sender and delete this message and all attachments from your files."

Fra: Jan Kristoffer Gulbrandsen[jankristofferg@gmail.com]
Sendt: 24.03.2026 16:29:43
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Maritim verneplan Sandviken /Hotlao 76/3 og 6 i Gaupnefjorden.

Hei!

Som grunneiere vi vil først si at vi er **svært positive** til utvidet maritimt vern til flomålet i Sandviken Hotla Grnr:76 bnr:3/6 i Gaupnefjorden.

Føre vi uttaler oss i en offentlig høring, så vil vi gjerne bringe på banen et par ting.

1. Utvidet vernesone mot Øst (se vedlagt kart, merket rødt)

Det vi lokalt kan se, er at det er veldig mye aktivitet av ulike fuglearter noe lengre ut enn forslaget foreslår.

Vi tror verneområdet med fordel kan trekkes enda lengre øst og et godt stykke forbi Helvetseberget, da vi også kan se at det er sandbanker videre forbi dette punktet. Dere kan iallfall gå til vår eiendomsgrense tar slutt, om ikke lenger.

Her er det også ettertraktede fiskeplasser, noe som kanskje kan tilsi at de anadrome fiskeartene sluser inn her for videre å gå opp i Josta og Engjadaleselva. Ei utvida utvida fredning sone for fisk

hadde også vært på sin plass, da denne nå først begynner ved brygga i Sandviken/Hotla.

2. Fløtning av tømmer fra Dalaskog i Marifjøra

Vi er jo nye eiere av Hotla siden Desember 2025.

Byggene på gården og spesielt Steinfjøsene, er et svært viktig kulturminne, med stor grad av autensitet, Byggene trenger sårt vedlikehold, etter bevaringsprinsipper som er bygningene verdig.

I den forbindelse har vi plan på å hogge tømmer i Dalaskogen (Marifjøra) og fløte tømmeret over fjorden til Hotla fjordsag.

Dette prosjektet er todelt, det ene er at dette er et komplett industrielt kulturminne og en kultur som er i ferd med å forsvinne i Luster og Sogn.

Det andre er at tømmeret blir vasket ut for sukkerarter i ytveden, noe som gjør at det blir mindre attraktivt for skadeinsekter og råte sopper. Det antas at fjordvannet med høyere saltinnhold vil forsterke effekten. Dette er nærmest en glemt kunnskap som vi må ta opp igjen, som er svært viktig for istandsettingen av verneverdige bygg i hele området.

Det betyr at vi i noen grad kommer til å ta opp tømmer fra fjorden ved saga, for videreføring.

Tror ikke det skaper konflikt med verneforslaget, da det blir i beskjedent omfang, men det må nevnes, for så å finne tidspunkter som er minst skadelige for et kommende vern.

Dette ønsker vi dialog om, og kom gjerne på befaring for å se på ovennevnte område.

Mvh Oddrun Kristine Høgi og Jan Kristoffer Gulbrandsen.



0 20 40 60m
 Målestokk 1: 4000 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 23.03.2026 15:45
 Eiendomsdata verifisert: 23.03.2026 15:29

GÅRDSKART 4644-76/3/0
 Tilknyttede grunneiendommer:
 76/3/0



NIBIO
 NORSK INSTITUTT FOR
 BIOØKONOMI

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajournføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressurgrensler

□ Eiendomsgrensler

● Driftssenterpunkt

Fra: Ingrid og Ole Morten[sjotungard@outlook.com]

Sendt: 23.03.2026 10:08:47

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Tittel: Tilbakemelding frå grunneigar - Sognefjorden marine verneområde, sak 2022/628

Hei

Viser til brev om forslag til Sognefjorden marine verneområde.

Me er positive til at vår eigedom i Solvorn, Hamnen (gards- og bruksnummer 172/1 i Luster kommune), vert inkludert i det marine verneområdet. Vernegrensa må gjerne gå opp til flo-målet langs heile vår eigedom.

Me vil gjere merksame på at Hamnen ligg inne med forslag om småbåthamn i kommuneplanen sin arealdel, som no er ute på høyring. Dette er imot vår vilje, og me håpar Statsforvaltaren vil reise motsegn mot tiltaket. Til info er høyringsfristen for KPA i Luster 1.mai

Med vennleg helsing

Ingrid Fraas og Ole Morten Mjelstad

Fra: Karin Vikane[karin.vikane@gmail.com]
Sendt: 25.03.2026 21:27:35
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Vedk. Forslag til vern av Sognefjorden marine verneområde ref. 2022/628 av 20.03.2026

Til

Statsforvaltaren i Vestland
E-post: sfvlpost@statsforvalteren.no

Vedk. Forslag til vern av Sognefjorden marine verneområde ref. 2022/628 av 20.03.2026

Eg viser til varsel om planlagt vern av strandlinja på min eigedom/-ar.

Eg har forståing for behovet for å ta vare på viktige marine naturtypar som oppvekstområde, deltaområde og sjøgrasenger.

Samstundes ønskjer eg å be om nærare dokumentasjon og vurdering knytt til det konkrete området som omfattar min eigedom/-ar.

1. Kva eigedomar gnr./bnr. som eg eig, er omfatta av dykkar framlegg til vern?

Kva eigedomar som eg eig, gnr./bnr. er omfatta av dykkar framlegg til vern? Eg ber om at det blir lagt fram konkrete kart som viser dykkar framlegg som omfattar vern på mine eigedomar gnr./bnr., ikkje berre henvisingar til kart.

2. Dokumentasjon av naturverdiar

Eg ber om at det blir lagt fram konkret fagleg dokumentasjon som viser at det finst slike naturtypar som til dømes sjøgrasenger eller viktige oppvekstområde, innanfor det aktuelle området på min eigedom. Eg ønskjer òg informasjon om kartleggingstidspunkt og metode.

3. Avgrensing av verneområde

Eg stiller spørsmål ved at vernegrensa blir sett innanfor privat eigedomsgrense, og spesielt ved fastsettinga til to meter under sjøkartnull og opp til flo-målet. Eg ber om ei grunngeving for kvifor akkurat denne avgrensinga er valt, og om det er vurdert alternative avgrensingar som i mindre grad grip inn i privat eigedom.

4. Forholdsmessigheit og konsekvensar

Eg ber òg om ei utgreiing for kva konkrete restriksjonar eit eventuelt vern vil medføre for bruken av eigedomen/-ane, og korleis dette vil påverke eksisterande og framtidig bruk. Vidare ønskjer eg informasjon om det er vurdert mindre inngripande tiltak. Etter mi vurdering må tiltaket vere forholdsmessig, og det bør dokumenterast at nytteverdien av vernet

overstig ulempene for grunneigar.

5. Eventuell kompensasjon

Dersom vernet medfører økonomiske eller praktiske ulemper, og/eller medfører avgrensingar i eksisterande og framtidig bruk av eigedomen/-ane, ber eg om informasjon om rettar til erstatning eller kompensasjon.

Eg ber om at desse forholda blir grundig vurderte før det blir fatta vedtak i saka.

Eg er open for dialog og ønskjer å finne ei løysing som både tek vare på naturomsyn og mine rettar som grunneigar.

Sogndal 25.03.2026

Med venleg helsing

Karin Vikane



Naturbase faktaark

Naturtyper

Utskriftsdato: 20.03.2026

Øyri i Fresvik

ID	BN00042745
Naturtype	Strandeng og strandsump
Utforming	Semi-naturlig strandeng
Verdi	Lokalt viktig
Utvalgt naturtype	-
Registreringsdato	27.07.1999
Hevdstatus	-
Forvaltningsplan	Nei
Forvaltningsavtale	Nei
Forvaltningsavtale Inngått	-
Forvaltningsavtale utløper	-
Verdi begrunnelse	Lokaliteten omfattar berre ein liten rest av deltaet her, som nok heller ikkje i utgangspunktet har vore særleg stort. Likevel kan de vere verd å ta vare på lokaliteten, sjølv om det ikkje er registrert uvanlege artar her. Verdien er heilt lokal (C-verdi).
Innledning	Lokaliteten er registrert i samband med førstegongskartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 i Vik kommune (Bøthun & Gjelland 2005, lok. 5 i Gaarder & Fjeldstad 2014). Omtalen er litt redigert og supplert av Fylkesmannen, i samband med ein gjennomgang av naturtypelokalitetar i Naturbase i 2019.

Beliggenhet og naturgrunnlag	Lokaliteten ligg på vestsida av utløpet av Fresvikelva til fjorden. Den grensar mot forbygd elvekant i aust og mot fulldyrka mari i sør (inst).
Naturtyper og utforminger	Lokaliteten kan truleg registrerast som seminaturleg strandeng.
Artsmangfold	Registrerte artar: gråor, engsmelle, gåsemure, tiriltunge, blåklokke, ryllik, gulmaure, engkvein og engrapp.
Påvirkning	Elva er forbygd og truleg er det litt utfylt og planert i bakkant i samband med oppdyrking. Kanskje ligg også delar av lokaliteten på fylling, men dette er usikkert.
Fremmede arter	Ikkje registrert.
Råd om skjøtsel og hensyn	Det beste for naturverdiane vil vere å unngå ytterlegare inngrep i lokaliteten.
Landskap	Ikkje vurdert.
Nøyaktighetsklasse	<20 m
Areal fra kartobjekt (daa)	2,1
Kommuner	4639 (Vik)
Kilder	Gaarder, G. & Fjeldstad, H. 2014. Naturtypekartlegging i Vik kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2014-7. 31 s. + vedlegg. ISBN 978-82-8138-693-8. Bøthun, M. & Gjelland, Å. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald i Vik kommune. Førebels rapport, april 2005. Med tilhøyrande faktaark. Hauge, L. 1990. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Vik kommune. HSF, Kulturlandskap i Sogn og Fjordane - bruk og vern, rapport nr. 10

